

«...Og alt som kjem ut av det er forhåpentlegvis positivt»

Ein kvalitativ studie av ungdom og unge vaksne sine erfaringar i interreligiøs dialog



Kjersti Siem

Masteroppgåve i religionsvitenskap

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, UiB

Våren 2015



## Takk!

Å skrive masteroppgåve har vore ein intens prosess. Det har vore så mange og lange dagar på lesesalen, at skilnad på helg og kvardag har vorte viska ut for lengst. Men på trass av dette, har eg jammen ikkje hatt det så verst. Dette er utelukkande på grunn av den flotte gjengen på lesesalen. Dykkar selskap har definitivt gjort sveitte brunostskiver og tam Lipton-te mange hakk trivelegare. Ei særskild takk må gjevast til medstudentane på kullet mitt: Silje, Armin, Aina, Nora og Siw-Anita. I 2 år har me delt opp- og nedturar saman. Takk for 2 supre år!

Eg må sjølv sagt også takke dei 8 informantane mine, som alle har brukt av si tid til å fortelje meg om deira opplevingar av interreligiøs dialog. Utan dykk hadde aldri denne oppgåva vorte til!

Rettleiaren min, Marie von der Lippe, har vore gull verd i denne prosessen. Tusen takk for gode innspel og nyttige råd, og at du alltid har vore tilgjengeleg for frustrasjon og spørsmål. Av deg har eg lært mykje, og utan di hjelp hadde nok ikkje dette gått.

Dette har vore litt av eit familieprosjekt, der både mamma, pappa, søster og bror har måtte lese både eitt og to oppgåveutkast. Tusen takk for at de har hjelpt minstemann med å komme i mål med oppgåva.

Takk, Vivian Sollid og Siri Margrethe Kleppe, for ekstra rettleatingshjelp og korrektur.

Og sist, men ikkje minst, tusen takk til dei flotte venene mine som har måtte forholde seg til avlyste avtalar og mas om skrivesperre og manglande søvn dei siste månadane – Takk for at me framleis er vener også etter 15.mai!

Bergen, mai 2015.



# Innholdsfortegnelse

<b>1. FORSKINGSSPØRSMÅL OG HISTORISK KONTEKST .....</b>	<b>1</b>
1.1 DET RELIGIØSE NOREG: EIN HISTORISK KONTEKST.....	3
1.1.1 <i>Religion og livssyn i Oslo.....</i>	4
1.2 Å VERE RELIGIØS I DAGENS NOREG .....	5
1.3 OPPGÅVA SIN VIDARE STRUKTUR.....	6
<b>2. TEORI OG TIDLEGARE FORSKING.....</b>	<b>8</b>
2.1. DIALOGOMGREPET .....	8
2.1.1 <i>Typar dialog.....</i>	10
2.1.2 <i>Interreligiøs dialog i Noreg: Tendensar.....</i>	10
2.2 TILNÄRMING TIL INTERRELIGIØS DIALOG .....	12
2.2.1 <i>Sekularitet – eit premiss for dialogen?.....</i>	13
2.3 OPPGÅVA SI TEORETISKE TILNÄRMING.....	15
2.3.1 <i>Motivasjon .....</i>	15
2.3.2 <i>Erfaring og utfordring.....</i>	16
2.4 EIT TEORETISK PERSPEKTIV: STIGMA.....	16
2.5 OPPSUMMERING.....	18
<b>3. METODE OG MATERIALE.....</b>	<b>19</b>
3.1 KVALITATIV FORSKING .....	19
3.2 DELTAKANDE OBSERVASJON .....	19
3.2.1 <i>Å delta som forskar.....</i>	20
3.3 KVALITATIVT INTERVJU.....	21
3.3.1 <i>Utvikling av intervjuguide .....</i>	21
3.3.2 <i>Frå lyd til tekst.....</i>	22
3.3.3 <i>Å få kontakt med informantar .....</i>	23
3.4 FORSKINGSETIKK .....	24
3.4.1 <i>Anonymisering .....</i>	25
3.4.2 <i>Forskaren si rolle .....</i>	26
3.4.3 <i>Forskar eller ven? .....</i>	27
3.4.4 <i>Sensitiv informasjon .....</i>	27
3.5 INFORMANTANE .....	28
3.5.1 <i>Informantane sine eigeninteresser .....</i>	28
3.5.2 <i>Presentasjon av informantane .....</i>	28
3.5.2.1 <i>Dialog på Tvers .....</i>	29
3.5.2.2 <i>Unge Møter .....</i>	30

3.6 OPPSUMMERING.....	31
<b>4. KVA MOTIVERER? .....</b>	<b>33</b>
4.1 MOTIVASJON .....	33
4.1.1 <i>Insetiv for deltaking</i> .....	34
4.1.1.1 <i>Ganske tilfeldig</i> .....	35
4.1.1.2 <i>Å verte forstått</i> .....	37
4.1.1.3 <i>Å knyte kontaktar</i> .....	40
4.1.1.4 <i>Respons på terror</i> .....	42
4.1.1.5 <i>Idealisme</i> .....	42
4.2 «Å VERE RELIGIOS I NOREG, DET ER UTANFOR NORMA» .....	44
4.2.1 <i>Diskreditert og potensielt diskreditert</i> .....	45
4.2.2 « <i>Fint å ha ein plass å snakke om det</i> » .....	48
4.3 OPPSUMMERING.....	50
<b>5. ERFARING – MØTET MED DEN ANDRE.....</b>	<b>52</b>
5.1 «DIALOG ER IKKJE FOR ALLE» .....	52
5.1.1 « <i>Meir dialog i skulen</i> ».....	55
5.2 «MØTET GJORDE MEG STERKARE I TRUA» .....	57
5.3 «MÅLET ER IKKJE Å VERTE SAMDE, MEN Å LÆRE AV KVARANDRE».....	62
5.3.1 <i>Effekten av å lære</i> .....	65
5.4 OPPSUMMERING.....	67
<b>6. UTFORDRINGAR.....</b>	<b>69</b>
6.1. PRAKTISKE UTFORDRINGAR .....	69
6.2 Å KOMME I KRAFT AV SEG SJØLV ELLER Å REPRESENTERE SITT TRUS- ELLER LIVSSYNSSAMFUNN .....	72
6.3 Å SNAKKE OM DEI VANSKELEGE TINGA.....	75
6.3.1 <i>Eit døme: Midtausten-konflikten</i> .....	78
6.4 OPPSUMMERING.....	82
<b>7. AVSLUTNING.....</b>	<b>84</b>
<b>LITTERATURLISTE.....</b>	<b>89</b>
<b>ABSTRACT.....</b>	<b>95</b>
<b>VEDLEGG 1: TEMAGUIDE .....</b>	<b>96</b>
<b>VEDLEGG 2: INFORMASJONSSKRIV.....</b>	<b>97</b>



## 1. Forskingsspørsmål og historisk kontekst

Framveksten av interreligiøs dialog, heng i hop med det aukande mangfaldet av religionar og livssyn som finst i det globaliserte samfunnet (Leirvik, 2010:7). Menneske med ulik religions- og livssynsbakgrunn kjem i større grad enn før i kontakt med kvarandre, både gjennom migrasjon, men også gjennom den nye kommunikasjonsteknologien. I eit samfunn der det finst fleire ulikskapar, vil det gjerne oppstå fleire konfliktar, både i større og mindre skala. Bruk av interreligiøs dialog er eit forsøk på å førebyggje slike konfliktar, gjennom «vegar til sameksistens mellom folk som trur og tenkjer ulikt» (Leirvik, 2010:8). Dette kan ein også sjå uttrykk for i den auka politiske interessa for dialog i nyare tid. Eit fokus har vore korleis ein dialog kan brukast til å kjempe mot radikalisering og ekstremisme. Eit resultat av denne prosessen er regjeringa sin «Handlingsplan mot radikalisering og voldelig ekstremisme» (2014). Her vart det framheva at fleire radikale miljø i stor grad vender seg mot unge menneske, og at ungdom slik sett er i risikosona for å verte radikaliserte. I handlingsplanen vart det lagt fram fleire tiltak for å førebyggje og hindre radikalisering og valdeleg ekstremisme. Eit av desse tiltaka var å arrangere dialogkonferansar for ungdom, der ungdommar med ulik bakgrunn kan møtast for å snakke om tema knytt til dette. Her vart kunnskap og informasjon framheva som ein viktig føresetnad for å utvikle tiltak som kan avverje slike handlingar (Handlingsplan mot radikalisering og voldelig ekstremisme, 2014).

I denne masteroppgåva ønskjer eg å kaste lys over ungdommar og unge vaksne si deltaking i organisert interreligiøs dialog. Utgangspunktet for dette forskingsprosjektet har vore deltakarar frå to religion- og livssyndialogorganisasjonar med base i Oslo. Desse vert kalla «Unge Møter» og «Dialog på Tvers<sup>1</sup>», og er begge organisasjonar retta mot ungdom og unge vaksne. Mellom anna Inge Eidsvåg, lektor ved Nansenskolen<sup>2</sup>, har trekt fram at ein veikskap ved mykje av dialogarbeidet som har vore gjort tidlegare, har vore at unge menneske ikkje har vore aktive og delteke (2009:23).

«De er oppvokst i en flerreligiøs hovedstad, men unge i Oslo blir stadig mer skeptiske til religiøse uttrykk i det offentlige rom», lydde det i Vårt Land i oktober i fjor (Bøe & Arnesen, 13.10.2014). Høvet for overskrifta var resultata frå eit forskingsprosjekt blant elevar i den vidaregåande skulen i Oslo og Akershus, gjennomført av Stiftelsen Kirkeforskning (KIFO). Eit av resultata frå undersøkinga, var at religionsfridom til dels vart møtt med

<sup>1</sup> I høve Norsk Samfunnsvitskapleg Datateneste sine retningslinjer, er namna på desse organisasjonane fiktive for at informantane skal kunne vere anonyme.

<sup>2</sup> Nansenskolen, eller Norsk Humanistisk Akademi, er eit frittståande akademi og ein frilynt folkehøgskule på Lillehammer. Skulen er ein studiestad for vaksne med ulik politisk, religiøs og kulturell bakgrunn, og har drive med mykje arbeid for å fremje dialog på tvers av kulturar og religion.

skepsis, og at denne fridommen stod svakare enn andre sivile og politiske rettar (Botvar, 2014:56). Mange opplevde resultatet frå KIFO-undersøkinga som overraskande, då ein hadde sett føre seg at unge i Oslo var meir tolerante enn i resten av landet, sidan dei vaks opp i ein multikulturell kvardag (Bøe & Arnesen, 13.10.2014).

I den interreligiøse dialogen kjem menneske frå ulike religionar og livssyn saman for å samtale om tematikk som angår dei. I dag finst det fleire typar organisert dialog, både når det kjem til type, kva bakgrunn ein har, osb. Unge Møter og Dialog på Tvers arrangerer ulike typar dialogmøte, alt frå «å berre snakke saman», til å møtast i ulike gudshus, eller å møtast over ein middag. Gjennom desse dialogmøta møtast deltakarane andlet til andlet for å verte kjende, og få kunnskap både om kvarandre og korleis ein praktiserer religionen eller livssynet sitt. Unge Møter og Dialog på Tvers har mellom anna vorte danna for å gje ungdom og unge vaksne eit talerøyr, slik at dei også skal verte høyrd i dialogen. Dei to organisasjonane har mellom anna som utgangspunkt at dei er eit motsvar til religiøs radikalisering eller ekstremisme. Det vert difor viktig å engasjere unge menneske inn i dialogen, då ungdom kan vere spesielt utsatt for påverknad frå slike miljø.

Med utgangspunkt i informantane sine eigne erfaringar ønskjer eg å gje ei auka forståing av korleis ungdommar og unge vaksne opplever å delta i interreligiøs dialog, kva forventingar dei har til dialogen, og korleis dei meiner at desse vert innfridde. Problemstillinga for denne oppgåva er:

- Korleis reflekterer ungdommar og unge vaksne rundt bruk av organisert interreligiøs dialog i Noreg, og kva er viktige faktorar for eiga deltaking?

Dette er ei vid problemstilling. Eg har difor løyst ho ved å ta utgangspunkt i tre delproblemstillingar:

- Kva motiverer ungdommar og unge vaksne til å delta?
- Korleis reflekterer dei kring eigne erfaringar?
- Kva utfordringar opplever dei gjennom å delta?

Implisitt i desse delproblemstillingane ligg det at det er deltaking og erfaringar i organisert interreligiøs dialog det er snakk om. For å svare på desse problemstillingane, har eg teke utgangspunkt i åtte ungdommar og unge vaksne sine opplevingar. Eit framtredande fokus i den norske forskinga som har vore gjort på interreligiøs dialog tidegare, har vore på dialogen

mellan muslimar og kristne. I dette arbeidet har fokuset derimot vore på ungdom og unge vaksne med ulik religiøs og livssynsmessig bakgrunn. Det er heller ikkje meg kjend at det har vore gjort mykje arbeid med særskild fokus på ungdom og unge vaksne si deltaking. Slik håper eg at dette prosjektet kan bidra med ny innsikt til feltet interreligiøs dialog.

## 1.1 Det religiøse Noreg: Ein historisk kontekst

Då Noreg fekk grunnlov i 1814, vart det stadfesta at den evangelisk-lutherske kristendommen skulle vere staten sin offentlege religion. Munkar, jesuittar og jødar fekk forbod mot å i det heile tatt opphalde seg i landet (Oftestad, Rasmussen & Schumacher, 2005:181) Det var heller ikkje naudsynlegvis slik at det å vere kristen var greitt. Før konventikkelpakaten vart oppheva i 1842, kunne også kristne som sverga til den lutherske kristendommen verte sendte i fengsel. Konventikkelpakaten av 1741 forbaud lekmenn å halde religiøse møte utan samtykke eller at ein sokneprest var tilstades. Særleg kjende er haugianarane, ei lekemannsrørsle med utgangspunkt i Hans Nielsen Hauge si forkynning, som kjempa for retten til å halde slike konventiklar (Oftestad, Rasmussen & Schumacher, 2005:173–177). I 1845 vart dissenterlova vedteke. Dette innebar at kristne trussamfunn kunne organisere seg som frie kyrkjelydar, og alle kristne kunne foreta offentleg religionsutøving «innenfor ærbarhetens grenser» (Oftestad, Rasmussen & Schumacher, 2005:191–192). Som resultat av ein lang kamp, blant anna fronta av kjende kulturpersonar i samtida (som Henrik Wergeland og Bjørnstjerne Bjørnson), vart jødeforbodet oppheva i 1851. Men på trass av dette, var kristendommen likevel einderådande i Noreg fram til Det Mosaiske Trussamfunn vart oppretta i 1892 (Leirvik, 2010:11).

Ikkje før i 1964 vedtok Stortinget å innføre fri religionsutøving i Noreg. No kunne kven som helst fritt praktisere den religionen eller livssynet dei ville. Likevel var det i realiteten fram til 1970-talet berre Det Mosaiske Trussamfunn (1892), Bahai-samfunnet (1948), og Human-Etisk Forbund (1956) som fanst som organiserte alternativ til den Den norske kyrkja og andre kristne frikyrkjer. Men, på grunn av arbeidsinnvandring på 70-talet, byrja dette biletet og endre seg (Eidsvåg, 2009:15). No kom det menneske frå andre land til Noreg for å jobbe, og med denne arbeidsinnvandringa kom også familiesameiningar og familievekst hjå innvandrarane (Leirvik, 2010:15).

Frå 1980- og 1990-talet av merka ein at religions- og livssynspluralismen hadde fått rotfeste i Noreg (Leirvik, 2010:15). Knut A. Jacobsen skil mellom religionspluralitet og fleirreligiøst samfunn (2009:13). Han peikar på at religionspluralitet i Noreg som sådan

egentleg ikkje var eit nytt fenomen på denne tida; variasjonane i religiøst liv har vore større enn det ein har gått utifrå tidlegare. Men Noreg som fleirreligiøst samfunn skuldast i stor grad denne arbeidsinnvandringa. I den lova om trussamfunn som gjeld i Noreg i dag, får alle trussamfunn statsstøtte i samsvar med medlemstalet deira. På denne måten ser ein at religion og livssyn er ein del av dei goda som velferdsstaten garanterer for, og at dette bidreg til eit blømande organisasjonsliv blant ulike religionar og livssyn i Noreg (Jacobsen, 2009:14–15).

### 1.1.1 Religion og livssyn i Oslo

Med den aukande religion- og livssynspluralismen, tek det religiøse landskapet nye former. Særleg i dei større byane har ein fått merke dette mangfaldet. Oslo kan trekkjast fram som særleg pluralistisk. Dette heng mellom anna saman med at 32 prosent (ved inngangen av 2015)<sup>3</sup> i hovudstaden er innvandrarar eller er norskfødde med innvandrarforeldre. Desse har og difor gjerne tilknyting til andre trussamfunn enn Den norske kyrkja. På grunn av meir religion- og livssynspluralitet, er det også større tilbod av dialogverksemder for ungdom og unge vaksne i Oslo enn i andre byar i Noreg. Difor har organisasjonar med base i Oslo vorte utgangspunkt for dette forskingsprosjektet. Informantane i dette prosjektet er ikkje naudsynleg fødde og oppvaksne i Oslo, men har til felles at alle er busette der no.

Tal frå 2011 viser at 59,6 prosent av innbyggjarane i Oslo var medlemmar av Den norske kyrkja, noko som er lågare enn resten av landet. Det vert vist til at dette heng i hop med innvandring og fleirkulturalitet, og at medlemstalet i Den norske kyrkja vil halde fram med å synke parallelt med auka innvandring og folkevekst (Botvar & Urstad, 2012:82). I Oslo er det ein større del som er medlemmar i andre religionar, livssyn og kyrkjesamfunn enn i resten av landet. Ein ser mellom anna at på landsbasis var om lag 10 prosent av folket medlemmar i andre trus- eller livssynssamfunn enn Den norske kyrkja, medan prosenttalet i Oslo låg på ca. 20. Her høyrer mesteparten til islam, medan andre kristne trussamfunn følgjer hakk i hel (Taule, 2013).<sup>4</sup>

Det må likevel trekkjast fram at undersøkingane ikkje kan gje eit klårt og eintydig svar på religiøsitet blant innbyggjarane i Oslo. Desse viser berre talet på menneske som er registrerte i trussamfunn, og ikkje kven som faktisk reknar seg som religiøse. Ein kan difor gå utifrå at det til dømes finst fleire muslimar enn det som er medlemmar i muslimske trussamfunn (Sultan, 2012:175).

<sup>3</sup> Jamfør Statistisk sentralbyrå: <http://www.ssb.no/innvbef/>.

<sup>4</sup> Av i alt 118 000 medlemmar i andre trus- og livssynssamfunn enn Den norsk kyrkja, var 48 000 medlemmar i eit islamsk samfunn. 44 100 var medlemmar i eit anna kristne trussamfunn.

## 1.2 Å vere religiøs i dagens Noreg

Korleis opplever ungdom det å vere religiøse i dagens Noreg? I denne oppgåva har eg intervjuat åtte ungdommar/unge vaksne, som alle har til felles at dei regelmessig deltek på aktivitetar knytt til deira tru eller livssyn. Dette skil dei frå ein gjennomgåande tendens i Noreg, der det viser seg at religion ikkje er noko som interesserer eller opptek ungdom flest i særleg stor grad. I forbindelse med eit større europeisk prosjekt<sup>5</sup> vart om lag 700 elevar mellom 14 og 16 år frå Oslo og fire store byar på Vestlandet intervjuat om religion og religionsundervising. I resultata frå undersøkinga kom det fram den største delen av elevane oppfatta religion som lite viktig eller av lita interesse, og at fleirtalet heller ikkje oppfatta seg som religiøse. Her vart det likevel peika på at for eit mindretal var religion veldig viktig (Skeie & von der Lippe, 2009:269–271, 297–300).

Våren 2014 vart den tidlegare nemnte KIFO-undersøkinga gjennomført blant unge mellom 16 og 19 år i Oslo og Akershus. Her kom det fram at ca. 20 prosent av dei unge hadde eit personleg forhold til Gud. 16 prosent bad til Gud minst ein gong i månaden, medan 11 prosent deltok i kollektive religiøse ritual minst éin gong i månaden (Botvar, 2014:54). At religionsfridom til dels vart møtt med skepsis, og at denne fridommen stod svakare enn andre sivile og politiske rettar, foreslår Botvar kan vere grunna i kontroversar i Oslo knytt til religion i det offentlege rom, og at ungdom i Oslo-området er meir sekulære enn i resten av landet (2014:52–56). Botvar hevdar på bakgrunn av denne studien at det er lite som tyder på at sekulariserte unge er i ferd med å utvikle toleranse overfor religiøse uttrykk i det offentlege rom.

Det vert ofte trekt fram at Europa utmerkar seg som spesielt sekulært i forhold til resten av verda, der igjen Skandinavia vert peikt på som det mest sekulariserte området i Europa (Vassenden & Andersson, 2011:579). Sekularisering er eit ord som kan ha mange tydingar. Pål Repstad viser til at det på ein eller annan måte handlar om at religion får svekka tyding, eller at det vert mindre viktig (2010:101). Kva ein legg i sjølve omgrepet vil likevel variere, alt etter kva ein vektlegg som sentralt i religionen og religiøst liv. Teologen Oddbjørn Leirvik viser til at omgrepet sekularisme gjerne vert knytt opp mot å skape eit så skarpt skilje som råd mellom religiøs og politisk makt. Den politiske sekularismen har også vorte kopla til

<sup>5</sup> Dette prosjektet er kalla REDCo: Religion in Education. A contribution to Dialogue or a Factor of Conflict in Transforming Societies of European Countries. Prosjektet inkluderer ni prosjekt frå åtte ulike europeiske land, der Noreg er eitt av desse. Hovudmålet for prosjektet har vore å etablere og samanlikne religionens mogleigheter og grenser i utdanningssystema i desse utvalde landa.

ein meir allmenn religionskritikk av moralsk, politisk eller rasjonell karakter. I dag har også sekulariseringa gått over frå å vere eit politisk program til å verte ein meir allmenn prosess der religionen vert mindre synleg på fellesarenaane i samfunnet. Dette vert også gjerne synleg i mindre oppslutnad om dei religiøse fellesskapa (Leirvik, 2012a:8). I Noreg ser ein til dømes at sjølv om majoriteten av folket framleis er medlemmar av Den norske kyrkja (75, 2% per 2013)<sup>6</sup>, kjem denne religiøsiteten gjerne til uttrykk gjennom deltaking i høgtids- og livsløpsmarkeringar, heller enn deltaking i gudstenestar på månadleg basis (Botvar, 2010:17–18). Den britiske sosiologen Grace Davie argumenterer for at dei nordiske landa ikkje har vorte skulære i den forstand at ein ikkje er religiøs meir (2009:5). Ho hevdar at sjølv om dei nordiske landa har låg deltaking blant medlemmane, så har dei enn så lenge ikkje gått vekk i frå deira djupt forankra religiøse tilknyting, eller (i mange tilfelle) deira latente form for religiøs tilhørsle (2009:5–8). Slik er ikkje folk naudsynleg mindre religiøse no enn før, men sjølve religiøsiteten har fått eit nytt uttrykk. Ein ser mellom anna at på trass av at mange nordmenn kulturelt sett identifiserer seg med kyrkja, uttrykt gjennom til dømes dåp eller gravferd, er det ikkje uvanleg å gje avkall på karakteristikkar som «religiøs» eller «kristen», til fordel for «sekulær» eller «kulturelt kristen» (Vassenden & Andersson, 2011:579).

Av åtte informantar i denne studien, er det seks som er religiøse, éin som identifiserer seg som humanist, og éin som reknar seg som ateist. Sjølv om to av informantane ikkje er religiøse, og sånn sett kan sjåast å vere ein del av trenden som vist til over, skil dei seg likevel frå «den gjennomsnittlege norske ungdommen» i at dei har valt å engasjere seg i livssynet sitt. I tillegg til å delta på religion- og livssynsdialog, er eller har informantane vore engasjerte i ungdomsgrupper knytt til sin religion eller livssyn. Eit viktig punkt i denne oppgåva vil difor vere å sjå på korleis dei opplever det å vere aktive i sin religion eller livssyn i eit sekulært samfunn, og om dette kan reflekterast i deira deltaking i interreligiøs dialog.

### 1.3 Oppgåva sin vidare struktur

Denne oppgåva vil vidare ha følgjande struktur: I kapittel 2 vil eg sjå på teori og teoretiske omgrep som vert brukt i oppgåva. Her vert særleg dialogomgrepet sentralt. I tillegg vil eg ta føre meg kva perspektiv som har vore sentrale i tidlegare forsking på interreligiøs dialog. Til slutt vil eg sjå på den teorien som ligg til grunn for mi eiga oppgåve. I kapittel 3 vil eg presentere dei metodane eg har nytta meg av i denne oppgåva, med hovudvekt på det semistrukturerte intervjuet. Her vil eg også ta føre meg etiske problemstillingar knytt til

<sup>6</sup> [http://www.ssb.no/kulturjj-og-fritid/statistikker/kirke\\_kostra/aar/2014-05-06](http://www.ssb.no/kulturjj-og-fritid/statistikker/kirke_kostra/aar/2014-05-06)

feltarbeidet, i tillegg til ein presentasjon av informantane. Kapittel 4 er første del av sjølve analysen av materialet. Her er fokuset motivasjon: Kva motiverer informantane til å delta? Er det same årsak, eller er det ulike faktorar som motiverer? I kapittel 5 ser eg på erfaringar som informantane har gjort seg under deltakinga i dialog. Kva utbytte føler dei dei har av å delta i dialogen? I kapittel 6 presenterer eg kva informantane opplever som utfordrande med dialogen. Dette går både på meir praktiske utfordringar med å gjennomføre dialogen, men også på tematikk som opplevast som vanskeleg å ta opp. I det siste kapittelet, kapittel 7, oppsummerer eg funna mine i ei avslutning.

## 2. Teori og tidlegare forsking

Eit resultat av eit større religions- og livssynsmangfald, er auka deltaking i interreligiøs dialog. Det har vore forska på interreligiøs dialog i Noreg før, og særleg dei siste 25 åra har denne forskinga bløma. Det perspektivet som i særleg grad har prega både den norske og den internasjonale forskinga, har vore aktørperspektivet. Dette inneber at forskinga i hovudsak har vorte gjennomført av personar med teologisk bakgrunn, der deira religion har møtt andre religionar og livssyn. Forskarane har gjerne bakgrunn som aktive deltakarar i dialog sjølve. På denne måten er dei både teoretikarar og aktørar på same tid. Mitt perspektiv i denne oppgåva er religionsvitenskapleg. Dette inneber mellom anna at forskaren strebar etter ein upartisk eller distansert måte å forholde seg til materialet på (David Westerlund, 2002:12). Forskinga i Noreg har tidlegare ikkje hatt fokus på interreligiøs dialog innanfor eit religionsvitenskapleg perspektiv. Slik meiner eg at eg kan bidra med ny innsikt i forsking på interreligiøs dialog. Når dette er sagt, er framleis den forskinga som har vore gjort med eit deltakarperspektiv relevant for min studie.

I dette kapittelet vil eg presentere tidlegare forsking som er gjort på interreligiøs dialog. I samband med dette vil eg også sjå på sentrale omgrep, og legge fram kva val eg har gjort når det kjem til teori.

### 2.1. Dialogomgrepet

Sjølve ordet dialog kjem av det greske omgrepet «dia logos», som tyder «gjennom ordet». Dialog er altså etymologisk sett berre eit anna ord for samtale, ei tyding det også gjerne får i daglegtalen. I dialogforskinga i dag, har gjerne ordet ei litt smalare tyding. Dag Hareide argumenterer for å forstå dialog som ein samtale «hvis mål er å forstå den andre» (2009:34). Her skil ein ikkje mellom sak og person, for saken er å forstå den andre. Målet er ikkje semje, men å forstå den andre betre, og kanskje slik vere open for at ein sjølv kan endre meinings gjennom å ta del i andre sine tankar, kjensler og historier. Gjennom å delta i dialog, deltek ein altså ikkje berre i ein samtale. Ein tek også del i eit samarbeid (Leirvik 2014:29).

Teologane Anne Hege Grung og Oddbjørn Leirvik viser til at uttrykket «religionsdialog» til ein viss grad har fått gjennomslag i det norske språket (2012:77–78). Noreg skil seg frå andre land i verda ved at meir sekulariserte borgarar, til dømes representerte gjennom Human-Etisk Forbund, har ei aktiv rolle i dialogen. Grung og Leirvik understrekar at det soleis vil vere meir presist å omtale religionsdialog som trus- og

livssynsdialog. Likevel peikar dei på at den vanlege oppfatninga i dag er at også sekulære livssyn er inkluderte i religionsdialogomgrepet (2012:76–77).

Gjennom refleksjon rundt religionsomgrepet, får ein auga opp for det store mangfaldet av meningar og oppfatningar som finst både på tvers av ulike religionar, men også innanfor same religion. Leirvik viser til at det også kan oppstå usemje og konflikt mellom menneske som oppfattar seg å vere innanfor same religiøse tradisjon, men som mellom anna har ulike meningar om korleis religionen skal verte praktisert og utøvd (2014:14). Dette opnar opp for refleksjon kring dialog som ikkje er på tvers av religionar, men innanfor same religion. I den norske forskinga har hovudfokuset vore på den *interreligiøse* dialogen. Det er denne typen dialog det ofte er snakk om når religiøse leiarar og politikarar fremjar religion- og livssynsdialog som kommunikasjonsverktøy. Det er også denne typen dialog som ofte er utgangspunkt for organisasjonar som driv med religion- og livssynsdialog, også organisasjonane som er bakgrunn for studien min. Når det vert framheva at også skilnader mellom menneske som trur på det same kan vere store og konfliktfylte, kan det vere interessant å stille seg spørsmålet om kvifor det i hovudsak er den interreligiøse dialogen som er i fokus. Kva er det som gjer at akkurat dialog mellom menneske på tvers av ulike religionar og livssyn vert sett på som særskild viktig? Grung argumenterer i doktoravhandlinga si for å bruke ord som transreligiøs og transkulturell i staden for interreligiøs og interkulturell. Ho peikar på den kristne teologen Andreas Nehring<sup>7</sup>, som argumenterer for at «inter» ofte impliserer eit forhold mellom to stabile einingar (Grung, 2010:29). Tru og kulturar er i seg sjølve ulike, noko som inneber at møta i transreligiøs/transkulturell møte ikkje berre skjer på tvers av religionar og kulturelle representasjonar, men også mellom ulike representantar i same religion og kultur (Grung, 2010:29). Ved å bruke transreligiøs dialog meiner ho med andre ord at ein i større grad opnar for det store spekteret av ulikskapar som også eksisterer blant menneske innan same religion og livssyn.

I denne oppgåva har eg valt å bruke ordet interreligiøs dialog, då dette er eit meir etablert omgrep enn transreligiøs dialog. Eg vil likevel understreke at måten omgrepet vert brukt i denne oppgåva, sett det som ein føresetnad at ein inkluderer *både* dialog på tvers av religionar *og* livssyn, *og* at ein inkluderer mangfaldet som finst mellom tilhøyrarane i same religion eller livssyn. Dette vert sentralt seinare i oppgåva, der ein del av analysen tek føre seg

---

<sup>7</sup> Forfattaren tek utgangspunkt i Andreas Nehring sin originaltekst *On the Communication of Sacred Texts: Intercultural comparison or intercultural encounter* (2011). Det forfattaren si gjengjeving eg har basert meg på. Tekst ikkje utgjeven enno når Grung publiserte. Derav Grung 2010 og Nehring 2011.

informantane si oppleving av enten å komme som representant for sin religion eller livssyn, eller om dei først og fremst representerer seg sjølve og sine eigne forståingar.

### 2.1.1 Typar dialog

Leirvik skil mellom to typar dialog: «Spirituell dialog» og «naudsynleg dialog» (1996:159–179). Spirituell dialog er driven av personleg interesse og motivasjon hevdar han, og i uttrykket ligg det eit ønske om å oppnå andeleg vekst gjennom dialogen. I møtet med den religiøst andre vert ein andeleg rikare (Grung & Leirvik, 2012:79). Slik kan ein seie at spirituell dialog vert viktig for individet. Dette vert også framheva av teologen Catherine Cornille. I «Conditions for Inter-Religious Dialogue» (2013) diskuterer ho vilkåra for interreligiøs dialog med utgangspunkt særleg i kva dei ulike religionane lærer og korleis dei vert praktiserte. Hennar første punkt er «audmjuke». Religionar gjer ofte krav på å inneha ei absolutt sanning, og vere den einaste rette vegen. Epistemologisk audmjuke inneber soleis eit skifte i korleis ein forheld seg både til sin eigen og til andre sin religion eller livssyn, og at ein opnar for at ein framleis kan vekse og utvikle seg innan for det ein sjølv forstår som sanninga (Cornille, 2013:21).

«Fordi religiøse konfliktar skaper eller forsterkar nød, er religionsdialogen nødvendig» (Leirvik, 1996:170). Naudsynleg dialog er altså naudsynleg for samfunnet si skuld, med fokus på etiske og politiske utfordringar (Grung & Leirvik, 2012:79). Tema for denne typen dialog vert mellom anna religionspolitikk, menneskerettar og fellesskapsetikk. Leirvik vektlegg at denne dialogforma tek føre seg naudsynlege spørsmål som gjeld heile samfunnet, og som alle i samfunnet må verte utfordra til å delta i. Her vert altså det konfliktløysande aspektet ved dialogen framheva. Kanskje kan ein slik skilje mellom dialog som er driven av pur lyst, eller dialog med utgangspunkt i at ein ser på den som naudsynt (Leirvik, 1996:170).

### 2.1.2 Interreligiøs dialog i Noreg: Tendensar

Tradisjonen for interreligiøs dialog har dei siste 15 åra fått rotfeste i Noreg. Ulike former for dialog har gått føre seg mellom menneske frå ulike trus- og livssynssamfunn, både på lokalt og nasjonalt plan. Kanskje særleg i fokus, har dialogen mellom kristne og muslimar vore. I september 1988 inviterte for første gong Den norske kyrkja norske muslimar til å møte dei i dialog. Dette var under konferansen «Norge som flerkulturelt samfunn». Fire år etter vart det oppretta fast kontakt mellom Mellomkirkelig Råd og Islamsk Råd. Dette var starten på det som skulle verte ei formell organisatorisk kontakt mellom majoritetsreligionen og den største minoritetsreligionen i Noreg (Eidsvåg, 2009:14).

Men, det er ikkje berre dialog mellom kristne og muslimar som har gått føre seg i Noreg. Eit særtrekk ved den norske religions- og livssynsdialogen, er at Human-Etisk Forbund frå starten av har vore aktive deltagarar i dialogen (derav religion- og *livssyns*dialog). I 1985 arrangerte Nansenskolen, kyrkjeakademiet i Gausdal, og lokallaget til Human-Etisk Forbund eit religion- og livssynsseminar med temaet «Humanetikere og kristne – hva skiller og hva forener?». Dette vart starten på noko som skulle utvikle seg til å verte ein årleg tradisjon ved Nansenskolen, som også i dag arrangerer årlege religions- og livssynsseminar. I 1991 sette Nansenskolen i gang eit dialogsprosjekt som vart kalla «Fellesskapsetikk i et flerkulturelt Norge» (Eidsvåg, 2009:13–15). Her var målet å bruke dialog til å finne forpliktande verdiar som gjekk på tvers av religion og livssyn. Ein ville også identifisere potensielle konfliktar, og etter dette finne konstruktive måtar å takle desse konfliktane på. Det vart også arrangert eit nytt stort dialogprosjekt på Nansenskolen i 1996, under tittelen «Religion, livssyn og menneskerettigheter i Norge» (Eidsvåg, 2009:17). Desse titlane illustrerer til ein viss grad den sekulære horisonten for trus- og livssynssamtalen i Noreg, med fokus på fellesskapsetikk og menneskerettar (Grunn og Leirvik, 2012:77).

Noko som har kjenneteikna denne, og også annan tidleg religion- og livssynsdialog, er at den var tosidig. Men etterkvart vart også den multilaterale dialogen etablert, mellom anna gjennom danninga av Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn (heretter STL) i 1996 (Eidsvåg, 2009:18). STL har i dag 14 medlemssamfunn, og målet deira er i følgje organisasjonen å «fremme gjensidig respekt og forståelse mellom tros- og livssynssamfunn, samt arbeide for likebehandling av religions- og livssynssamfunn i Norge» (Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn, 2014).

Grunn og Leirvik understrekar at religionsdialogen på 1990-talet bar preg av å springe ut frå sivilsamfunnet. Dette innebar forholdsvis lite involvering frå det politiske myndet. Utover 2000-talet, peikar dei derimot på at dialogen i langt større grad har fått politisk merksemd, til dømes under karikaturstriden (Grunn & Leirvik, 2012:77). Ikkje berre dialogaktørane, men også styresmaktene i Noreg har interesser i dialogen. Dette kjem mellom anna til uttrykk i handlingsplanen som vart vist til innleiingsvis, der regjeringa legg til rette for gjennomføring av dialog for å hindre radikalisering og ekstremisme blant unge. Leirvik peikar på at politikarane si innblanding kan sjåast som eit uttrykk for at ein ønskjer at dei religiøse leiarane vert disiplinerte eller lokka til å tenkje staten og den dominerande kulturen sine tankar. Men, hevdar han, dette må modifiserast då trussamfunna ofte er med på å utvikle eller komme med innspel i utviklinga av ulike tiltak (Leirvik, 2012b:224–225). Eit døme på dette vil vere når STL opptrer som høyringsinstans for myndet i religionspolitiske saker

(Grung & Leirvik, 2012:79). I desse tilfella har samarbeidet hatt fokus på gruppebaserte rettar, som til dømes retten til å skifte religion.

## 2.2 Tilnærming til interreligiøs dialog

Den svenske religionsforskaren David Westerlund peikar på at det meste av forskinga som er gjort på dialog har fokusert på skrifter av akademisk utdanna teologar frå eldre protestantiske, katolske og ortodokse kyrkjer. Dette botnar delvis i forskarane sin eigen akademiske bakgrunn og kristelege tilhørslle (2002:206). Westerlund peikar på at det både er fordelar og ulemper med å vere fullstendig deltakande, liksom det også vil vere fordelar og ulemper med å vere heilt utanfor. Ein «insider» kan til dømes lettare få tilgang til sensitiv informasjon. Samstundes kan det vere vanskelegare å ha den distansen som gjer det mogleg å føreta spesielle iakttakingar. Ein utanfrå vil på andre sida ha større sjanse for å forstyrre samtalen og påverke deltarane til å unnvike visse emne. Likevel vil han eller ho gjennom større distanse kanskje sjå ting som for ein «insider» framstår som sjølvsagte (Westerlund, 2002:208).

Som vist til innleiingsvis, har den norske forskinga først og fremst vore gjort av forskarar med teologisk bakgrunn. Forskarane har soleis forholdt seg feltet med eit forholdsvis likt utgangspunkt. Eit døme på dette er korleis den norske forskinga på interreligiøs dialog har nærma seg omgrepene dialog. Dette ber preg av inspirasjon frå dialogfilosofane Martin Buber og Emmanuel Levinas. Grung trekkjer med utgangspunkt i Buber fram omgrepa «møte» og «forandring». Det er Eg og Du, og ikkje Eg og Det som møtast i den verkelege dialogen. Møtet som kan forandre, skjer mellom to likeverdige partar, der begge er subjekt, ingen objekt (Grung, 2005:90–91). Gjennom å kommunisere ut kjærleik, respekt og stadfesting, etablerer ein Eg-Du-forholdet, der alle partar er subjekt og heile mennesket vert inkludert (Grung, 2005:91). Buber vektlegg med andre ord det likeverdige møtet mellom to eller fleire menneske, der gjensidig forandring kan finne stad. Levinas derimot, understrekar asymmetrien i eit forhold, noko som inneber eit kritisk maktperspektiv på dialogen, Eg mot den Andre. Den Andre er alltid ulik frå meg, og ein føresetnad for dialogen vert slik å vere medviten skilnadane. Du vert altså den Andre, og slik både nær og distansert på same tid. Levinas vektlegg at annleisheita til den Andre må verte fullt ut respektert i dialogen (Grung, 2010:56–57). Felles for desse to vert likevel at ein ikkje naudsynleg treng å verte samde i møtet.

Denne tilnærminga til dialog som er framtredande i forskinga, er også den rådande i dialogmiljøa i Noreg. Denne inngangen til dialogen vert gjenspegla hjå informantane i dette

forskningsprosjektet. Felles er fokuset på dialog som ein «stad» der ein kan møte den andre, lære av kvarandre og lytte. Fleire informantar framhevar at ein må forsøke å «nullstille seg», å møte den andre utan forutinntatte meiningar, og å møtast på like plan. Gjennom å delta på dialogseminar, til dømes på Nansenskolen, har desse dialogtilnærmingane vorte kommuniserte mellom forskrarar og deltakarar. Slik kan ein seie at dei er ein del av den rådande religion- og livssynsdialogdiskursen i Noreg. På denne måten ser ein at kategoriene forskar og deltakar i nokre tilfelle framstår som flytande kategoriar.

### **2.2.1 Sekularitet – eit premiss for dialogen?**

Westerlund peikar på at religionsforskning inneber ei oppfatning om kva religion er for noko (2002:200). Folk flest har ein tanke om kva religion er, noko som gjer at mange ofte har eit ganske «avslappa» forhold til bruken av omgrepene i daglegtalen (Gilhus & Mikaelsson, 2001:16). Sjølv om omgrepene «religion» ofte vert brukt som ei fellesnemning, kan kva som vert lagt i omgrepene vere særstakt ulik for dei som nyttar seg av det (Casanova, 2014:25). I tidlegare forsking var det gjerne vanleg å forsøke å finne ein definisjon som kunne vere felles for all religiøsitet (Furseth & Repstad, 2003:28). I dag vil derimot korleis ein forstår religion variere utifrå kva teoretisk utgangspunkt ein har, og ein bør difor klargjøre dette før ein finn ein passande religionsdefinisjon. Sidan religion er eit så komplekst felt, vil det vere fordelaktig at forskaren innrettar definisjonen mot den bestemte konteksten han eller ho forskar på (Gilhus og Mikaelsson, 2001:25, Casanova: 2014:25).

I den faglitteraturen eg har komme over, har eg inntrykk av at det særleg er dialogomgrepene som er i fokus. Medan det finst mange problematiseringar rundt dialogdefinisjonar, er det mindre fokus på sjølve religionsomgrepene. Leirvik viser til at det er viktig å reflektere rundt kva religionsomgrep ein bruker i arbeidet med å analysere forholdet mellom religionane og deira representantar (2014:14). Likevel kan eg ikkje sjå at han i stor grad reflekterer rundt dette i sine tekstar. Gjennom ei slik vektlegging kan ein få inntrykk av at religionsomgrepene vert sett på som ein sett storleik. Men som vist over, vil ikkje alle leggje same tyding i omgrepene «religion». Sjølv om to personar vil karakterisere seg sjølve som religiøse, kan ein ha ganske ulik oppfatning av kva ein religion er, og kva det å vere religiøs inneber. Dette vert også understreka av Peter Beyer, som i tillegg viser til at kva ein oppfattar som religion, også ligg til grunn for kven som vert inviterte til å delta i dialogen (2014:50–51). Slik kan ein seie at kva ein oppfattar som religion, er med på å setje rammene for

dialogen, til dømes i kven som deltek, korleis ein snakkar om religion, og kva som vert teke opp.

Gjennom å fokusere på dialog, og ikkje på kva det faktisk vil seie å vere religiøs, kan ein spørje seg om det er sjølve «religionsmøtet» som er det viktige. Den interreligiøse dialogen føregår ofte i ei sekulær språkdrakt, der mykje av argumentasjonen ikkje er religiøs, men heller rettar seg mot menneskerettslege prinsipp (Leirvik, 2012a:15, 23). Religionsvitaren Anne Sofie Roald peikar på at dialog kan brukast av majoritetssamfunnet for å påverke minoritetsgrupper, medan dei religiøse minoritetane på si side ofte ser på dialogen som ein måte å fremje sine idear på. Dynamikken i dialogen gjer at ein kan gå utifrå at det finst ein gjensidig påverknad. Men, framhevar Roald, i realiteten er det majoritetssamfunnet sin diskurs som vert den dominerande (2002:96). Dette kan til dømes sjåast med at kvinner sine rettar vert diskutert spegla i likestillingsdebatten som har føregått i majoritetssamfunnet. Også Grung og Leirvik viser til at det er viktig at religionsdialogen relaterer til meir allmenne, menneskerettslege verdiar (2012:80). Desse menneskerettslege verdiane vil då gjerne vere ein del av majoritetsdiskursen.

Leirvik argumenterer for å skilje mellom sekularitet og sekularisme. Med utgangspunkt i filosofen Charles Taylor skil han mellom tre typar sekularitet: Det sekulariserte offentlege rom, generell nedgang i religiøs praksis, og «modernitetens nye trusføresetnader», der ein er medviten om at eins eiga tru berre er eitt mogleg val mellom mange andre (Taylor, 2007:1–3). Dette skiljet vert viktig for Leirvik, fordi han hevdar at den siste typen er noko av utgangspunktet for den seinmoderne religionsdialogen, i det at ein må akseptere pluralismen og erkjenne at dialogen like gjerne kan føre til forskansing som til open samtale (2012a:9). For Leirvik handlar sekularitet om ein måte å leve saman på der religionane og autoritetspersonane ikkje lenger har hegemoniet, men må dele påverknadskraft og samfunnsmakt med andre tankeretningar og institusjonar. Dette kallar han det sekulære vilkåret. «Slik forstått handlar sekularitet idealtypisk om å skape herredømmefrie, ikkje religiøsfree fellesrom i samfunnet. Religionsdialog blir då ein måte å fylle dette rommet på med meiningsfull, tillitsbyggande og konfliktløysande samtale» (Leirvik, 2012a:10).

I denne oppgåva kjem det fram at informantane har ulike måtar å bruke religionsomgrepene på. Nokon snakkar om tru- og livssynsdialog, andre om religionsdialog. Nokon er truande, andre er religiøse. Når eg presenterer informantane, har eg valt å gjengje den omgripsbruken dei bruker når dei snakkar om si religions- eller livssynstilhørsle. Dette inneber at det vil variere i oppgåva kva omgrep som vert brukt. Likevel synst eg det har vore fordelaktig, då det seier noko om korleis dei oppfattar sin religiøse- eller livssynsmessige

ståstad. I det tekstlege materialet som ikkje er direkte knytt til informantane sine utsegner, har eg nytta meg av ordbruken religion og livssyn. Dette fordi desse orda inkluderer mangfaldet, samstundes som det ikkje vektlegg einskilde deler av religions- og livssynsutøvinga.

## 2.3 Oppgåva si teoretiske tilnærming

Eg har no teke føre meg nokre sentrale omgrep i dialogforskinga. I analysen min har eg veklagt tre kategoriar: Motivasjon, erfaring og utfordringar. Eg vil i det følgjande knyte desse nærmare opp mot teori.

### 2.3.1 Motivasjon

Ein sentral del av min studie har omhandla deltakarane sin motivasjon. Kva er det som motiverer desse ungdommane og unge vaksne til å delta i interreligiøs dialog? Liknande tematikk har også vore tema for internasjonal forsking. Det internasjonale prosjektet «Religion and Dialogue in Modern Societies» (ReDi) starta opp i 2013, og har base i Hamburg. Dette skal over ein femårsperiode sjå på mogleheter og hindringar for interreligiøs dialog i ulike religiøse tradisjonar. To av bidragsytarane til dette prosjektet, professoren i religionssosiologi Alexander-Kenneth Nagel og stipendiat Mehmet Kalender tek i artikkelen «The Many Faces of Dialogue: Driving Forces for Participation in Interreligious Activities» utgangspunkt i intervju med personar som organiserer og arrangerer interreligiøs dialog i Tyskland. Dei trekkjer fram ytre impulsar som strukturar (aktiv støtte og involvering frå lokale autoritetar), sosiale eller politiske forventingar og individuelle hendingar, som kan motivere til interreligiøs deltaking. Av indre motivasjon trekkjer dei fram politiske-, symbolske-, dialogorienterte- og samfunnsinteresser. I mitt eige prosjekt trekkjer informantane også fram andre motivasjonar for å delta i dialogen. Eg har difor i tillegg utvikla nye kategoriar som i større grad speglar mitt eige datamateriale. Dette understrekar kompleksiteten av feltet, og mangfaldet av oppfatningar blant informantane.

Å stå saman som religiøs i eit sekulært samfunn vert trekt fram som ein fremjande faktor for å delta i interreligiøs dialog. Dette er også eit fokus hjå Roald. Ho viser til at «folk flest» i religionsdialogisk samanheng har eitt inntrykk av at dei vestlege partikularistiske tankane som spreier seg i verda er sekulære, ikkje religiøse (2002:85). I det moderne samfunnet kan tradisjonar og sosiale band opplevast som hemmande for individet si personlege utvikling. I kampen mot desse, kan fridommen som eit produkt av det sekulære samhaldet verke forlokkande på store grupper av menneske over heile verda. Gjennom

religionsdialogen slepp ein å einsam kjempe mot overmakta. Heller står ein sameina på trass av ulikskapar, men har til felles ei liknande grunnoppfatning i moralspørsmål (Roald, 2002:85). Gjennom å møtast kan ein altså finne løysingar på allmenne problem.

### **2.3.2 Erfaring og utfordring**

I dette forskingsprosjektet har eg teke føre meg erfaringane deltararane i interreligiøs dialog har gjort gjennom dialogmøta. Dette har tidlegare vore gjort i andre forskingsprosjekt, mellom anna i prosjektet «Styrke i mangfold» (2009), som tok sikte på å kartleggje veikskapar og styrker ved ulike religion- og livssynsdialogar dei siste 20 åra. Gjennom undersøkinga ville ein fange opp mangfaldet av trus- og livssynsdialogar, og kva erfaringar ein gjorde seg knytt til desse. Gjennom å få klårleik i kven som var initiativtakarar til dialog, kven som deltok, tema som vart tekne opp og utbytte av å delta, var målet å gje ei auka forståing for ønsket om å gjennomføre, og å få eit innblikk i den eventuelle nyta av desse dialogane.

I rapporten som presenterer resultata i forbindelse med prosjektet, var det mellom anna vist til at nokre deltararar opplevde at nokon kunne ha ein skjult agenda i dialogen, sjølv om ikkje dette naudsynleg var negativt. Med skjult agenda var det meint at ein ønska å oppnå noko med dialogen som ikkje vart fortalt til dei andre deltararane (Stene, 2009:7). Om lag 60 prosent opplevde også at dei hadde vorte overraska i dialogen, mellom anna i opplevinga av å ha meir til felles med representantar frå andre religionar og livssyn enn ein trudde var mogleg, avkrefting av fordommar, og nye innsikter om eigen ståstad. Også overraskande lite utbytte av dialogen, og overrasking over deltararane si manglende evne til å omsette visjonar om dialog til praksis vart nemnt. Problemløysing vart også trekt fram av om lag 60 prosent som ei hensikt for dialogen. Av andre hensikter trakk respondentane fram at kjennskap til kvarandre gjorde ein tryggare på kvarandre og kunne motverke konfliktar. Også om lag 40 prosent opplevde at vanskelege tema vart unngåtte i dialogen. Å verte kjend med menneske med eit anna livssyn enn seg sjølv, skape tillit og auke forståing og toleranse mellom folk, vart trekt fram som viktig ved dialogen. Det kom også fram at fleire meinte at trus- og livssynsdialogen var fredsbyggande, men at for at samfunnet for øvrig skulle kunne ha nytte av den, var ein avhengig av at informasjon om dialogane kom ut til folk som sjølve ikkje deltok (Stene, 2009:8–10).

## **2.4 Eit teoretisk perspektiv: Stigma**

Fleire informantar i dette prosjektet fortel om opplevingar kring å vere religiøs i Noreg i dag.

Mange peikar på at dei ofte opplever fordommar, eller å verte stigmatiserte som religiøse i dette dei ser på som eit sekulært samfunn. I høve dette, kan det vere relevant å trekke inn Goffman sin teori om stigma.

Sosiologen Erving Goffman, presenterer i boka «*Stigma: Notes on the Management of Spoiled Identity*» (1986) [1963]) sin teori, der han har fokus på møtet mellom den stigmatiserte og «den normale». Goffman definerer eit stigma som «ein eigenskap som er djupt diskrediterande» (1986:3). Utgangspunktet for denne teorien vert at Goffman ser på situasjonen til personar som ikkje har moglegheit til å tilpasse seg standardar som samfunnet klassifiserer som normale. Fordi dei ikkje greier å oppnå full sosial aksept, vert dei stigmatiserte individ (1986:2–5). Goffman trekkjer også fram at eit stigma kan opplevast ulikt frå berar til berar. Han peikar på at ein eigenskap som stigmatiserer ein person, av ein annan kan opplevast som ein eigenskap som stadfestar denne personen sin normalitet. Eigenskapen er difor korkje av positiv eller negativ verdi i seg sjølv (Goffman, 1986:3). Stigma vert difor eit særskild type forhold mellom kjenneteikn og stereotyp, der dei eigenskapane som vert opplevde som diskrediterande vil avhenge av kva normer samfunnet har lagt for kva som vil defineraast som normalt, og slik defineraast i motsetnad til desse (Goffman, 1986:3–5).

Dei ulike stigmaa kan kategoriseraast i tre grupper: kroppslege-, karaktermessige-, og gruppemessige stigma. Ei synleg funksjonshemmning vil vere eit døme på den første, å til dømes ha eit alkoholproblem kan vere døme på eit karaktermessig stigma, medan å tilhøyre ein religion kan vere døme på den siste kategorien (Goffman, 1986:3). Det er ulikt i kva grad karakteristikkane som stigmatiserer vert kommuniserte ut. Dette vert knytt opp mot kategoriane «discredited» og «discreditable», der førstnemnte går på om det stigmatiserte individet går ut ifrå at dens ulikskap anten er kjend allereie, eller openberr i møtet med den andre. Sistnemte er knytt til om vedkommande går ut i frå at ulikskapen korkje er kjend eller merkbar for dei andre som er tilstades (1986:4). Med utgangspunkt i at det å vere religiøs vert oppfatta som eit stigma, kan eit døme på førstnemte vere ei muslimsk jente med hijab. Eit døme på sistnemte kan vere ei kristen jente utan religiøse symbol. I denne oppgåva vil det vere relevant å bruke Goffman sin stigma-teori opp mot informantane si oppleveling av å vere religiøse i eit sekulært samfunn, og korleis dette kjem til uttrykk gjennom deltaking i interreligiøs dialog.

## 2.5 Oppsummering

I dette kapittelet har sentrale teoretiske omgrep og teori som er relevante for oppgåva vorte presenterte. Eg har først teke føre meg dialogomgrepet. Eg har presentert korleis omgrepet har vorte handsama i forskinga. Deretter har eg kort teke føre meg tendensane i den interreligiøse dialogen i Noreg dei siste 25 åra. Dialogomgrepet har også vorte diskutert opp mot omgropa «sekularisering» og «religion». Til slutt har eg lagt fram dei teoretiske tilnærmingane som er sentrale i denne oppgåva, med hovudvekt på kategoriane for analysen og Goffman sin teori om stigma.

### **3. Metode og materiale**

Sjølve ordet metode kjem frå gresk (*meta* «etter» og *odos* «måte»), og kan forståast som ein særskild måte å gjere ting på, eller ein organisert prosedyre (Stausberg & Engler, 2014:4). Den vitskaplege metoden er eit verktøy for forskaren når han samlar inn empirisk materiale. I lys av teori, brukast metode for å konstruere, samle inn og/eller drive fram vitskapleg arbeid. Religionsvitarane Michael Stausberg og Steven Engler understrekar at det faktisk ikkje finst data utan metodar og teoriar. Metodane hjelper oss å analysere røynda, men samstundes kan dei delvis seiast å produsere det materialet som skal verte analysert (Stausberg & Engler, 2014: 3–5). Metode er slik eit grunnleggjande element i moderne vitskap.

I dette kapittelet vil eg gjere greie for metodebruken min og materialet som er grunnlaget for masteroppgåva. Eg vil først gjere greie for metodane deltakande observasjon og kvalitativt intervju, og korleis desse har vorte nytta i masterprosjektet. Eg vil deretter diskutere etiske utfordringar knytt til prosjektet. Til slutt vil eg presentere utvalet, med ei kort framstilling av kvar einskild informant.

#### **3.1 Kvalitativ forsking**

I forskinga skil ein mellom kvantitativ og kvalitativ metode. Den kvantitative metoden ser på tal og utbreiing og ønskjer å generalisere, medan den kvalitative forskinga ønskjer å gå i djupna, med fokus på eigenskapar eller kjenneteikn. På denne måten vil ofte kvantitativ forsking omfatte store utval, medan kvalitative studiar gjev mykje informasjon om få einingar (Stausberg & Engler, 2014: 6–7). Eit overordna mål for den kvalitative forskinga er i følgje spesialpedagogen Monica Dalen «å utvikle forståinga av fenomen som er knytt til personar og situasjonar i deira sosiale røynd» (2011:15). Dette inneber med andre ord å få betre forståing av korleis menneske lever liva sine, med fokus på deira eigne opplevingar. Som eg vil komme tilbake til seinare, er innsamling av data eit samspel mellom informant og forskar, der forskaren sin forståingshorisont og fortolking er viktig for handsaminga av informasjon. Utgangspunktet mitt for dette prosjektet, er at eg ønskjer å få betre innsikt i menneske sine refleksjonar og forståingar. Eg har difor sett det som mest fordelaktig å ta i bruk den kvalitative metoden, nærmare bestemt observasjon og intervju, for produksjon av materiale.

#### **3.2 Deltakande observasjon**

Dette forskingsprosjektet har teke utgangspunkt i det kvalitative intervjet som metode for å samle materiale. Religionsvitaren Trude A. Fonneland viser til at sjølv om desse samtalane

gjerne gjev eit rikt materiale, spelar observasjon ofte ei nøkkelrolle i å gje kunnskap til å forstå og tolke intervjuet (2006:224). Gjennom å komme nærmare menneske og lære dei betre å kjenne, kan ein få betre forståing og fortolking, og gje eit meir heilskapleg bilet av feltet. Religion- og livssynsdialog var eit relativt ukjent område for meg før eg byrja på masteroppgåva mi. For meg var difor deltagande observasjon ei moglegheit til å innhente kunnskap om korleis religion- og livssynsdialog føregjekk, og kva former dialogen kunne ta. Eg deltok i løpet av 2014 på tre ulike dialogarrangement arrangert av Dialog på Tvers. Eg fekk ikkje kontakt med Unge Møter før hausten 2014. I denne perioden hadde dei ingen arrangement eg kunne delta på. Eg har difor ikkje vore med på noko i regi av dei. I tillegg har eg delteke på eit offentleg møte i regi av STL i Bergen. Fleire av informantane mine har enten berre nemnt STL i sine intervju, eller samanlikna deira dialoggrupper med STL sitt virke. Gjennom å ha eit innblikk i korleis eit STL-møte kan gå føre seg, har eg fått eit betre forståingsgrunnlag for denne samanlikninga.

Eg opplevde ikkje at observasjonane eg føretok gav særlege resultat utover eit innblikk i korleis interreligiøs dialog kan føregå. Nokre av informantane mine møtte eg via arrangement i denne gruppa, men ingen av dei har vorte rekrutterte gjennom desse. Likevel opplevde eg at det å møte nokre av informantane mine før eg møtte dei i den private intervjustituasjonen, var nyttig. Det å vere «kjende fjes» følte eg bidrog til å gjøre intervjustituasjonen tryggare, noko eg håpar også informantane mine kjende på. Dette er også ein viktig funksjon den deltagande observasjonen innehar, i følgje Fonneland (2006:225).

### **3.2.1 Å delta som forskar**

Alle dei tre arrangementa eg deltok på gjennom Dialog på Tvers var ganske ulike av karakter: Eitt var eit større debattarrangement, eitt var eit dialogmøte, og eitt var eit besøk i eit trussamfunn. På det første møtet var eg berre deltagande i den grad at eg sat og følgde med på debatten. På dei to andre arrangementa var eg derimot deltagande på lik linje som dei andre oppmøtte. Eg valde å ta kontakt med styret i forkant av kvart arrangement. Slik visste dei at eg skulle komme, og kunne eventuelt informere om at det kom til å vere ein masterstudent tilstades. Slik var det også alltid nokon som visste at eg skulle komme, som eg kunne ta kontakt med då eg kom. Det at eg var deltagande, gjorde kanskje at det var vanskeleg å skilje meg frå ein «vanleg» deltakar. Når eg kom i snakk med andre deltakarar, presenterte eg meg difor alltid som masterstudent og fortalte om forskingsprosjektet mitt. Det at eg var med på dialogøvingane, gjorde at eg også delte mine tankar og opplevelingar kring ulike tema. Det at

eg ikkje berre var ein passiv tilskodar med notatbok, men faktisk aktivt deltok, trur eg kan ha bidrige til det eg opplevde var ein avslappa feltsituasjon.

### 3.3 Kvalitativt intervju

Religionssosiolog Anna Davidsson Bremborg viser til at eit av dei viktigaste formåla med det kvalitative intervjuet er å, med utgangspunkt i menneske sine opplevingar, prøve å tolke og forstå deira tankar, tru, idear og førestillingar (2014:311). Denne oppgåva har utgangspunkt i det ho omtalar som semistrukturert intervju. Dette inneber at intervjuet tek utgangspunkt i særskilde tema og spørsmål, men at forskaren er open for at det kan komme opp nye spørsmål underveis (Davidsson Bremborg, 2014:312). Dette løyste eg ved å bruke ein intervjuguide, der spørsmåla som var sett opp var knytte til tema.<sup>8</sup> Intervjuguiden hadde fire hovudtema. Det første var «møtet», som dreidde seg om sjølve dialogtreffet. Tema nummer to var «motivasjon», der fokuset var på dialogomgrepet, og bakgrunn for deltaking på dialogmøte. Det tredje temaet var «konsekvensar», og var knytt til effekten av dialogmøta. Det siste hovudtemaet var «mogleg konflikt», som gjekk på potensielle konfliktar deltakarane kunne oppleve knytt til deira deltaking.

#### 3.3.1 Utvikling av intervjuguide

Å verte intervjeta til ei masteroppgåve vil for dei fleste vere ein uvant situasjon. Informantane visste ikkje kva spørsmål dei kom til å verte stilte på førehand, og det kunne nok for mange vere utfordrande nok i seg sjølv å skulle reflektere kring ulike spørsmål på strak arm. Eg har sjølv vorte intervjeta i høve eit feltarbeid, og hugsar det som ei kjekk, men slitsam oppleving. Det var viktig for meg at informanten skulle ha fullt fokus når intervjuet pågjekk, og det var slik eit mål at sjølve intervjuet ikkje skulle verte for langt. Eg valde difor å avgrense meg til færre spørsmål i intervjuguiden, og heller ha fokus på sjølve temaa. For meg var det viktig at informanten sjølv skulle få vektleggje det han eller ho synst var vesentleg. Slik var informantane i stor grad med på å forme kva veg intervjuet skulle gå. Difor kunne eg, sjølv om eg hadde teke utgangspunkt i same intervjuguide, sitje att med to intervju som hadde teke veldig ulike vendingar. Det å ta i bruk semistrukturert intervju gjorde også at eg oppdaga nye problemstillinger i eit intervju, som eg tok med meg vidare inn i neste intervju. På denne måten var intervjuguiden i stadig utvikling gjennom heile feltarbeidet. Det er difor også viktig

---

<sup>8</sup> Sjå vedlagt intervjuguide.

å merke seg at spørsmåla ikkje naudsynleg vart stilt slik dei står i intervjuguiden, men at alle informantane har vore innom spørsmåla på ein eller annan måte.

### 3.3.2 Frå lyd til tekst

Alle intervjuia føretekne i dette feltet har vorte transkriberte. Når lyd skal verte til tekst, inneber det eit skifte i forteljingsform. Samtalen går frå den munnlege til den skriftlege diskursen (Fonnland, 2006:228). Det er fleire måtar å gjere dette på. Har det vore deler i intervjuet der personen til dømes har nøla eller brukta lang tid på å svare, har dette vorte skrive inn i klammer bak svaret. Eg har også valt å ikkje transkribere det som er irrelevant for oppgåva. Her har eg skrive kva del av intervjuet som ikkje har vorte transkribert, kva det handlar om, og kor eg kan finne det i lydfila. Slik har det vore mogleg å gå tilbake og høre det som er luka ut om att når nye element har dukka opp i analysen, og vurdere om det har vore aktuelt å transkribere meir.

Fordi det munnlege språket og det skrivne språket er særskilt ulikt, har eg også måtte gjere nokre vurderingar når eg har skrive det transkriberte intervjuet om til sitat. Det meste er skrive slik det er sagt, men ord som «liksom», og «då» har vorte kutta ut viss dei har vore mykje brukta, utan at det har noko med konteksten å gjere. Dette er for å gjere det lettare å lese, men også av omsyn til informantane. Fonnland viser til at når ein skriv ned talt språk, kan det lett verte enkelt, eller kanskje til og med sjå litt fordummande ut, om ein ikkje gjer slike grep (2006:229). Eg fekk mellom anna tilbakemelding frå den eine informantanen etter å ha lest intervjuet sitt, at ho måtte byrje å jobbe med «liksomane sine». Difor har eg prøvd å få det munnlege språket til å verte så likt som mogleg det skriftlege, utan at det har gått på kostnad av innhaldet eller meaningane i intervjuet.

Eg har også i løpet av felterbeidet føreteke eit intervju på engelsk, då dette er morsmålet til den eine informantanen. Eg var i forkant av intervjuet spent på om det ville oppstå nokre språkbarrierar. Heldigvis opplevde eg at informanten meistra det norske språket godt. Intervjuet føregjekk på engelsk etter informanten sitt ønske, men om eg lurte på nokre ord eller setningar kunne informanten enkelt forklare dei på norsk. I analysekapittelet er intervjuet oversett til norsk. Dette er gjort fordi det reink tekstleg fungerer betre, samstundes som det gjer det lettare å ivareta anonymiteten til informantanen.

Etter at intervjuet var transkriberte, har materialet vorte analysert. Intervjuet vorte koda og kategorisert. Kodinga vart gjort med markeringstusj, penn og papir direkte inn i det transkriberte intervjuet. Etter dette har eg forsøkt å finne overordna tema for kodane mine,

noko som gjerne vert kalla kategorisering (Bremborg, 2014:317). Desse kategoriene har vore utgangspunkt for temaa i analysekapitla i oppgåva. Empirien frå intervjuet er i analysen slik eg presenterer den, både knytt til tema og person. Temaa for analysen av materialet er inndelt på ein måte som til ein viss grad representerer intervjuguiden presentert i kapittel 3.3.1. Eg har delt analysen inn i tre kapittel. Kapittel 4 går, som andre punktet i intervjuguiden, på motivasjon. Kapittel 5 er knytt til kva erfaringar informantane har gjort seg gjennom deltakinga, noko som vert teke føre seg i kategoriene «møtet» og «konsekvensar». Opplevingar av utfordringar i dialogen vert presentert i kapittel 6, og samsvarer med same kategori i intervjuguiden. Gjennom kategoriseringa vert det lettare å føre et samanlikning av data, og slik danne eit bilet av materialet som er innhenta.

### 3.3.3 Å få kontakt med informantar

Det er fleire måtar å få informantar på. Eg nytta meg av ei blanding av å spørje tilfeldige personar som kunne vere aktuelle, og det Davidsson Bremborg kallar «snowball sampling» (2014:314). Snøballmetoden inneber å bruke informantar til å komme i kontakt med andre potensielle informantar. Eg deltok, som tidlegare nemnt, på tre arrangement i regi av Dialog på Tvers. Dei to første var i forkant av intervjuet eg føretok, og her hadde eg i utgangspunktet tenkt å få tak i informantar. Eg merka at det første arrangementet var for stort; det var for mange folk, og ikkje naturleg å mingle med nokon etter debatten var ferdig. Det andre arrangementet var derimot for lite, så eg fekk aldri sjansen til å snakke med nokon på tomannshand. Difor følte eg det unaturleg og vanskeleg å prøve å rekruttere nokon på dette arrangementet. Eg valte difor å ta kontakt med Dialog på Tvers på e-post når eg var tilbake i Bergen. I denne perioden hadde Dialog på Tvers både årsmøte og styremøte. Eg fekk tidleg kontakt med ein person i styret, som på desse møta sende rundt eit informasjonsskriv eg hadde skrive om meg og masterprosjektet. Eg hadde på førehand sett føre meg eit utval på seks til åtte informantar, ca. 50/50 frå kvar dialoggruppe. Gjennom kontaktpersonen fekk eg, i tillegg til denne personen, kontaktopplysingane til tre som ville vere informantar. Desse tok eg kontakt med sjølv på e-post i forkant av feltarbeidet. Også informantane i Unge Møter tok eg kontakt med på e-post. Her var utvalet meir tilfeldig. Nokon hadde eg vorte tipsa om, andre hadde eg fått nyss i gjennom å leite i sosiale media og nettavisar. Ikkje alle eg kontakta svarte, men fire stykke meldte si interesserte. Slik fekk eg fire informantar frå kvar organisasjon.

Eg opplevde kontakten med informantane som varierande. Nokre informantar fann eg tonen med med ein gong, medan andre var det vanskelegare å kommunisere med. Sosiologen Sigmund Grønmo viser til at eit typisk problem under datainnsamlinga er at kommunikasjonen mellom forskar og respondent er dårlig, slik at den som intervjuar ikkje får henta ut all den relevante informasjonen som intervjuobjektet har (2004:165). Eg merka at kommunikasjonen på særleg to intervju var vanskelegare enn på dei andre. Likevel følte eg at alle samtalane eg hadde var av ein slik kvalitet at eg fekk eit godt bilet av informantane sine ærlege og opne refleksjonar rundt tematikken i intervjuet.

Davidsson Bremborg hevdar at eit element som kan vere problematisk ved snøballmetoden, er at informantane gjerne kjem frå same omgangskrins, og at ein slik kan ende opp med eit homogent utval (2014:314). Sjølv om utvalet i dette forskingsprosjektet berre kjem frå to dialoggrupper, representerer det eit forholdsvis stort mangfald når det kjem til til dømes alder og trusretning innanfor dei rammene som er sett. Eit moment som kan trekkjast fram ved utvalet, som kan ha påverking på resultatet, er at alle informantane har vore aktive i styringa av dialoggruppa si, om det enten berre har vore i oppstarten, eller meir fast når gruppa har vore etablert. Dette kan innebere at nokre av svara deira kjem meir på vegne av gruppa, som ei offentleg uttaling, enn som ei personleg oppleving. Det kjem mellom anna fram at fleire har teke utgangspunkt i ein uttalt definisjon, enten frå si dialoggruppe eller frå Nansenskolen, når dei skal prøve å forklare omgrepet dialog. I intervju frå begge grupper vert det trekt fram at det er vanskeleg med rekruttering, og at dei ikkje får den oppsluttinga dei kanskje hadde ønska. Dette samsvarer med det intrykket eg fekk på deltakande observasjon 2 og 3, då om lag halvparten av dei oppmøtte var frå styret. Eg gjorde ei vurdering av at det ville vere unaturleg og aktivt gå inn for å finne informantar som ikkje hadde vore med i styret, når ein så stor del av dei aktive og engasjerte i gruppene faktisk har vore det. Fordi dei informantane eg har intervjuar har vore så pass aktive, har eg også fått eit variert og stort materiale, som eg kanskje ikkje ville fått om eg hadde samtala med nokon som hadde vore mindre engasjerte.

### 3.4 Forskingsetikk

Forskningsprosjektet vart godkjend av Norsk Samfunnsvitskapleg Datateneste i april 2014. Alle intervjuer er handsama i samsvar med deira reglement. Av åtte informantar, møtte eg sju av dei ansikt til ansikt. Desse fekk informasjon om masterprosjektet i forkant av intervjuet. Alle fekk tilsendt eit informasjonsskriv som også inneholdt ein kontrakt med mellom anna

informasjon om deira rettar som informantar. Denne vart signert då me møttest, før intervjuet starta. Det siste intervjuet vart føreteke via Skype. Her vart informanten informert om prosjektet i forkant av intervjuet. I tillegg fekk ho tilsendt det same informasjonsskrivet som dei andre hadde skrive under, på e-post. Intervjua vart spelte inn på bandopptakar, noko Davidsson Bremborg viser til er den beste måten å dokumentere eit intervju på (2014:316). Eg fekk munnleg samtykke frå alle informantane om å gjennomføre dette før sjølve intervjuet starta. Eg opplevde også at eg under den eine samtalen berre fekk ta opp delar av intervjuet. I dette tilfellet gav informanten meg beskjed om når eg kunne ta opp, og når eg skulle skru av bandopptakaren. Davidsson Bremborg hevdar at det er viktig å ta gode notat, sjølv om ein tek lydopptak av intervjuet. Dette til dømes i tilfelle uførutsette ting skulle skje, som å gå tom for batteri, eller at opptaket vert uklårt (2014:316). Eg hadde alltid med meg ei notatblokk når eg utførte intervju, slik at eg kunne ta notat under, og i etterkant av sjølve intervjuet. Her skreiv eg ned refleksjonar rundt det eg hadde vorte fortalt, og korleis eg synst sjølve intervjustituasjonen hadde gått.

### 3.4.1 Anonymisering

Anonymisering er noko av det eg synst har vore vanskelegast med masteroppgåva. Då eg starta med dette forskingsprosjektet, var tanken at eg skulle namngje dialoggruppene i studien. Etter å ha gjennomført intervjeta, dukka det opp fleire etiske problem ved å gjere dette. Alle problema botna i at religion- og livssynsdialogmiljøet for ungdom og unge vaksne i Oslo er forholdsvis lite. Dette gjer at om ein oppgjev for mange opplysingar om informantar eller organisasjon, vil det vere mogleg for personar som ikkje har delteke i studien, men har vore aktive i religion- og livssynsdialogmiljøet, å identifisere nokre av informantane. Desse refleksjonane har bidrige til at eg har valt å ikkje namngje organisasjonane eg tek utgangspunkt i, men kallar dei Dialog på Tvers og Unge Møter. I tillegg har alle informantane fått fiktive namn. Aldersgruppe og kjønn er korrekt attgjeve. Detaljar i dei personlege historiene til informantane kan også vere noko endra, for å ivareta anonymiteten.

Kommunikasjonen mellom dei to dialoggruppene i dette forskingsprosjektet er også tidvis tett. Det har komme fram at fleire av informantane kjenner til kvarandre. Dette er ikkje unaturleg med tanke på at dialoggruppene er høvesvis små. Informantane har ikkje fått kjennskap til kvarandre si deltaking gjennom meg, men det er ikkje usannsynleg at deira deltaking kan ha komme opp i samtalar dei i mellom. Dette har eg løyst ved å sende alle informantane intervjeta eg har gjort med dei på e-post, etter samtykke frå dei. Slik hadde alle

informantane moglegheit til å lese over, og rette opp i eventuelle misforståingar eller ting dei ikkje ville ha med i intervjuet. Dette gjorde eg fordi det var viktig for meg å vise dei respekt som informantar. Når desse åtte hadde teke seg tid til å delta på intervju for meg, var det viktig for meg å vise at eg tok dei på alvor. Det er eit fåtal av informantane som har gjeve meg tilbakemelding på intervjeta, men alle har i alle fall fått høve til å kommentere eller rette opp i intervjeta sine. Eg opplevde også å få spørsmål i løpet av intervjustituasjonen, om eg skulle snakke med personar som eg allereie hadde som informantar. I desse situasjonane gav eg beskjed om at eg ikkje ville namngje kven andre eg hadde samtala med, med omsyn til anonymitet.

### **3.4.2 Forskaren si rolle**

Ein slik ferdig tekst som det transkriberte intervjuet er, vil aldri vere berre eit resultat av kva informanten har fortalt, men også vere påverka av forskaren sine referanserammer og forståingshorisont (Grønmo, 2004:9). I følgje Fonneland vil den ferdige teksten vere eit samarbeid mellom observatør og aktør, i eit sosialt samspel (2006:230). Grønmo peikar på at kven forskaren er, vil påverke kva oppfatning og forståing ho har av det som vert studert (2004: 9). Det er dette som vert kalla refleksivitet. Det er difor viktig å merke seg at det er eit ujamt maktforhold mellom informant og forskar, der det er forskaren som sett rammene for intervjuet, og som på førehand veit kva som skal verte teke opp (Fonneland, 2006:232). Det er også eg som forskar som både får informasjonen, handsamar den, og vidareformidlar den. Ein annan forskar ville kanskje stilt andre oppfølgingsspørsmål, tolka materialet ulikt, eller trekt fram andre aspekt enn det eg har gjort.

Også ikkje-språklege element som mimikk og kroppsspråk er viktig for kva retning eit intervju kan ta. Dette kan til dømes ha noko å seie for kor god kontakt ein oppnår med informantane sine (Fonneland, 2006:231). Som tidlegare nemnt opplevde også eg at det var ulikt kor god kontakt eg fekk med informantane under intervjeta. Dette påverka ikkje berre informantane, men også meg som intervjuar. Når samtaLEN flaut merka eg at eg vart meir vel med situasjonen, og at eg vart flinkare til å stille oppfølgingsspørsmål. I dei intervjeta der samtaLEN ikkje sat like laust, merka eg at eg vart meir knytt til intervjuguiden min. Sånn sett kan det vere at eg oversåg ting i intervjuet der eg kunne stilt oppfølgingsspørsmål og fått spennande informasjon.

Grønmo viser til at ein bør vere så open som mogleg med informantane sine (2004:162). Eg opplevde at nokre av informantane mine lurte på om eg var religiøs sjølv. Då

svarte eg alltid som sant var, at eg ikkje rekna meg som religiøs. Eg fekk aldri respons om at dette var noko nokon såg på som problematisk, og hadde heller ikkje inntrykk av at dette var noko dei meinte utan å fortelje det til meg.

Også bakgrunnskunnskap kan ha noko å seie for kva spørsmål ein stiller, og korleis dei vert stilte. Då eg føretok intervjuet hadde eg delteke på tre ulike dialogarrangement for ungdom og unge vaksne, i tillegg til det større dialogmøtet til STL. I tillegg hadde eg tileigna meg litt teoretisk kunnskap gjennom bøker eg hadde lest om emnet. Eg opplevde at informantane mine stort sett hadde lyst å fortelje, og at dei møtte spørsmåla mine med engasjement.

### **3.4.3 Forskar eller ven?**

Eit poeng å trekke fram er at eg på mange måtar har hatt mykje tilfelles med informantane. Mange har eg vore om lag like gammal som, og fleire av informantane er studentar, som eg. Fonneland peikar på at det tette forholdet som kan oppstå mellom forskar og informant, kan vere eit svakt punkt ved kvalitativ forsking (2006:234). Under eit feltarbeid kan ein ofte komme veldig tett på kort tid. Informanten deler opplysingar, som gjerne kan vere personlege og nære. Om ein får eit godt forhold til informanten, kan det av og til vere vanskeleg å skilje mellom ven og forskar, både for informant og den som føretok intervjuet. Eg synst sjølv dette har vore ei litt vanskeleg rolle. Mange av informantane har eg kommunisert lett med, og me har hatt ein venskapleg tone under intervjuet. Mange har eg også snakka med når sjølve bandopptakaren har vore skrudd av. Slik har det kanskje vore vanskeleg å skilje kva som er intervju og kva som berre er ein vanleg samtale. Dette er også ein grunn til at eg synst det har vore fordelaktig å kunne sende intervjuet til informantane mine, slik at dei veit kva materiale knytt til dei eg skal bruke.

### **3.4.4 Sensitiv informasjon**

I følgje Norsk Samfunnsvitskapleg datateneste vert informasjon om religiøs oppfatning rekna som sensitive opplysingar (Norsk samfunnsvitskapleg datateneste, 2015). Difor vert det som vist over viktig å ivareta informantane sine interesser og handsame opplysingane som vert innhenta med varsemd. I fleire intervju har eg opplevd at det har kome opp opplysingar eller tematikk som kan opplevast som sensitive. Særleg har Midtausten-konflikten komme opp som tema som har vore utfordrande i dialogen. For å kunne handsame denne informasjonen på best måte, har eg valt å ikkje knyte alle utsegne knytt til denne konflikten opp mot

personane som har komme med dei. Midtausten-konflikten er eit sensitiv tema, og på denne måten vil ikkje utsegner som kanskje kan opplevast som støytande for nokon kunne knytast til einskilde personar.

### 3.5 Informantane

Utvalet i denne oppgåva er åtte unge menneske med ulik religion- og livssynsbakgrunn. Det er ikkje meint at informantane skal vere eit representativt utval av unge menneske med religion- og livssynstilhørsle i Noreg. I og med at denne kvalitative studien er såpass liten, vil det ikkje vere mogleg for meg å få ei brei dekning av alle bakgrunnsfaktorar som kan spele inn (kjønn, geografi, religiøs tilhørsle, osb.). Det har derimot vore eit mål at informantane mine skal representere eit utval av ungdom og unge vaksne som deltek på interreligiøs dialog i Oslo. Det har også vore eit mål at dei har variert religion- eller livssynsbakgrunn.

#### 3.5.1 Informantane sine eigeninteresser

For nokre av informantane vil det kanskje ha vore ein motivasjonsfaktor til å vere med at prosjektet kan skaffe publisitet til eigen organisasjon, eller få fokus på religion- og livssynsdialog. Då eg gjorde intervju med informantane, var det enno ikkje bestemt at dialoggruppene i prosjektet skulle verte anonymiserte. Om dette var motivasjon for nokon av deltakarane, kan dei til dømes ha fortalt om interreligiøs dialog i eit positivt ordelag for å fremje dette som fenomen. Når det er sagt, meiner eg likevel at intervjuet gav rom for nyansar, og at det kom fram både positive og negative sider ved interreligiøs dialog i alle intervjuet.

#### 3.5.2 Presentasjon av informantane

Dialog på Tvers og Unge Møter er begge organisasjonar som rettar seg mot ungdommar og unge vaksne. Den eine gruppa er ein organisert organisasjon, som er open for ungdommar med kva som helst slags tru eller livssyn. Unge Møter kallar seg eit nettverk, og er ikkje organisert. Denne er i utgangspunktet for jødar, kristne og muslimar, men det er også ope for at personar frå andre religionar eller livssyn kan delta.

Eg har fire informantar frå kvar gruppe. Alle informantane er frå starten av 20-åra til starten av 30-åra. Dette med unntak av den eldste informanten, som er i slutten av 30-åra. Ein av informantane bur for tida i utlandet, men er likevel aktiv i dialogarbeid her i Noreg.

Informantane har i ulik grad delteke i dialogarbeid. Nokre har vore veldig aktive, både med anna dialogarbeid tidlegare, dialogarbeid i den gruppa dei er med i no, eller begge deler. For andre er deltaking i religion- og livssynsdialog ganske nytt.

### 3.5.2.1 Dialog på Tvers

**Ali:** Ali er den eldste informanten i dette forskingsprosjektet, i slutten av 30-åra. Han er fødd og oppdregen i ein muslimsk familie, men det var ikkje før i vaksen alder at han vart praktiserande sjølv. Han viser til at han har hatt fleire periodar der han har vore «litt sånn av og på», men at han i dag reknar seg som ein aktiv muslim i forhold til det han ser på som «gjennomsnittsmuslimen». I tillegg har han gjennomgått det han kallar ei spirituell reise, der han også har fått interesse for nyreligiøse element, yoga og meditasjon: «Så det er vel mi sånn andelege reise då. Men det har vore på to plan. Det har vore på mi muslimske tru, også har det vore på det spirituelle planet».

Ali har vore aktiv innanfor ein muslimsk ungdomsorganisasjon tidlegare, og det var slik han fekk nyss i Dialog på Tvers. Han har vore med i oppstarten av denne gruppa, og har vore sentral i organisasjonen. Han er ikkje aktiv no lenger. Ali sin definisjon av dialog er «først og fremst å gå inn med eit ope sinn i noko».

**Nathalie:** Nathalie er i 20-åra, og er i gang med ei universitetsutdanning. Ho er medlem av Familieforbundet for Verdensfred og Enhetsforbundet, og har vore aktiv i arbeid knytt til ungdomsgruppa i dette trussamfunnet.

Nathalie har vore engasjert i Dialog på Tvers frå organisasjonen starta opp, og er framleis aktiv i dag. Sjølv kallar kalla ho seg «dialogfrelst», og prøver å trekke inn dialog som ein naturleg måte å kommunisere på i kvardagen. Ho framhevar at i dialog er det lytting som kjem først, deretter å dele. Viktig for ho er også at dialog er å forstå den andre litt betre.

**Jonas:** Jonas har vakse opp på Austlandet, og er i slutten av 20-åra. Han er for tida student ved Universitetet i Oslo. Jonas har hatt ein kristen oppvekst, som han karakteriserer som prega av ein konservativ, karismatisk, litt voldsom type kristendom. Etter å ha gått på bibelskule og møtt kristne med andre perspektiv enn han sjølv, vart han gradvis meir og meir liberal. I dag reknar han seg som ateist.

Jonas var tidlegare aktiv i kyrkjelydsliv. Han har også vore aktiv i diverse frivillig arbeid knytt til studiet og ideelle organisasjonar. I følgje Jonas har den religiøse reisa hans

gjort at tankar om dialog har vore viktig for han lenge, men han hadde ikkje vore med i dialogarbeid før han vart med i Dialog på Tvers for kort tid sidan. For Jonas er elementet av forståing sentralt i dialogen: «Viss ein greier forstå kvifor folk trur, så greier ein å forstå kvifor dei gjer som dei gjer. Det er det viktigaste, tenkjer eg».

**Amalie:** Amalie er i starten av 20-åra. Ho kjem frå ein by på Vestlandet, men tek bachelorstudiane sine i Oslo. Ho er humanist, noko som for ho inneber «at mennesket er sjølvstendig og kan ha ansvar for sine handlingar og eit ansvar overfor andre. Og at ein ikkje baserer verdsbiletet sitt på noko overnaturleg, men heller det ein kan observere».

Ho er ein engasjert person, og har vore aktiv i Humanistisk Ungdom høgt oppe i organisasjonen i fleire år. Ho var også med på oppstarten av Dialog på Tvers, og delteke på fleire arrangement i regi av gruppa. Amalie hevdar at for å få ein god dialog, må ein gå inn med ei haldning om at ein skal vise respekt og forståing for den andre parten». For ho er det viktig at ein ikkje naudsynleg skal verte samde, men ein skal lytte og forsøke å forstå dei andre sine synspunkt.

### 3.5.2.2 Unge Møter

**Guro:** Guro er ei kristen kvinne i starten av 20-åra. Ho er fødd og oppvaksen i ein bydel på austkanten i Oslo, der det i følgje ho sjølv er folk frå veldig mange ulike kulturar. Ho er student, og studerer til å verte prest i Den norske kyrkja. Guro har vore engasjert i aktivitetar knytt til hennar tru tidlegare. Ho har også vore med på dialog før, gjennom ei kvinnegruppe i hennar bydel.

Guro trekkjer fram at dialog er viktig på eit samfunnsplan. Men gjennom å delta på dialogmøte, har ho også vorte sikrare i religionen sin: «Eg har følt at eg har vorte tryggare i min ståstad, fordi ein føler at ein deler ting: Ein deler trua på noko større enn seg sjølv [...]».

**Anna:** Anna er ein ortodoks jøde, som har flytta til Oslo for å studere. Religion utgjer ein stor del av kvardagen hennar, og ho deltek ofte på sabbathsfeiringar i synagogen og overheld kasjrut-reglar. Det jødiske miljøet i Noreg er lite, og Anna har valt å engasjere seg i det jødiske studentmiljøet, også for at andre jødiske studentar skal ha eit tilbod. Ho har vore med og arrangert dialogmøte gjennom Unge Møter, men er ikkje aktiv i gruppa no lenger.

Anna understrekar at ho ikkje har andre forventningar frå dialogen enn at det er folk med ulik tru som møtast, enten i eit nøytralt rom eller i eit gudshus. Ein møtast, og så ser ein

kva som skjer. «Og alt som kjem ut av det er forhåpentlegvis positivt».

**Samira:** Samira er ei kvinne i starten av 30-åra. Ho er fødd i ein sjiamuslimsk familie i Iran, men kom til Noreg tidleg på 90-talet. Ho er oppvaksen i ein bydel i Oslo-aust, som ho karakteriserar som ein fleirkulturell bydel. Samira understrekar at ho på fleire måtar er minoritet, både som muslim, som sjiamuslim blandt muslimar, og som praktiserande sjiamuslim blandt iranarar i Noreg. Då ho vaks opp fanst det ikkje persisktalande moskéar i Oslo, så ho har gått mykje i irakiske sjiamuslimske kyrkjelydar.

Samira har hatt stort engasjement i ulike organisasjonar knytt til trua hennar, heilt sidan tenåra. I dag arbeider ho med formidling av ulikt slag. Samira fortel at ho har gjennomgått ei religiøs utvikling, som mellom anna har resultert i at ho har sluttå å gå med hijab. For Samira handlar dialog først og fremst om «å lære kvarandre å kjenne som menneske før du lærer kva tankegang ein har». Ho nemner også at det er viktig å lytte til kvarandre og forstå kvarandre, sjølv om ein ikkje naudsynleg vert samde.

**Siri:** Siri er kristen og i starten av 30-åra. Ho er oppvaksen på Sørlandet, men bur no i Oslo. Ho har tidlegare studert teologi, og var aktiv i dialogarbeid allereie då. I dag jobbar ho som dialogprest i Den norske kyrkja. Sidan ho jobbar som prest, understrekar ho at hennar rolle på dialogmøta er litt ulik enn dei andre deltagarane, sidan ho ikkje er med på frivillig basis.

Sentralt for Siri i ein dialogdefinisjon, er at ein må vere open for endring. «Viss ein krev at andre menneske skal lytte til ein sjølv, at det skal vere ein ordentleg samtale, ein ordentleg dialog, så må ein no vere open og lytte ordentleg til kva den andre seier. Og la seg bevege av det».

### 3.6 Oppsummering

Den kvalitative metoden vert i dette prosjektet brukt for å gå i djupna på opplevingane til ungdommar og unge vaksne som har delteke i interreligiøs dialog. Dette har vore gjort gjennom deltakande observasjon og semistrukturert intervju, med hovudfokus på sistnemnte. I dette kapittelet har desse metodane vorte presenterte, med vekt på korleis dei har vore brukt i dette forskingsprosjektet. Eg har presentert prosessen med utviklinga av intervjuet, frå heilt i starten å kontakte informantar og utvikle tema og spørsmål for intervjuua, til sjølve intervjuusuasjonen, og deretter prosessen med å skape intervjuet om til tekst. Eg har også presentert etiske problemstillingar knytt til å gjere feltarbeid. Informasjon om religiøs

oppfatting vert rekna som sensitive opplysingar av Norsk Samfunnsskapleg Datateneste (2015). Difor har problemstillingar knytt til anonymisering vore særleg sentralt i dette prosjektet. Til slutt har informantane vorte presenterte.

Dei tre neste kapittela utgjer analysedelen i denne oppgåva. Kapittel 4 presenterer kva som har motivert informantane til å delta i interreligiøs dialog. Kapittel 5 tek føre seg erfaringar informantane har gjort seg gjennom deltakinga. Til slutt, i kapittel 6, vert korleis informantane opplever ulike utfordringar i dialogen presentert.

## 4. Kva motiverer?

Kva er det som motiverer ungdom og unge vaksne til å delta i interreligiøs dialog? Utvalet mitt er ei mangfaldig gruppe, både når det kjem til tilhørslle knytt til faktorar som religion og livssyn, alder og livssituasjon. Likevel har alle til felles at dei har valt å delta i samtalar på tvers av ulik religionar og livssyn. For meg har det mellom anna vore interessant å sjå på kva som motiverer desse åtte unge informantane til å ta del i interreligiøs dialog. Kva faktorar er deira deltaking driven av? Og har informantane same grunn til å delta, eller er det store sprik i det dei grunngjev som interesse for å møte unge menneske med anna religion og livssyn enn dei sjølve? Til slutt vil eg også sjå vidare på korleis informantane opplever det å vere aktive i sin religion eller livssyn i eit sekulært samfunn, og om dette kan reflekterast i deira deltaking i interreligiøs dialog.

### 4.1 Motivasjon

Kva er eigentleg motivasjon? Sjølve omgrepet stammar frå det latinske ordet *move*, som tyder «å bevege» (Geen, 1995:14). Ordet har altså med driv eller drivkraft å gjere. Motivasjon er det som gjev energi og mål for åtferda vår (Helgesen, 2008:78). Professor i psykologi Russell G. Geen (1995) viser til at motivasjon som omgrep i åtferdpsykologien stammar frå 1900-talet. Han peikar likevel på at motivasjon slik som dei fleste forstår det – som eit ord som skildrar innleiinga til ei handling, valet av mål for åtferda vår, og innsatsen ein legg i det – går lengre tilbake i tid (1995:6).

Psykolog Leif A. Helgesen, viser til at det i psykologien er det vanleg å skilje mellom ytre og indre motivasjon for mennesket sine handlingar (2008:78–79). Når eit menneske handlar gjennom ytre motivasjon, vil handlinga vere motivert utelukkande av det resultatet ein ønskjer å oppnå gjennom å gjere som ein gjer. Eit døme på dette kan vere å delta på interreligiøs dialog for å byggje nettverk. Slik vert måten ein opptrer på eit verktøy for å oppnå dei måla ein har sett seg, sjølv om det ikkje finst noko logisk samband mellom handlinga og målsettinga (Helgesen, 2008:91) I forbindelse med ytre motivasjon, nyttar ein seg ofte av omgrepet insentiv. Dette vert brukt om dei ytre motivasjonsfaktorane som motiverer til handling. Eit insentiv er altså drivkrafta bak handlinga. Ytre motivasjon vert kjenneteikna av åtferd orientert mot handlingane sine konsekvensar. Helgesen viser til at alle handlingar som me forventar skal gje ettertrakta sosiale eller materielle konsekvensar, motiverer (2008:91). Indre motivasjon er derimot knytt opp mot åtferda sin eigenverdi. Me gjer altså noko ut av interesse, fordi handlinga gjev mening i seg sjølv (Helgesen, 2008:92).

Eit døme på dette vil vere å delta på interreligiøs dialog fordi ein synst det er spanande. Skiljet mellom ytre og indre motivasjon går altså ikkje på sjølve handlinga, men heller kva som ligg til grunn for den.

Denne oppgåva vil ikkje ha eit religionspsykologisk fokus. På trass av dette, ønskjer eg å nytte meg av omgrepene insentiv. Dette gjer eg for å kaste lys over motivasjon for å delta i interreligiøs dialog. I psykologien vert gjerne insentiv brukta i eintal, som ein felles term på dei faktorane som skapar motivasjon (Møll Schoder, 2010:36). I denne oppgåva vil insentiv brukast i fleirtal, for å sjå på dei motiva som er bakgrunn for deltaking i interreligiøs dialog. Eg vil med andre ord ikkje sjå om det finst eit felles insentiv for å delta i interreligiøs dialog, men heller kva insentiv informantane har for å delta, om dei har fleire insentiv, eller om dei ikkje har nokon i det heile tatt. Masterstudenten Reier Møll Schoder understrekar at insentiv i ein religionsvitenskapleg kontekst ikkje vert avgrensa til ytre motivasjonar, men at dei også inkluderer dei indre (2008:36). Det er også slik eg har valt å bruke omgrepet insentiv.

I sin analyse av interreligiøs dialog vektlegg også Nagel og Kalender (2014), kva som motiverer menneske til å delta i interreligiøs dialog. Som vist i teorikapittelet, kjem desse fram til sju kategoriar for deltaking, der tre går på impulsar utanfrå, og fire på impulsar innanfrå. Som det vil komme fram seinare, vil nokre av deira kategoriar samsvare med nokre av kategoriane som har vorte konstruerte for denne oppgåva. Særleg relevant i forhold til denne oppgåva vert det mellom anna å trekke fram korleis individuelle hendingar kan spele ei rolle i å trigge interreligiøst engasjement (impulsar utanfrå), eller korleis eit ønske om å styrke religion generelt kan føre til deltaking. Det kan også trekkjast fram korleis eit ønske om å styrke ein særskild religion i eit aukande sekulært samfunn kan motivere til interreligiøs dialog. Også Nagel og Kalender sin kategori samfunnsinteresser, som går på motivasjon for eit meir ope og mindre fordomsfullt samfunn der medlemmar frå ulike religionar kan leve saman heller enn berre «ved sidan av» kvarandre, vert relevant i denne oppgåva (2014:89–94).

#### 4.1.1 Insentiv for deltaking

Etter intervju med informantane har eg gått igjennom materialet og funne fem kategoriar for deltarane sine insentiv. Den første kategorien, «ganske tilfeldig», viser at det ikkje er dei sjølve som har vore motiverte for å delta, men nokon utanfrå som har rekruttert dei til dialogen. I den andre kategorien, «å verte forstått», kjem det fram eit ønske om å verte møtt og akseptert av andre menneske, anten dei er vener og familie eller ukjende. «Å knyte

kontaktar» er også ein kategori som trer fram i materialet. Dette kan kome i form av arbeidslivet eller venskap, og kan vere ein motiverande faktor både for å verte med og å halde fram med å delta. I kategorien «respons på terror» er ønsket om å delta i interreligiøs dialog knytt til ei einskild hending. Den siste kategorien, «idealisme», samsvarar med det Leirvik kallar naudsynleg dialog. Her kjem samfunnsaspektet ved dialogen til syne. Desse informantane er motiverte av å bruke dialog til å skape ei meir konfliktfri verd.

Det må understrekast at dei kategoriane som vart presenterte over, ikkje ekskluderer kvarandre, men heller flyt litt over i kvarandre. I materialet kjem det tydeleg fram at mange informantar bevegar seg mellom fleire kategoriar: Nokre har kanskje hatt ein grunn for å verte med, men ein annan for å halde fram, medan andre har oppgjeve fleire motiverande faktorar for å delta. Dette er naturleg, sidan dei er mine konstruerte kategoriar, og ikkje deira eigne. Dette understrekar kompleksiteten i både feltet og materialet mitt.

#### 4.1.1.1 Ganske tilfeldig

Det kan kanskje vere overraskande at insentivet for å byrje med interreligiøs dialog ikkje naudsynleg er noko som står så sterkt hjå alle informantane. Det vert ofte trekt fram i forskinga at deltakarar i interreligiøs dialog har ein grunn til å vere med på dialogen, noko som driv dei til deltaking.<sup>9</sup> I dette materialet, har derimot mange av informantane trekt fram at det eigentleg var ganske tilfeldig at dei vart med på interreligiøs dialog. Fleire har vore med i ungdomsorganisasjonar knytt til sin religion eller livssyn. Både Ali og Amalie vart med på dialogkonferanse for første gong på invitasjon gjennom sine organisasjonar.

[Ali]: Ja, eg vart invitert på konferansen... Eller, UngMuslim vart invitert dit, og så vart eg førespurt om eg ville vere med. Også berre drog eg, og synst det var spanande.

Her viser Ali at han vart med på sin første interreligiøse dialogkonferanse på førespurnad. Han kom som representant for ungdomsorganisasjonen han var medlem i, og det var eigentleg ganske tilfeldig at han vart med. Dette kan også sjåast i intervju med Amalie, som også hadde si første interreligiøse dialogoppleveling på dialogkonferanse.

[Amalie]: Eg hørte no om det dialogtreffet, berre gjennom nyhendebrev frå Humanistisk Ungdom. Eg hadde vore litt med i Humanistisk Ungdom, og tenkte at dette høyrest interessant

---

<sup>9</sup> Jamfør t.d. Leirvik (1996:159–179) og Nagel & Kalender (2014).

ut. «Eg skal ingenting den helga, så eg kan like godt vere med». Så eg trur ikkje eg hadde så veldig medvite forhold til det den første gongen når eg for til Nansenskolen. Men eg synst no det var veldig spanande å vere med, og på ein måte, den veka gjorde meg veldig engasjert, og eg fekk lyst til å vere med meir då.

Her trekkjer Amalie fram at sjølv om ho ikkje hadde eit medvite forhold til å verte med i interreligiøs dialog då ho byrja, så har det at det fenga gjort at ho fekk lyst til å vere med meir. Dette samsvarer også med Ali sin uttale, som viser til at han synst dialogkonferansen var spanande. Informantane har med andre ord ikkje hatt ein sterkt motivert faktor for å vere med på dette. Begge informantane trekkjer fram at dei har fått nyss i dialog gjennom sine respektive organisasjonar, som dei er medlemmar i. Fleire informantar har trekt fram at organisasjonar nytta seg av nyhendebrev som vert sendt ut til trus- og livssynsbaserte ungdomsorganisasjonar for å informere om kommande arrangement, og slik rekruttere ungdommar til møta deira. Slik kan potensielle deltakarar som ikkje naudsynleg har eit forhold til dialog på førehand, også verte rekrutterte inn i dialogen.

Også informantan Nathalie trekkjer fram at ho sjølv ikkje hadde eit motiv for å ta del i ein dialogorganisasjon. Men i motsetnad til Ali og Amalie, så fekk ikkje Nathalie invitasjon frå Nansenskolen til å verte med gjennom hennar organisasjon. Hjå Nathalie var det pågang frå familie som fekk ho til å delta.

[Nathalie]: Eg har vore med på andre aktivitetar, men ikkje interreligiøst i den forstand at unge sit saman. Eller, akkurat det Dialog på Tvers gjer hadde eg ikkje vore med på før. Det var eigentleg pappa som fann ein annonse på LNU [Norsk barne- og ungdomsorganisasjon] sine nettsider, og sa at eg måtte vere med. Og eg sa først at eg ikkje hadde lyst, men han haldt fram i fleire veker med «har du meldt deg på?» og «dette synst eg var veldig spanande for deg» [...] Så tenkte eg «åh, så slitsamt dette her var» [latter]. Men så gjorde eg det, og det han fann var eit seminar for ei arbeidsgruppe i 2009, for å arrangere eit trus- og livssynsseminar for unge på Nansenskolen. Og eg hadde ikkje sett det i det heile tatt, det var berre pappa som fann det. [...] Så det vart min inngang. Veldig morosamt då, det var no ikkje planlagt. Det var litt sånn «kom igjen, no må du gå», og så var det kjempekjekt. Så eg er veldig takksam overfor pappa som tok det initiativet.

Nathalie gjev uttrykk for at ho eigentleg ikkje hadde lyst til å vere med i Dialog på Tvers i utgangspunktet. For ho vart det avgjerande at far hennar pressa på for at ho skulle vere med.

Gjennom alle tre intervjuia får ein innblikk i korleis organisasjonar bruker sosiale

medie, enten det er nyhendebrev eller annonsar på Internett, som ein kanal for å ta kontakt med ungdommar. Sjølv om desse tre informantane ikkje har hatt ein medviten årsak for å delta, vil eg understreke at det ikkje vert reflektert i eit lågare engasjement i deira deltaking i dialogen enn hjå dei andre informantane.

Eg vil argumentere for at ein kan skilje mellom insentiv for å verte med, og insentiv for å halde fram med å delta. Alle tre informantane uttrykkjer at dei ikkje hadde noko særskild motiv eller mål for å verte med. Men dei viser at dei har likt å verte kjende med nye menneske, og at det har vore spanande å høyre om andre folk sine perspektiv, og religionar og livssyn. Dette har gjort at dei har vorte med vidare. Nathalie trekkjer også fram opplevinga av interesse og nyfikenheit frå andre og at religion i seg sjølv er spanande, som grunnar til at ho haldt fram med deltakinga. Alle tre informantane trekkjer fram ordet «spanande». Ali og Amalie viser til at å delta på dialog har vore spanande, og Nathalie trekkjer fram at ho synst religionar er spanande. Ved å kople dette opp mot motivasjonsomgrepet, ser ein at dette kan vere eit insentiv i seg sjølv. Informantane har ikkje hatt eit særskilt insentiv for å delta i utgangspunktet. Men, eg vil argumentere for at deira vidare deltaking er driven av eit indre insentiv. For desse deltakarane har interreligiøs dialog ein eigenverdi i seg sjølv; i det at det er spanande, heller enn at dei i utgangspunktet ville oppnå noko.

#### 4.1.1.2 Å verte forstått

Medan dei tre førre informantane ganske tilfeldig har komme bort i interreligiøs dialog, har denne gruppa eit heilt anna utgangspunkt. Jonas skil seg frå dei andre informantane i at motivet hans for å delta i interreligiøs dialog er drive av eit ønske om å betre kommunisere med menneske han allereie kjenner og har eit forhold til. Han viser i intervjuet at ein viktig faktor då han vart med i interreligiøs dialog, var at han kunne lære gode måtar å kommunisere på med personar frå det gamle trussamfunnet sitt.

[Kjersti]: Men kva var det som gjorde at du vart interessert i interreligiøs dialog?

[Jonas]: Med tanke på dialog så trur eg kanskje det var spesielt på grunn av at eg har den bakgrunnen som eg har hatt. At eg har gått igjennom ei sånn vanvitig endring trusmessig. Og dei fleste venene mine er no framleis frå det gamle miljøet. Så det har vore veldig viktig for meg å møte dei på riktig måte då. Så eg har vore veldig medviten på korleis eg møter dei.

Jonas har vakse opp i ein kristen heim, og fortel om ein oppvekst prega av ein misjonerande type kristendom. I dag reknar han seg som ateist. Han viser i intervjuet til at ei av

konsekvensane av trusendringa hans, er at han har fått nye perspektiv på den gamle religionen sin. I følgje Jonas har ein viktig del av utviklinga hans vore å reflektere rundt den kristne trua han hadde før. Ein naturleg del av dette har vore å kritisere den gamle trua. Men for Jonas har det vore veldig viktig at kritikk skal gjerast med respekt. Å delta på interreligiøs dialog har difor vore drive av eit ønske om å møte menneske som er nær han, som han bryr seg om.

[Jonas]: Og spesielt i forhold til familie og sånn. Det er kanskje det viktigaste. Å kommunisere på riktig måte. For det har ikkje vore lett å hoppe av den vogna som eg var på, og veldig mange av dei vart no veldig såra når eg... Ja, for berre det at eg ikkje trur på det same som dei kan dei oppleve som kritikk. At eg seier at det du trur er feil, ikkje sant. Når ein snakkar om religion, så vert det så veldig djupt då. Folk tek det veldig personleg [...]. Så kritikk er vanskeleg, men viss det gjerast på riktig måte med god kommunikasjon, så kan det også gjerast til noko positivt. Og det har eg opplevd med mange av mine vener, at det ikkje har vore noko problem. Stort sett. Så derfor har no dialog vore veldig viktig.

[Kjersti]: Så det var personleg motivasjon?

[Jonas]: Ja, veldig. Så tankar om dialog hadde vore viktig for meg, før eg høyrt om Dialog på Tvers.

Gjennom å bruke dialog, har Jonas opplevd at hans trusskifte har vorte teke imot på ein fin måte av dei fleste frå det gamle trussamfunnet hans. Eit fokus som vert trekt fram hjå fleire av informantane er ønsket om å sjølve verte møtte av andre. Dette kjem også fram hjå Jonas.

[Jonas]: Det som fascinerer meg litt då, er no at eg skulle ønske at dei var like flinke tilbake [å møtast i dialog]. Men eg kan no vere vanskeleg eg òg. Ein er no ikkje perfekt.

Jonas uttrykkjer eit ønske om gjensidig fokus på å møtast i dialog frå det gamle trussamfunnet hans. Fleire informantar uttrykkjer eit ønske om å bruke dialog til å bryte ned fordommar. Her vert det også fokusert på fordommar som ein opplever andre har mot ein sjølv. Dette kjem mellom anna fram i samtale med Anna.

[Anna]: [...] Eg ville gjere det mindre mystisk. Det er mange misoppfatningar om jødar; det er mange falske rykte om jødar, så det var noko eg ville gjere.

Det jødiske miljøet i Noreg er lite, og Anna opplever misoppfatningar og falske rykte om jødar i samfunnet. Gjennom å møte folk frå andre religionar og livssyn, håper ho å kunne

fjerne mystikken ho opplever er forbunde med å vere jødisk. Nagel og Kalender kallar det symbolske interesser når dialogdeltakarane bruker den interreligiøse dialogen som ein måte å styrke religion på i eit aukande sekulært samfunn (2014:91). Anna opplever at gjennom å møte menneske som ikkje vedkjener seg ei jødisk tru eller praksis, kan eit resultat vere at dei får eit meir korrekt bilet av hennar religion. Ho trekkjer fram opplevingar av antisemittisme og at det framleis er veldig vanskeleg å vere jøde i Noreg. Anna understrekar at religion har lite innverknad på det norske samfunnet, og at nordmenn generelt sett har lite inntrykk av religion i oppveksten. Dette vurderer ho som ein mogleg faktor til at ein får fordommar mot religionar.

[Anna]: Dialog er moglegvis ein måte å motarbeide antisemittisme på, og meir generelt sett, fordommar mot jødar, mot muslimar, og andre grupper.

Hareide trekkjer fram at målet med dialog er å forstå den andre parten. Gjennom å møte den andre, og få innblikk i deira historie, kjensler og tankar, kan ein verte meir open både på det personlege planet, men også det spirituelle (2009:34). Både Jonas og Anna nyttar seg av dialog som eit verktøy knytt til forståing. For Anna vert dialogmøte ein kanal ho kan bruke for å vise korleis hennar religion verkeleg er, og ikkje slik ho opplever andre trur han er. Det er få jødar i Noreg, og Anna fortel at det er fleire jødar som opplever behov for å halde trua si skjult i det offentlege. Eg forstår Anna sine utsegner som eit uttrykk for eit ønske om å representera jødedommen på ein måte som gjev eit meir korrekt bilet av kva ho legg i å vere jødisk. Sjølv om ho vidare i intervjuet viser til at det har vore interessant å møte menneske med anna tru og livssyn enn ho sjølv, vil eg argumentere for at fokuset hennar i stor grad er på å vere synleg for menneske som har ei anna religiøs tilknyting enn ho sjølv, og slik spreie kunnskap og hindre fordommar om eigen religion.

For Jonas vert derimot dialog viktig, ikkje for å spreie kunnskap om seg sjølv og sitt livssyn til *nye* menneske, men for å kommunisere med folk han allereie kjenner. Han fortel at han også før han vart med på interreligiøs dialog prøvde å møte dei fra det gamle trussamfunnet på ein så bra måte som mogleg. Men med tida har han tileigna seg kunnskap som har gjort han flinkare på dialog. Slik eg tolkar Jonas sine utsegner, har dialogmøta hjelpt han til å betre kunne utvikle måtar å kommunisere sine nye meningar til vener og familie på. Sjølv om dette incentivet tydeleg kjem til uttrykk i intervjuet med Jonas, trekkjer han også fram eit ønske om at hans gamle trussamfunn skulle ha vore like interesserte i å møte han som han er i å møte dei. Jonas viser også seinare i intervjuet til at han har prøvd å rekruttere vene

frå det gamle trussamfunnet sitt til å verte med i Dialog på Tvers. Dette tolkar eg som eit uttrykk for at Jonas har eit behov for at menneske frå det gamle trussamfunnet hans møter han i samtale, og godtek han slik han er no. Slik eg forstår deira utsegner bruker begge dialog som eit verktøy for å oppnå ein aksept hjå andre. For Anna og Jonas vert det difor eit viktig fokus ikkje berre å fortstå den andre parten, som Hareide trekkjer fram, men å bruke dialog som ein måte å sjølve verte forstått på. Slik forstår eg også deira drivkraft for å delta i dialogen som indrestyrt. Dette fordi at sjølve ønsket om å delta er drive av eit ønske om å verte forstått, der det å verte forstått har ein verdi i seg sjølv.

#### 4.1.1.3 Å knyte kontaktar

Som nemnt innleiingsvis i kapittelet har nokre informantar fleire insentiv for å delta i interreligiøs dialog, og går slik inn under fleire kategoriar i analysen. Nathalie hadde ingen medvitne motiv når ho vart med på dialogtreff første gong. Likevel trekkjer ho fram å knyte kontaktar som ein motiverande faktor for det dialogarbeidet ho har drive med vidare. Dette forstår eg som eit ytre insentiv, i ønsket om å delta i dialog for å opne opp for moglegheita til å bygge nettverk. Dialogmiljøet i Oslo er forholdsvis lite. Dette gjer at ein gjerne veit om kvarandre sine organisasjonar, og at det kan vere tette band organisasjonane i mellom. Fleire informantar fortel at dei ofte har vorte inviterte av andre organisasjonar, anten det er for å representere eller berre for å delta på ulike dialogarrangement. Dette fører til at ein kan knyte kontaktar, både med andre menneske som deltek i dialog, men også med andre organisasjonar som driv med dialogarbeid. Dette trekkjer Nathalie fram som ein faktor for at ho har vorte med på interreligiøs dialog.

[Nathalie]: Eg tenkjer at eg hadde no ein litt sånn fleirdelt motivasjon også, då, i det at først foreslo pappa det, og så fann eg ut at dette var veldig interessant. Og så i tillegg så var det den karrierebiten inni det, der eg skjønte at eg kunne verkeleg få kontaktar som vart viktige for meg seinare... Men eg føler nok at mange kjem fordi dei har ei genuin kjensle av at tru og livssyn er viktig, dialog er viktig, og det er viktig at me møtast og snakkast. Så eit ønske om dialog føler eg mange har til felles. Også eit par menneske som har skjønt det at kontaktar, det er alt [latter]. Eg trur det var ein av dei tinga eg sa til [annan person i organisasjonen] også, for ho vart ganske imponert når eg kjente alle på den lista over trus- og livssynssamfunn. Og då såg ho at eg hadde kontaktar. Eg veit ikkje om det var ein motivasjon for ho, men eg trur... I alle fall no i det siste har ho vore ganske tydeleg på det: «Ja, eg vil gjerne reise på det møtet på rådhuset, for då veit eg at eg får nye kontaktar».

Nathalie fortel at ho kunne tenkje seg å jobbe med dialog også i framtida, når ho er ferdig å studere. For ho vert dialogarrangementa soleis ein viktig arena for å knytte kontaktar, som ho kan nyte godt av når ho skal ut i arbeidslivet. Ho viser også at ho har inntrykk av at fleire i organisasjonen har same tankegang som ho kring dette. Også Siri uttrykkjer at kontaktar har vore ein del av hennar ønske om å delta.

[Kjersti]: Ja, kva var det som gjorde at du fann ut at dette var noko du hadde lyst til å vere med på?

[Siri]: Ja, eg synst no det var ein kjempegod idé. Og eg har alltid brent for at unge snakkar saman. Medan eg tok teologi, så var det heilt... Altså, eg tenkjer, det var no berre så obvious at eg også ville snakke med andre religiøse. Og ikkje-truande, sjølvsagt. Andre unge som var opptekne av tru, ikkje-tru, ritual... Alt som har med livstolking å gjere, då. Både for å spegle kva eg sjølv trudde på og engasjerte meg i. Og for å få nettverk.

For Siri er det ein annan type nettverk enn hjå Nathalie som har motivert til deltaking. Siri trekkjer fram at det var kjekt å verte kjende med andre med ei tru eller eit livssyn som også var engasjerte i dialog, gjerne frå andre land, i ulike dialogsamanhengar. Ho knyt altså ikkje det å få nettverk til arbeidslivet, men heller på å verte kjende med andre unge som er interesserte i å snakke om livstolking. Dei har likevel til felles at dei vert motiverte gjennom moglegheita til å knyte kontaktar med andre menneske. På trass av dette trekkje Nathalie fram seinare i intervjuet at dei kontaktane ho har knyta i form av venskap med andre deltagarar, har vore ein motiverande faktor for hennar vidare engasjement.

[Nathalie]: Også når du får vener, så er det veldig koseleg å verte. Hadde det vore eit kaldt miljø, så hadde eg sikkert ikkje orka å gå, fordi det er eit slit, men det var kjempekoseleg, og me var ei veldig fin gruppe.

Eg forstår desse informantane si drivkraft for å delta i dialogen som ytrestyrt. Nathalie ønskjer å bruke dialogen for å skape kontaktar. Desse kontaktane kan opne for jobbmoglegheiter når ho skal ut i arbeidslivet. Det er altså ikkje kontaktane i seg sjølv som er drivkrafa, men heller moglegheitene det opnar opp for seinare. Det same vil eg hevde gjeld ønsket om venskap, som er ein sosial konsekvens av dialogen.

#### **4.1.1.4 Respons på terror**

Nagel og Kalender oppdaga i undersøkinga si at dialogdeltakarar også kunne finne driv for å delta i interreligiøs dialog som ein konsekvens av særskilde hendingar. Desse hendingane botna gjerne i ein konflikt, og ein hadde eit ønske om at ein gjennom å lære av kvarandre kunne hindre framtidige konfliktar (2014:89). Dette kjem også tydeleg fram hjå informanten Samira. Ho trekkjer fram terroren 22. juli 2011 som faktor for at ho tok initiativ til Unge Møter. Ho starta opp dialoggruppa på grunn av eit indre motiv om å bruke interreligiøs dialog som ein måte å førebygge ekstremisme i samfunnet på. Sjølv om deltakinga på mange måtar samanfattar neste kategori, der dialog vert ein måte å få eit mindre konfliktfylt samfunn på, så skil Samira seg ut frå dette i at hennar deltaking er respons på ei konkret hending.

[Samira]: Etter terrorangrepet i 2011 tok eg kontakt [...] Og bakgrunnen for det var no at eg tenkte: «Det er dialog som må til for å førebygge ekstremisme». Det Breivik gjorde var for meg eit teikn. Altså, dialog har no alltid vore viktig, men det fall meg også inn at ekstremisme finst frå begge sider.

Samira understrekar at ho etter 22. juli har sett at ekstremisme er noko som finst ikkje berre i islamittiske grupper, men også hjå høgreekstreme kristne. I dagens mediabilete finst det fleire døme på uttrykk der terrorisme koplast opp mot islam. Det er interessant å sjå korleis dette inntrykket også vert uttrykt av Samira, som sjølv er muslim. Med terroren 22. juli fekk ekstremismen ei anna drakt, i det at den vart utført av ein som var kristen og etnisk norsk. For Samira vart denne hendinga eit teikn på at både kristne og muslimar burde dele av seg sjølve, og verte kjente med andre som tilhører andre religionar. Samira vart slik med å starte opp Unge Møter, der unge kristne og muslimar (og etterkvart også jødar) møtest jamt for å samtale om ulike tema knytt til religion, for å verte kjende og lære av kvarandre, og slik bryte ned fordommar.

#### **4.1.1.5 Idealisme**

Nagel og Kalender trekkjer fram at interesser som går på samfunnet og fellesskapet gjerne er ein viktig motivasjon for interreligiøse aktivitetar. Målet er å få eit meir ope og mindre fordomsfullt samfunn, slik at dei ulike religionane kan leve fredeleg saman, og ikkje ved sidan av kvarandre (2014:94). Informantane i denne gruppa har fokus på samfunnsaspektet ved dialogen. Gjennom eit indre insentiv ønskjer dei å bruke dialog for å gjere ein skilnad. I

møte med informanten Guro, kom det også tydeleg fram at ho hadde gjort seg opp eit medvite forhold til kvifor ho deltok i religion- og livssynsdialog. Ho trekkjer allereie i starten av intervjuet fram samfunnsaspektet som ein sentral faktor for kvifor dialog er viktig.

[Guro]: Religionsdialog... Eg synst det er spanande, og veldig viktig. Og eg tenkjer ganske stort om det. Eg tenkjer at det kan vere med å skape fred i verden, og i lokalsamfunnet, og i Oslo.

Guro opplever at dialog kan nyttast som kjelde til å hindre konflikt i samfunnet. Gjennom dialog kan ein skape fred, både på lokalt og internasjonalt plan. Det fredsskapande potensialet vert slik ein motiverande faktor for Guro til å delta i dialogen.

Ali framheva tidleg i intervjuet at det var veldig tilfeldig at han vart med på sitt første dialogtreff. Likevel kjem det i samtalen oss i mellom fram refleksjonar rundt kvifor han heldt fram med å vere aktiv i Dialog på Tvers.

[Ali]: Eg hadde vel ikkje noko sånn spesielt mål med å melde meg inn i Dialog på Tvers, sett vekk i frå at eg likar konseptet. Det er som ein som sat i styret med oss sa på ein veldig fin måte ein gong: «Kva er alternativet?». I den konfliktfylte verda me lever i i dag. Kva er alternativet viss me ikkje pratar saman og vert kjende med kvarandre, og greier å fjerne fordommar og myter, og rive ned litt gjerder og barrierar. Krig og konflikt er no ikkje eit alternativ for oss menneske. Det er ingen som vinn på det. Alle er berre taparar. Så det [motivasjon for å delta] har no litt med det fredsskapande bodskapet å gjere då... I dialogarbeid over landegrenser, over religionar... På tvers av religionar og livssyn, og så vidare som appellerte til meg. Så det var frå eit sånn humanistisk perspektiv.

Sjølv om Ali viste at han ikkje hadde ein særskild motivasjon til å vere med, kom det fram at han held fram med å delta fordi han synst det var spanande. Etterkvart fann han også ut at det kan brukast som eit verktøy for å skape fred i ei konfliktfylt verd. Også lik Guro, trekkjer Ali fram at dialogen kan brukast på eit internasjonalt plan. I dagens dialogarbeid er det ein aukande trend at det er fokus på dialog som eit verktøy for å hindre konfliktar og skape fred.<sup>10</sup> Dette samsvarar med desse to informantane, der dialogen si samfunnsnytte vert indre motivasjonsfaktor for deltaking. Slik eg ser det, uttrykkjer desse informantane eit ønske om å aktivt handle for å kunne bidra til eit meir fredeleg samfunn, og er slik driven av ein medviten idealisme.

---

<sup>10</sup> Jamfør Leirvik (2010) og Handlingsplan mot radikalisering og voldelig ekstremisme (2014).

## 4.2 «Å vere religiøs i Noreg, det er utanfor norma»

Som vist i kapittel 1.2, vert Noreg på mange måtar rekna som eit sekulært samfunn, der religion ikkje er noko som naudsynleg opptek ungdommar flest. Sosiologane Anders Vassenden og Mette Anderson hevdar i artikkelen «Whiteness, non-whiteness and 'faith information control': Religion among young people in Grønland, Oslo» frå 2011 at ein i Noreg kan rekne sekulære livssyn som normativt, heller enn det å vere religiøs (2011:579). Dei peikar på at det ikkje vert knytt eit særskild stigma til å vere sekulær i dagens Noreg. Fleire av informantane i dette forskingsprosjektet fortel om opplevingar der deira religiøsitet har kjendest som utanfor det som vert oppfatta som normalen, i møte med andre som ikkje vedkjenner seg religiøs tilhørslle.

[Anna]: Eg meiner, eg reknar ikkje meg sjølv som superreligiøs. Eg er heilt vanleg. Men eg føler at å vere religiøs i Noreg eller Sverige, det er utanfor norma.

[Nathalie]: Spesielt då å komme frå eit ungt trussamfunn, som også er litt tabu i Noreg. Viss ikkje du er statskyrkja. Er du kristen frå statskyrkja er det no heilt kjempefint, liksom. Er du humanist er det endå betre [latter].

[Guro]: Eg vil absolutt vere med på å bryte ned fordommar. Og så synst eg kanskje sjølv at eg har kjend på at det å vere religiøs i samfunnet er litt tabubelagt. Kanskje spesielt for folk med andre religionar enn kristendommen. Men eg har også følt det sjølv for meg som kristen.

Det å vere religiøs i Noreg vert opplevd som eit stigma av desse informantane. I desse utsegnene kjem det fram at informantane opplever at det å vere religiøs vert sett på som ein kontrast til norma i samfunnet. Dei trekkjer fram at det i Noreg vert oppfatta som vanleg å vere sekulær, og det å vere religiøs vert difor sett på som ein slags annleisheit, eit stigma. Dette kjem til uttrykk gjennom ordbruk som «tabu» og «utanfor normalen». Likevel kjem det fram at kva religion eller livssyn ein tilhøyrer, påverkar i kor stor grad ein opplever å verte stigmatisert. Informantane opplever med andre ord at det er ein gradsskilnad i stigma.

Sosiologen Lars Laird Iversen trekkjer i «Når religion blir identitet» (2012) fram at kristendommen vert respektert som religion i ungdomskulturen, men har låg ungdomskulturell status. Med andre ord: Det vert oppfatta som lite kult å vere kristen. Dette vert oppfatta som ein av grunnane til at mange som kunne identifisert seg som kristne, vel å

halde denne informasjonen tilbake (Iversen, 2012:269). Også Vassenden og Anderson viser til at ein ofte allereie har gjort seg opp ei meinинг om farga nordmenn sin religiøse identitet når ein møter dei. Det opplevast derimot at ein ikkje har denne allereie forutinntekne oppfatninga mot kvite nordmenn. I deira studie kjem det fram at fleire muslimske informantar opplever at det ikkje er problematisk «å stå fram som muslim», då dette allereie er noko som er «openert» i det første møtet. Dei kvite kristne viser derimot til at dei må forhalde seg til ulike strategiar om korleis dei skal fortelje om sin religiøse status, og at dette kan opplevast som både problematisk og vanskeleg (Vassenden og Andersson, 2011:581– 590).

Desse funna går på tvers av mine funn, som viser at nettopp det å stå fram som kristen ikkje naudsynleg opplevast som ekstra vanskeleg, men tvert i mot som lettare enn å vere frå eit anna trussamfunn. Nathalie graderer dette i ein tre-trinnsmodell, der det å vere frå eit lite trussamfunn vert sett på som mest tabu, kristen betre, medan det å vere humanist er enno betre. Å vere humanist i den forstand Nathalie oppfattar det, inneber slik eg forstår det å rekne seg som ikkje-religiøs. Å vere humanist knytast difor gjerne til den sekulære normalen i det norske samfunnet. Ho viser også til at ho opplever det som mindre tabu å vere kristen enn frå eit anna trussamfunn. Kanskje inneber dette at det oppfattast som lettare å vere kristen enn frå eit anna trussamfunn når ein først er religiøs. Dette er noko som Guro trekk fram. Også ho viser til at det er gradskilnader i korleis ein vert oppfatta som religiøs i Noreg, der særleg det å vere kristen oppfattast som mindre tabu enn å tilhøyre andre religionar.

#### **4.2.1 Diskreditert og potensielt diskreditert**

Som vist i kapittel 2.4, skil Goffman mellom «the discredited» og «the discreditable». Eg har valt å omsetje desse med «den diskrediterte» og «den potensielt diskrediterte». Eit viktig kjenneteikn hjå den diskrediterte er synlegheit. Den diskrediterte har ein ulikskap som er så iaugefallande at den vert registrert av den normale med ein gong.

Samira er ei muslimsk kvinne, som tidlegare har gått med hijab. I Noreg, der dei fleste kvinnene går utan religiøse hovudplagg, vert hijaben ein synleg karakteristikk som kjenneteiknar ei muslimsk kvinne. Som jente med hijab, opplevde Samira å kjenne seg stigmatisert fordi mange hadde visse assosiasjonar knytt til denne karakteristikken. Dette kjem fram når ho fortel om eit prosjekt ho har delteke på. Dette prosjektet gjekk ut på at ein hadde eit bibliotek, men i staden for å låne bøker, lånte ein levande menneske. Nokre av deltakarane skulle stille som ei «bok» som representerte ein typisk fordrom, og så kunne dei andre deltakarane låne denne menneske-boka og stille spørsmål til denne.

[Samira]: Og alle desse bøkene har eit lånekort der det står fordommar mot dei. Muslimsk jente med hijab var ei av bøkene dei hadde. Og då står alle desse fordommene, undertrykt, sant, står på det kortet. Og då meldte eg meg som bok, og då var eg boka «muslim med hijab», for det var liksom typisk det ein har fordommar mot [...]. Men då hugsar eg at eg gjorde det for å få vekk ein del fordommar om kva folk tenkte om hijab og muslimske kvinner og alt det der.

Samira uttrykkjer at ho opplever «muslim med hijab» som noko folk flest har negative assosiasjonar til. Ein assosiasjon ho trekkjer fram er «undertrykt». På Ordnett vert undertrykke forklart med ord som «dempe», «diskriminere», «kue» og «tyrannisere» (Ordnett, 2015). Dette er ein karakteristikk ho sjølv ikkje kjenner seg igjen i. Samira opplever med andre ord ikkje samsvar mellom slik ho ser på seg sjølv, og sånn ho oppfattar at «dei normale» ser på ho. Liknande funn er også å sjå i sosiologen Inger Furseth sin artikkel «Hijab street fashion og stil i Oslo» (2014). Her peikar ho på at kvinnene som bruker hijab opplever både fysiske og munnlege angrep frå etnisk norske menn på grunn av dette hovudplagget (2014:24). Likevel opplever dei at bruk av hijab kan gje auka status i nokre muslimske miljø, då kanskje særleg blant venninner. Hijaben representerer for desse kvinnene kunnskap om islam, og eit utrykk for å kle seg slik ei muslimsk kvinne bør kle seg (Furseth, 2014:14–16). Furseth understrekar at bruk av hijab gjev utrykk for at deira religiøsitet er basert på lesing av dei heilage tekstane, og at den har vekse fram i det indre sjølvet (2014:16). Hijab gjev for desse kvinnene, lik Samira, ikkje ei kjensle av undertrykking, men kanskje heller ei kjensle av religiøst medvit.

Informanten Anna trekkjer også fram opplevelingar av å føle seg stigmatisert. Anna skil seg frå Samira i at hennar status som jøde ikkje er synleg for det blotte auget. Ho har ikkje nokre tydelege kjenneteikn som viser at ho tilhører den religionen ho gjer. Anna er med andre ord potensielt diskreditert. Her kan det likevel trekkjast fram at om Anna hadde vore ein jødisk mann med kipa, ville kipaen vore eit synleg stigma slik som Samira sin hijab var. I følgje Goffman må den potensielt diskrediterte forhalde seg til andre problemstillingar enn den diskrediterte, nemleg om vedkommande skal vise eller ikkje vise, fortelje eller ikkje fortelje, avsløre eller ikkje avsløre, lyge eller ikkje lyge, i tillegg til å måtte forhalde seg til kven, korleis, når og kor (1986:42).

[Anna]: Den jødiske identiteten min er sentrum av livet mitt. Men, eg har andre deler av livet

mitt utanom det. Som eg sa, eg reknar ikkje meg sjølv som superreligiøs, eller på nokon måte ekstrem. I forhold til slik det er i andre land, er eg truleg ganske gjennomsnittleg religiøs. Så i Noreg, som er eit så sekulært samfunn, så vert inntrykket eg prøver å gje at eg er «normalt religiøs». Altså, eg er ikkje superjødisk, eg er berre... Du veit, dei fleste jødane har ikkje ein gong ei stjerne rundt halsen. Det er ikkje typisk å ha på seg det, for det er nesten for mykje [...].

Her viser Anna til at ho opplever at ho i Noreg utmerkar seg som religiøs, noko ho ikkje opplever at ho ville gjort i eit anna land i same grad. Når Anna refererer til ei stjerne rundt halsen, er det davidsstjerna ho snakkar om. Davidsstjerna vert i dag rekna av mange som eit symbol på jødar og jødisk tradisjon. Å ha på seg ei davidsstjerne, vil difor i Anna sitt tilfelle forandre hennar status frå potensielt diskreditert til diskreditert. Ho viser til at ho i møte med andre prøver å gje eit inntrykk av at det å vere religiøs ikkje er noko unormalt, men ein treng heller ikkje å gjere det synleg ved å bruke religiøse symbol på kroppen. Ho understrekar at mange jødar ville opplevd at å ha på seg stjerna, det vert «nesten for mykje». Å ikkje ha ei stjerne rundt halsen, vil slik kunne vere eit døme på korleis ein responderer på dilemmaet mellom å vere synleg eller usynleg, potensielt diskreditert eller diskreditert.

I følgje sosiologen José Casanova vert ofte sekularisering sett i samanheng med modernisering av dei europeiske innbyggjarane sjølve (2014:24). Sjølv om han understrekar dette ikkje er ein faktisk konsekvens, viser Casanova til at tilbakegangen av religiøs tru og praksis gjerne vert sett på som eit naturleg resultat av at samfunnet vert meir moderne. Han framhevar at å vere sekulær, ikkje vert opplevd som eit eksistensielt val som moderne individ eller moderne samfunn tek, men heller ei naturleg følgje av modernisering (Casanova, 2014:24). Å vere religiøs kan slik verte sett på som eit umoderne fenomen. Anna trekkjer fram at ho har opplevd dette i møte med andre, ikkje-religiøse menneske.

[Anna]: Kvifor ville eg engasjere meg i dette? Fordi det er så lite jødisk liv som skjer i Noreg, og fordi religionen min; trua mi, er viktig for meg [...]. Eg oppdaga at heile Skandinavia er eit veldig sekulært samfunn. Eg kallar det eit post-sekulært samfunn. Dette var eit populært tema hjå oss, når me hadde panel [dialogmøte]. Fordi eg har oppdaga at i nokre samanhengar i Skandinavia, i dette post-religiøse samfunnet, viss du seier at du er ein person som er religiøs, eller du trur på Gud, så føler eg mange gonger at du vert sett ned på, eller at du vert sett på som umoderne eller primitiv. At du er ein person som ikkje kan verte sett på som rasjonell, kanskje. Du er ein person som ikkje kan vere vitskapleg. At dette på ein eller annan måte er ein motsetnad. Og for meg er det ikkje ein motsetnad.

Anna er interessert i teknologi og datamaskiner, og har mellom anna gjennom Facebook fått kontakt med fleire som deler denne interessa. Her har ho vorte medlem i ei gruppe som ho kallar «eit slags teknisk kreativt miljø». Dette er eit døme på ein stad der ho har opplevd å verte stigmatisert frå andre deltakrar.

[Anna]: Kvifor tok eg kontakt med ei slik gruppe i det heile tatt? Fordi, som eg sa, så vart eg overraska over kor sekulært det europeiske og skandinaviske samfunnet... Og korleis eg til og med har følt på at det er anti-religiøst. I nokre sosiale sirklar, så har eg hørt kommentarar frå folk som ikkje har visst at eg er religiøs. Berre kommentarar som er veldig grove. Til dømes: Ein person som er religiøs kan ikkje tenke normalt, eller noko...

Anna viser her til opplevelingar av å verte stigmatisert fordi ho er religiøs, i eit samfunn der religion ikkje har ei sentral rolle. Dette uttrykkjer ho gjennom ordbruk som «umoderne», «primitiv», «ikkje rasjonell» og «ikkje vitskapleg». Dette er måtar ho opplever at «dei normale» ser på ho. Ho trekkjer fram at ho opplever Noreg, og Skandinavia, som i ei særstilling, der det å vere religiøs vert kopla opp mot desse karakteristikkane. Slik ser ein uttrykk for det Goffman peikar på, når han hevdar at stigmaet i seg sjølv ikkje er negativt, men at det er situasjonen som avgjer om det vert eit stigma eller ei. I eit anna område enn Skandinavia, opplever Anna at det å vere religiøs hadde vorte sett på som meir vanleg, og difor ikkje som eit stigma. I følgje Anna er dette noko som dei har hatt som eit populært tema på møta deira. Dette viser eit bilet på at det er fleire som har hatt opplevelingar lik Samira og Anna. Eg vil no vise korleis dialogmøta kan vere ein stad ein kan snakke om slike opplevelingar.

#### **4.2.2 «Fint å ha ein plass å snakke om det»**

Kva gjer den stigmatiserte som respons på sin situasjon? I nokre situasjoner vil det vere mogleg for han eller ho å gjere eit direkte forsøk på å korrigere det han ser på som den objektive basisen for hans feiling, som til dømes når ein fysisk deformert person gjennomgår plastisk kirurgi. Likevel peikar Goffman på at personen sin status truleg ikkje vil forandre seg frå å vere stigmatisert til normal, men heller frå stigmatisert til nokon som har korrigert ein særskild skavank (1986:9). Sentralt i Goffman sin teori vert korleis den stigmatiserte taklar sin situasjon som stigmatisert. Han peikar mellom anna på kva den stigmatiserte kan gjere for å betre sin situasjon. Som vist over er det fleire av informantane som trekkjer fram at dei har

opplevd fordommar mot seg sjølve som religiøse, og korleis det å vere religiøs kan opplevast som å vere utanom det vanlege. Gjennom samtale med informantane kjem det fram at dialogmøte også kan brukast til å samtale om dette.

Som vist over, har Anna grunngjeve si deltaking i interreligiøs dialog med opplevelingar av å verte stigmatisert som religiøs i Noreg. Ho poengterer seinare i intervjuet at dialog kanskje kan vere med på å førekjempe antisemittisme og fordommar. Også Samira grunngjev si deltaking i dialogprosjektet skildra i 4.4.1 med at ho ville få vekk fordommar.

[Samira]: Men då hugsar eg at eg gjorde det [deltok på dialogarrangementet] for å få vekk ein del fordommar om kva folk tenkte om hijab og muslimske kvinner og alt det der.

Desse informantane si deltaking i interreligiøs dialog kan sjåast som ein respons på deira oppleveling av å verte stigmatiserte. Begge to trekkjer fram at dei har opplevd å verte stigmatiserte, og at dei har lyst til å vise at dei ikkje er slik oppfatningane knytt til desse stigmaa kommuniserer at dei er. Fleire informantar har også trekt fram at dei opplevde ein slags endring i korleis dei vart sett på når dei deltok på interreligiøs dialog. I 4.4 kom det fram at Guro opplevde fordommar mot seg sjølv som kristen. Ho viser til at ho opplever at dialogmøte kan brukast som ein måte å få bukt med desse fordommane på.

[Guro]: Så det å ha eit felles ord for det då, har vore fint. Så det å bryte ned fordommar mot andre grupperingar til dømes, og også religiøse menneske. Gjennom det så opplever eg kanskje det at fordommar mot meg som religiøs person også vert nedtona då, og det er veldig fint.

Guro uttrykkjer her at dialog faktisk har gjeve ho ønska resultat i at ho opplever at dei forutinntekne syna som ho erfarer at menneske har mot ho, vert viska vekk eller i alle fall minskar.

[Nathalie]: For viss du seier at du er religiøs i Noreg, så er det ofte at du får ein vegg tilbake. Litt sånn «Åh, ho trur på Gud og sånn», og det vert ofte litt litt sånn kleint. Men her var det ikkje sånn i det heile tatt [...]. Her var det veldig stor interesse og openheit då. Og det synst eg var veldig godt å føle på.

Nathalie opplever at folk flest ikkje er interesserte i religion, men at hennar møte med dialog også vart ein inngang til å møte folk som var interesserte i å snakke om tru og livssyn. Dette

forståast som eit uttrykk for at ho ikkje opplever stigma på dialogmøte slik som ho opplever elles i samfunnet. Likevel fortel ho på spørsmål om det var aksept ho opplevde, at det heller var ei kjensle av at folk var nyfikne på kva tankar ho gjorde seg om spørsmål knytt til hennar tru og det å vere religiøs i Noreg. Dette var uvant for ho, og ei positiv oppleving.

Goffman trekkjer fram at den stigmatiserte opplever at dei diskrediterande teikna, når dei er kjende, støyter han ut frå resten av samfunnet. Likevel vil han opp leve at det finst «sympatiserande andre» som tek hans standpunkt i verda, og deler med han kjensla av at han er menneske og «essensielt» normal til trass for korleis han framstår og hans eigne tvil angåande seg sjølv (1986:19–20). Ein type sympatiserande andre, er dei som deler denne personen sitt stigma. Gjennom å sjølv ha opplevd korleis det er å ha eit særskild stigma, kan ein dele opplevingar og «overlevingsstrategiar», i tillegg til å få moralsk støtte og kjensla av å vere ein kva som helst slags normal person (Goffman, 1986:20). «What one does find is that the members of a particular stigma category will have a tendency to come together into small social groups whose member all derive from the category, these groups themselves being subject to overarching organization to various degrees» (Goffman, 1986:23).

I utsegnene til informantane kjem det fram at dei opplever at den interreligiøse dialogen som ein møtestad der ein kan dele desse opplevingane av å verte stigmatiserte. Sjølv om dei kjem frå ulike religionar og livssyn, har dei tilfelles at dei deler stigmaet dei føler det inneber å verte religiøs i eit sekulært samfunn. Gjennom interreligiøs dialog kan ein presentere seg sjølv slik ei føler at ein er, og i tillegg dele erfaringar frå korleis det opplevast å vere religiøs i Noreg. Nokre framhevar også opplevingar av å få ein meir positiv respons på sin religiøsitet på dialogmøta, enn det dei opplever elles i samfunnet. Goffman viser til at ein som stigmatisert ikkje kan oppnå full aksept. Eit poeng å trekke fram vil vere at dei fordommene som vert nedbrotne, på denne måten først og fremst gjeld dei som deltek i dialogen, og ikkje resten av samfunnet.

### 4.3 Oppsummering

Gjennom dette kapittelet har eg forsøkt å bidra til ei betre forståing av kva som ligg til grunn når informantane vel å delta på interreligiøse dialogaktivitetar. Ved å bruke omgrepet insentiv, vert fokuset på det overliggjande målet for handlinga. I materialet kjem det fram at deltakarane sin driv for å delta i dialogen, i stor grad er styrt av indre insentiv, der det å delta gjev ein eigenverdi i seg sjølv. Likevel kjem det fram mange ulike insentiv for kvifor informantane deltek i dialog. Eg har kome fram til kategoriane «ganske tilfeldig», «å verte

forstått», «å knyte kontaktar», «respons på terror» og «idealisme». I tillegg kan også ein deltar ha fleire incentiv, som til dømes gjennom å skilje mellom kvifor vedkommande først vart med, og kvifor han held fram med å delta. På denne måten ser ein at det er eit samspel mellom fleire incentiv, der det eine ikkje utelukkar det andre.

Også Nagel og Kalender (2014) viser til fleire kategoriar i sin studie. Eg har vist at nokre av mine kategoriar, «respons på terror» og «idealisme», vil passe inn under høvesvis deira «hendingar» og «samfunnsinteresser». Dette viser eit uttrykk for at dialogen har nokre kategoriar som førekjem på tvers av landegrenser. Det er tydeleg at når det skjer ei hending av betydning, så er engasjementet blant menneske ein måte å reagere på. Det tyder også på at dialog kan vere eit konfliktførebyggjande verktøy, og at dette er ei utbredt oppfatning blant menneske på tvers av landegrenser.

Opplevinga av å skilje seg ut som religiøs i eit sekulært samfunn vert også framheva av fleire informantar. I høve dette har eg argumentert for å bruke Goffman (1986) sin teori om stigma, der han ser på samspelet mellom den stigmatiserte og «den normale», og korleis den stigmatiserte stiller seg til opplevinga av å bere eit stigma. Dette sjåast mellom anna gjennom Goffman sine kategoriar den diskrediterte og den potensielt diskrediterte, som også gjer seg synleg i materialet. Informanten peikar på at interreligiøs dialog vert ein måte ein kan møte andre som deler same opplevingar, og at dette kan brukast for å dele erfaringar og oppheve stigma. Slik erfarer informantane at interreligiøs dialog aktivt kan brukast for å forbetre, eller forsøke å forbetre, deira status i samfunnet.

## 5. Erfaring – møtet med den andre

I dette kapittelet vil eg sjå på kva erfaringar informantane har gjort seg gjennom deltaking i interreligiøs dialog. Interessant vert det å sjå på kva opplevingar dei trekkjer fram. Opplever dei at det er nokre premiss som er sett på førehand før ein møtast? Det vert også interessant å sjå om informantane opplever at dei har oppnådd noko gjennom møtet med unge menneske med ein annan religion eller livssyn enn dei sjølve. Mange informantar trekkjer fram at dei har lært noko, både om andre og om seg sjølve. Kva føler dei at dei har lært? Og korleis har dette påverka dei i møte med den andre?

### 5.1 «Dialog er ikkje for alle»

Interreligiøs dialog kan sjåast som eit resultat av religiøst mangfald. Ulla Schmidt (2010) viser til at religiøs pluralisering ikkje berre er eit spørsmål om religiøst mangfald og diversitet i samfunn og folk. Det har også samanheng med korleis ulike religiøse og livssynsmessige grupperingar og tradisjonar møter offentleg aksept og godkjenning i eit samfunn (2010:37). I 2008 vart det gjennomført ei større internasjonal spørjeundersøking om religion. Denne var ein del av det internasjonale datainnsamlingsprogrammet «The International Social Survey Programme». Dette programmet gjennomfører årlege spørjeundersøkingar, og i 2008 med religion som tema. Også Noreg var med i denne undersøkinga. Her vart det mellom anna sett på nordmenn sine haldningar til religiøst mangfald. Frå undersøkinga kjem det fram at 76 prosent av dei spurte meiner at ein bør respektere alle religionar (Schmidt, 2010:41). På spørsmål om kor vidt sann og gyldig erkjenning kan verte henta i fleire religionar eller berre i éin religion, kjem det fram at eit klårt fleirtal som meiner at fleire religionar kan innehalde grunnleggjande sanningar (Schmidt 2010:41).

Eg vil vidare sjå nærmare på korleis informantane stiller seg til påverking frå andre religionar og livssyn. I intervju med fleire av informantane kjem det fram at personar som deltek i interreligiøs dialog i stor grad er opne for at religion- og livssynssamtalar kan ha innverknad på deira forståingar av andre religionar og livssyn. Hjå Ali kjem dette mellom anna fram i hans inntrykk av kven som deltek på religion- og livssynsdialog.

[Ali]: Folk som kjem på slike arrangement, det er folk som er interesserte, ikkje sant? Samfunnsengasjerte som har eit ope sinn. Trongsynte ville ikkje gidde å melde seg på noko sånt, eller komme på ein sånn debatt eller dialog. Så det unngår me no. Så det er oppegåande folk, ikkje sant.

I Inge Eidsvåg sine «Tretten råd for en god dialog» framhevar han at openheit og gjennomsiktigkeit må gjelde frå dag éin (2009:23). At dette er viktig i dialogen, vert også reflektert i Ali si utsegn. Han uttrykkjer ei oppfatning av at konseptet interreligiøs dialog appellerer til engasjerte og opne menneske. Denne utsegna reflekterer eit synspunkt om at å møte menneske i interreligiøs dialog, har nokre premiss som er sett på førehand, som til dømes openheit. Likevel viser den også at openheita har sine grenser. Ali si utsegn speglar at han sjølv ikkje er særleg open for dei han oppfattar som trongsynte. Slik eg fortstår Ali, uttrykkjer han det som positivt at det er engasjerte menneske, eller oppegåande folk som han kallar det, som deltek, og at han ikkje har eit ønskje om at trongsynte skal delta.

Openheit som premiss for dialogen understrekar også informantane Amalie og Nathalie.

[Kjersti]: Har du nokre tankar om kven som deltek på slike dialogmøte?

[Amalie]: Eg føler ofte det er folk som er veldig engasjerte i sitt eige livssyn. Og at det er folk som gjerne har veldig positivt innstilt haldning til andre livssyn, då. Eg merkar no det blant humanistane, at dei mest hardbarka sinna-ateistane ikkje er dei som deltek på dialogsmøte [latter]. Så eg vil no gå utifrå at det er likt i andre miljø, då.

Amalie viser til at dei som er positivt innstilte til andre sine livssyn deltek, medan dei som er meir negative ikkje gjer det. Der Amalie trekkjer fram at det er menneske som er engasjerte i sin eigen religion eller livssyn som deltek, har Nathalie derimot ikkje same oppfatninga. På spørsmål om det først og fremst er ungdommar som er opne og engasjerte som kjem på dialogmøta, svarer Nathalie følgjande:

[Nathalie]: Ja, både og. Veldig mange engasjerte, absolutt. Men me har også nokon som ikkje er så veldig aktive i eige liv eller i organisasjonen som er med. Opne, det er nok... Me har hatt nokre som er litt meir konservative, som kanskje ikkje har følt seg... Eller, dei har skjønt sjølve at viss dei skal vere med her, så må dei ha ein openheit overfor andre menneske, og dei har då valt å enten prøve denne openheita, eller ikkje komme tilbake. Og det synst eg er fint. Eg tenkjer at alle er på ulike stader, og me er opne for dei som ønskjer, men det er ikkje noko sånt at alle må vere med.

[Nathalie]: [...] Eg trur kanskje at nokon tenkjer at «men han eller ho trur no ikkje på Gud»,

viss nokon kjem som er litt trøngsynte. Men då trur eg dei uansett i møte med dei andre religiøse ser at dei anten ikkje passar heilt inn i gruppa, i og med at dei [andre religiøse] deler desse verdiane av aksept, og helst respekt då, for andre menneske.

Som Ali vektlegg Nathalie at openheit er ein viktig faktor for dei som deltek på interreligiøs dialog. Ho trekkjer også fram ordet respekt, som kan knytast til openheit. Ho viser til at menneske som ikkje opplevast som opne, anten ikkje har delteke meir, eller har måtte gå inn i seg sjølve å verte meir opne for andre religionar og livssyn. Deira utsegner vert altså eit uttrykk for at ein må vere mottakeleg for det som skjer på dialogmøta, til dømes gjennom openheit.

[Kjersti]: Ja, har du nokon gong opplevd at det er nokon som har komme, og så har dei heilt misforstått konseptet?

[Siri]: Ja. Det er særleg konvertittar. Konvertittar som berre har sånn monolog. Me sit ofte i små grupper og snakkar saman. Og då har det vore... Ja, eg tenkjer spesielt på ei gruppe ein gong der det var ein konvertitt... Ein som tidlegare hadde vore kristen, og som no var muslim. Og då var no han veldig sikker på at han hadde funne det rette svaret no, då. Og at alle kyrkjene var slik som den pinserørsla som han var i tidlegare.

Viss dialogen berre femnar om ungdommar som er opne og engasjerte, kva har det å seie for utforminga av dialogen? Interreligiøs dialog vert framheva som ein måte å hindre radikalisering og ekstremisme på. Men hjå desse informantane vert det vist til at det er opne og engasjerte ungdommar som deltek i dialogen, som allereie har eit positivt syn på andre livssyn eller religionar enn ein sjølv har. Informantane sine utsegner viser at den interreligiøse dialogen ikkje er for alle. Eit premiss for å delta er å gå inn i den med eit ope sinn. Det er altså ikkje unge menneske som står i fare for å verte radikaliserte som deltek på desse dialogmøta. Ved å vektlegge openheit og respekt, unngår ein dei som kunne brakt motstand inn i dialogen, til dømes ved å bringe inn spørsmål om sanningar. På denne måten verkar dialogen ekskluderande, på trass av at den er open for alle. Ali framhevar som vist i ei tidlegare utsegn at trøngsynte «ikkje ville gidde å melde seg på noko sånt». Dette viser at ein ikkje naudsynleg oppfattar sine eigne fordommar mot konservative religiøse som problematiske.

[Kjersti]: Men tenkjer du at det kanskje er eit problem at ikkje også desse [trøngsynte] vert fanga opp?

[Ali]: Ja, den ser eg. Absolutt. At folk som hadde fordommar hadde hatt godt av å bryne seg

litt på fordommene sine, og vere med på ein slikt dialogmøte eller dialogseminar, eller eitt eller anna. For å lære å verte kjent med andre folk. For det er no på den måten du ofte fjernar slike fordommar, ikkje sant. Ved at «oi, han var no hyggeleg og ålreit». «Dei er ikkje så skumle sjølv om dei går med hijab, liksom».

Sjølv om Ali har framheva at dialogen appellerer til opne menneske, så samtykkjer han her at dialog kan brukast som eit verktøy for menneske som har fordommar. Det å oppheve fordommar, kan koplast opp mot samfunnsaspektet ved dialogen som han har framheva tidlegare. På spørsmål om korleis ein skulle fanga opp desse, svarer han:

[Ali]: Ja, det mest effektive arbeidet hadde no vore å jobba med slike folk [menneske med fordommar], som du seier. Det hadde no det. For er det nokon som treng det, så er det no akkurat slike. Nei, eg veit ikkje kva eg skal seie, eg. Korleis skal ein rekruttere slike folk? Nei, då måtte no nokon organisasjonar gått saman å prøvd å invitere nokon. Og vore opne for ein temperaturfylt debatt og diskusjon. Ja... Men eg veit ikkje om ein hadde tørt å få med, la oss seie ein nynazist då.

Ali framhevar her at for å rekruttere menneske som anten er radikaliserte, eller som er fordomsfulle, så må ein gå aktivt inn å invitere dei. Han peikar på at dette kan verte ei ubehageleg oppleveling, og at organisasjonane som arrangerer interreligiøs dialog må vere villige til å ta denne sjansen. Men han meiner også at det er slike menneske som hadde hatt mest ut av å delta i interreligiøs dialog, nettopp for å få oppheva fordommar dei har mot andre religionar og livssyn.

### 5.1.1 «Meir dialog i skulen»

Leirvik peikar på at skulen har eit ansvar for å leggje til rette for at ein møtes på tvers av det som skil (1996:160). I følgje Leirvik kan skulen brukast som ein fellesarena der unge kan møtast på tvers av religion og livssyn. Her kan ein verte kjende og forplikta overfor kvarandre, men også trenar i konstruktive konfliktløysingar der gnissingar ikkje er til å unngå. For han er det viktig å ta skulen på alvor som ein møteplass, fordi dette er ein stad der dei fleste uansett møtast (Leirvik, 2010:71). Skulen si rolle vert ikkje fokus i denne oppgåva, men det kan vere interessant å sjå at både Jonas, Amalie og Samira forstår skulen som ein viktig dialogarena. Jonas foreslår også at rekruttering av menneske som ikkje er så interesserte i dialog inneber ei meir målretta tilnærming.

[Kjersti]: Har du nokre tankar om korleis de kunne ha fanga opp dei som kanskje ikkje er så interesserte i tru- og livssyn?

[Jonas]: Ja, det er no utfordringa då. For det er no ikkje alle som er like interesserte i dialog. Men eg tenkjer at det dialogarbeidet som me har, er ikkje berre for religion heller. Det er eit verktøy for alle ting. Og det er på ein måte å gjere yngre medvitne på at det er noko dei kan ha bruk for då. Både i arbeidslivet og i alle situasjonar eigentleg, er det veldig viktig. Og me har no hatt det skuleprosjektet [namn på prosjekt] som har besøkt skular, og det tenkjer eg er ein positivt måtte å snappe dei opp på dei tinga. Eg føler at det ikkje så stort tilbod sånn type dialogarbeid. Det er ikkje så mange som jobbar med det. Så eg trur det er mange som rett og slett ikkje veit om det.

Jonas framhevar at det er viktig å gjere ungdommane medvitne på at dialog finst som eit verktøy. Han opplever at mange ikkje veit at det er eit tilbod. For Jonas vert det også viktig at dialog faktisk ikkje berre er noko som utelukkande brukast i samtalar på tvers av religionar og livssyn, men at det også kan takast i bruk i andre samanhengar. Jonas meiner at rekruttering av menneske som ikkje er så interesserte i interreligiøs dialog, må skje gjennom å gjere dialogen meir tilgjengeleg for ungdommane. Han trekkjer fram å nytte seg av skulen som ein arena for å nå ut til unge menneske. På denne måten vert det dialogorganisasjonen som aktivt oppsøkjer dei unge.

Lik Jonas trekkjer også Amalie fram skulen som ein viktig arena for å gjere ungdommar medvitne på interreligiøs dialog.

[Kjersti]: Har du nokre tankar om korleis ein kunne fanga opp folk som kanskje ikkje er så engasjerte, eller opne, som du snakka om?

[Amalie]: Eg trur at kanskje viss ein hadde inkludert dialog på andre plattformer enn berre ein rein dialogplattform, då, at kanskje... Ja, at ein del av livssynssamfunna heller hadde invitert dialogen inn til seg, heller enn at dialogen inviterte andre inn, på ein måte. Eller at ein hadde hatt meir dialog i skulen, eller... ja.

Slik eg forstår Amalie si utsegn, foreslår ho at dei ulike religion- og livssynssamfunna sjølve må invitere andre til dialog, heller enn å ha eit dialogmøte arrangert av dialogorganisasjonar. Med dette kan det vere at ho meiner at når livssynssamfunna sjølve arrangerer dialog, vert fleire utfordra til å ta del i dialogen. Mangfaldet finst ikkje berre på tvers av religionar og livssyn, men også innanfor ein religion eller eit livssyn. Gjennom å invitere andre til samtale,

vert alle i det inviterande og inviterte trussamfunnet utfordra til å verte med. Ein kan kanskje slik oppleve eit større mangfald av meininger og oppfatningar enn det ein gjer i dialogen arrangert av dialogorganisasjonane.

Lik Jonas, har også Samira vore med å ta dialogen inn i skulen. Dette trekkjer ho fram som ei positiv oppleving.

[Samira]: Ja, det å opptre på skular synst eg har vore noko av det mest interessante eg har gjort. Me hadde den framsyninga for 8.klasse i [namn på by] via den kulturelle skulesekken. Og [namn på by] er no ein veldig sånn fleirkulturell by då. Det var veldig skilnad frå skule til skule. Nokon var heilt kvite skular, medan andre var veldig blanda. Og me hadde framsyning, og så hadde me ein samtale i etterkant av framsyninga kor me førebudde dei med spørsmål, og læraren skulle ta samtalet vidare i RLE-timen. Og det har gjeve meg veldig mykje. Både desse samtalane, og å høre kva desse borna har å seie om det dei får høre og sånt. Så det er ein verkeleg dialog, ikkje berre ein sånn formell [...].

Denne typen dialog har gått føre seg ved at Samira har vore med på ei framsyning, der elevane i forkant har fått ulike spørsmål dei må reflektere over. I etterkant av framsyninga har refleksjonane vorte teke med vidare inn i klasserommet gjennom samtale. Det kjem fram at Samira skil denne typen dialog frå den typiske dialogverksemda som dialogorganisasjonane driv med. I dialog gjennom skulen vil alle elevane verte inkluderte i samtalet, ikkje berre dei som sjølve har valt å møte opp. Sjølv om dei truleg i varierande grad vil velje å delta, er alle tilstades under dialogen. At ho kallar dette verkeleg dialog, tolkar eg som at ho opplever at denne dialogen er meir på grasrotplan enn den meir «planlagde» dialogen.

Viktig for desse informantane vert altså at skulen kan brukast som arena der alle kan møtast i dialog. Dette vert ein stad ein kan plukke opp menneske som til dømes ikkje har interesse av å delta i dialogen, og soleis ikkje ville oppsøkt ein interreligiøs dialogorganisasjon sjølve.

## 5.2 «Møtet gjorde meg sterkare i trua»

«Av eit religionsmøte kan vi alle bli rikare. Nokre kan velje å skifte side. Det er trua sin risiko. Men for dei fleste fører nære religionsmøte til at ein blir tydelegare og meir forplikta i si eiga tru, men samtidig meir open for impulsar frå andre. Det er to sider av same sak» (Leirvik, 1996:168).

Leirvik omtalar dette som spirituell dialog. Som vist i kapittel 2.1.1 ligg det i uttrykket at det levande møtet med menneske av ei anna tru eller livssyn vil kunne stimulere til andeleg vekst. Dette kjem også til uttrykk hjå andre forskrarar, som Hareide, som peikar på at for å kunne delta i dialogen, bør ein helst ha ein vilje til moglegheita for å verte endra (2009:34). Også Cornille viser til at ein må vere open for at ein kan forandre sitt syn og meiningar for å kunne lære av andre religionar og livssyn (2013:20). Dette samsvarer med Leirvik si utsegn, når han hevdar at spirituelle trussamtalar «er borne av ei forventning om at ein kan vekse andeleg gjennom slike møte» (2010:60). Grung har jobba mykje med kristen dialog. Ho trekkjer fram i artikkelen «Begrepet dialog i Emmaus» (2005) at kristne må anerkjenne at andre religionar som har andre inspirasjonskjelder, likevel kan dele heilag kunnskap med dei kristne. Ho trekkjer fram at sjølv om det også er tilfellet, må mange kristne verte flinkare til å både lytte til andre sine erfaringar, og dele av sine eigne. På denne måten kan ein oppnå gjensidig respekt for alle som deltek i dialogen (Grung, 2005:89–90).

Fleire av informantane har trekt fram andeleg vekst som ei erfaring frå dialogen. Sjølv om dei ikkje, som Leirvik, framhevar dette som ein motiverande faktor for å gå inn i samtale med menneske med ulik religion eller livssyn enn dei sjølve, er det fleire som viser til at dette er noko dei har opplevd. Dette kjem mellom anna fram i intervjuet med Samira. Ho framhevar at dialog har vore ein avgjerande faktor for hennar trusutvikling. Samtale med menneske av ein annan religion eller livssyn er den typen dialog som gjev mest grobotn for denne utviklinga, i følgje ho sjølv.

[Samira]: [...] Og eg har ikkje behov for å berre henge med mine trusellar for å kunne utvikle meg også som ein spirituell person. Det er mest i møte med andre at eg føler eg får den største utviklinga, rett og slett. Så, ja, kanskje dialog har fått meg dit då [latter]. Det er veldig vanskeleg å seie om det er berre det med dialog, men dialog har vore veldig viktig, det vil eg seie.

I 2009 vart prosjektet «Styrke i mangfold» sett til verks. Målet med prosjektet var å kartlegge menneske sine erfaringar frå ulike trus- og livssynsdialogar i Noreg gjennom dei siste åra. I rapporten som vart skriven i etterkant av prosjektet, kjem det fram at over halvparten av deltakarane opplevde å verte overraska i dialogen. Her vart det særleg trekt fram at mange deltakrarar hadde overraskande opplevelingar av å ha meir til felles med representantar frå andre trus- og livssyn enn ein i utgangspunktet trudde gjekk an. Fleire uttrykte også at dialogen førte

til nye og overraskande innsikter om sin eigen ståstad (Stene, 2009:7). Det kan sjå ut som opplevingar i dialogen både kan føre til at ein lærer andre betre og kjenne, men også seg sjølv. Dette siste aspektet kjem tydeleg fram hjå Samira. Ho gjev uttrykk for at ho kom inn i dialogen med eit ønske om å lære av andre. Samira og andre informantar med ho har uttrykt at å delta i dialog er ein måte å verte kjende på, for så å bryte ned fordommar på. Ho viser til at ho gjennom dialogen ikkje berre har lært om andre, men også om seg sjølv. Denne utviklinga ser ut til å ha kome som eit overraskande moment på ho. Det kjem fram i Samira si utsegn at ein kan ha ei forventning til kva utbytte ein skal få ut av dialogen, men oppleve at dialogen får eit heilt anna utfall enn ein hadde tenkt. Opplevingar av dette kom særleg tydeleg fram i eit bok-dialogprosjekt ho hadde vore med på før, som vist til i kapittel 4.3.1.

[Samira]: Men då hugsar eg at eg gjorde det for å få vekk ein del fordommar om kva folk tenkte om hijab og muslimske kvinner og alt det der. Men så skulle folk få lov spørje dei spørsmåla dei elles ikkje torte å spørje. Og eg skulle få lov til å velje om eg ville svare eller ikkje. Men eg hugsar at eg vart veldig utfordra på dei spørsmåla. [...] Dei ville liksom vite «korleis er det for deg, Samira, å vere ei muslimsk kvinne med hijab i Noreg?». Og eg hugsar at det var eit prosjekt som verkeleg utfordra meg. Når eg tenkjer tilbake så var det dialog for meg, for dei skulle få lov til å stille meg spørsmål. «Kvífor går du med hijab?». «Det er fordi eg skal vere anstendig og ordentlig. Eg skal vere dekka, det skal ikkje vere fokus på utsjånaden min». Og [dei andre deltakarane] berre: «Men, Samira, du klarar ikkje å skjule utstrålinga di og venleiken din, kva tenkjer du om det?». Og det var liksom spørsmål som verkeleg fekk meg til å tenkje i etterkant, som utfordra... Og eg var no der fordi eg skulle hjelpe dei med å få vekk fordommar! Men så stilte dei spørsmål som fekk meg til å tenkje, som eg ikkje hadde svar på. Så eg trur det var ei veldig sånn positiv utfordring då, der eg verkeleg fekk utvikla meg. Med dialog så trur ein at ein er så fordomsfri, men det er ikkje sant. Alle menneske sit med mange, mange fordommar. Det er også noko eg har lært om meg sjølv då, gjennom å delta i dialog.

[Meg]: Ja, så du har også utvikla tankar rundt di eiga tru også då?

[Samira]: Ja, veldig sånn personleg utvikling. For dialog handlar no først og fremst mykje om deg sjølv og dine handlingar.

Det kjem fram av historia til Samira at ho har opplevd meir kritiske spørsmål som noko positivt. Gjennom å ikkje kunne svare på spørsmål har ho byrja å reflektere rundt hennar eigen religion, og har slik utvikla nye tankar rundt trusspørsmål og hennar religionspraksis. Målet med dialogen var at dei andre deltakarane skulle verte kvitt sine fordommar. Men

Samira opplevde at ho sjølv også fekk utfordra trua si gjennom dei fordommane ho vart presentert for i spørsmåla til dei andre deltarane. Element ved trua hennar som ho har rekna som sjølvsagte, vart ikkje så openberre likevel i møte med andre sine fordommar. Ho framhevar også at interreligiøs dialog har gjort ho meir medviten på hennar eigne fordommar; fordommar som ho ikkje trudde at ho hadde i utgangspunktet.

Som Samira har også Nathalie opplevd å lære om seg sjølv i møte med andre. Nathalie fortel om den første personlege dialogopplevinga som verkeleg gjorde inntrykk på henne.

[Nathalie]: Også trur eg den første opplevinga som verkeleg sette seg med meg, det var opplevinga av å lære noko om meg sjølv i møte med andre i dialogen. Og det var veldig verdifult. Det at mitt livssyn vart tydelegare av å dele med andre. Når eg såg at du meiner sånn og sånn og sånn, så tenkte eg «oi, det var spanande at du tenkte det», og så kunne eg reflektere seinare om eg meinte det same. Enten «nei, faktisk ikkje», eller «ja, faktisk». Så det vart mykje tydelegare for meg kva eg stod for i det veldig opne møtet.

I «Styrke og mangfold»-rapporten kjem det vidare fram at mange opplever at samtalar med andre skapar ei auka forståing av eigen ståstad. Å møte andre gjev større innsikt i eigen kultur og eige livssyn (Stene, 2009:8). Nathalie viser i utsegna over til at ho gjennom å ha vorte presentert for andre sine meininger og tankar kring religion- og livssynsspørsmål, har teke innover seg andre sine meininger til å reflektere rundt kva ho sjølv tenkjer. Ved at andre har delt sine tankar kring spørsmål knytt til religionar og livssyn, har ho kunne teke med deira tankar inn i hennar refleksjonar rundt eiga tru. Gjennom å setje andre sine tankar opp mot sine eigne, har hennar tru vorte tydelegare. Det kjem fram både hjå Samira og Nathalie at dialogen ikkje berre er noko som skjer der og då, på møtet. Begge uttaler at dei tek med seg opplevingane frå dialogen vidare, og reflekterer rundt dei seinare. Slik ser ein at trusutviklinga er ein gradvis prosess, og ikkje noko som naudsynleg skjer på møtet akkurat der og då.

Også Siri har opplevd at møtet med menneske av ulik religion eller livssyn enn ho sjølv, har gjort at ho har fått nytt innblikk i hennar eigen religion.

[Kjersti]: Har det å vere med i dialog gjort noko med korleis du ser på di eiga tru?

[Siri]: Ja, eg vil absolutt seie det. Det er vanskeleg å komme med nokre sånne konkrete samtalar kanskje akkurat i den gruppa der. No har eg no jobba med dette, så det skjer så mykje... Med desse buddhistane også, til dømes, har lært meg mykje. Meditasjon og tystnaden og kropp... Og utfordra mi eiga tru. Det er kanskje mest på praksis, meir enn

akkurat tru. Også vert eg no... Eg er no veldig sikker på at det er den kristne trua eg tilhører. Det vert eg no meir og meir sikker på når eg deltek i dialog. Sånn som den samtalens eg nemnte med underkasting og syndsvedkjenning. Eg kjenner det at, nei, eg kunne ikkje ha gått med slør. Eg respekterer at nokon gjer det, og at dei gjer det av ulik grunn, men eg kunne ikkje ha gjort det sjølv. Eg har vore med i muslimsk bøn, og stått på rad, og kjent korleis det er å bruke kroppen, berre at eg har tenkt min Gud ikkje sant. Og synst det er noko flott i det. Det er noko godt med det å bruke kroppen, som eg kanskje kan lære av. Men det er noko i det der veldig å bøye seg ned å kysse golvet, sånn som det også er i mange andre kristne tradisjonar, som eg har litt problem med. Eg kjem frå bedehusland ikkje sant, med den pietistiske arven. Der hørte alltid ungdommen at du er ingen ting, ikkje sant, i forhold til Gud. Så ja, det er viktig for meg å heile tida leggje vekt på det at me er oppreiste menneske.

Siri trekkjer fram at det er ikkje sjølve trua som har utvikla seg, men at ho har fått nye innblikk i både korleis ho kan praktisere religionen sin, men også i korleis ho ikkje vil gjere det. Gjennom møte med både buddhistisk og muslimsk religionspraksis, har ho fått erfaringar om korleis ein også kan bruke kroppen når ein praktiserer religion. Ho framhevar buddhistisk praksis med tystnad og meditasjon som positivt, men opplever at muslimsk praksis med å bøye kroppen som ei form for underkasting, strir imot hennar eiga overtyding der ho er no. Ho framhevar også at det først og fremst er i praksis ho har teke innover seg element frå andre religionar og livssyn, og ikkje i kva ho trur. Ho viser likevel til at ein viktig effekt av dialogen er at ho er meir medviten rundt hennar tru, og gjeve ho kjensla av at ho tilhører rett tru, og korleis ho har lyst å praktisere religionen sin. Ho oppfattar også at dette er ei kollektiv oppleving for andre kristne som har delteke i dialogen.

[Siri]: Ja, seie det at du vert ikkje naudsynleg muslim av å snakke med ein muslim. Eg kjenner ingen som har vorte det [latter]. Eg kjenner eigentleg berre andre kristne som vert meir medvitne, og meir sikker på at dei tilhører den kristne trua.

Dette opplever også informanten Guro, som framhevar at ho har vorte sikrare på trua si i møte med andre med ulik religion- og livssynsbakgrunn enn ho sjølv.

[Guro]: Dialog har for meg vore ein måte eg har kunne vorte tryggare i mi tru, til og med, i møte med folk frå andre religionar, og med ein annan måte å sjå ting på. Så eg har følt at eg har vorte tryggare i min ståstad, fordi ein føler at ein deler ting; ein deler trua på noko større enn seg sjølv og sånne ting. Det er veldig fint då! Sjølv om ein også er usamde om ting. Så det

har vore ei veldig sånn berikande greie ved det då. Sånn reint personleg så har det vore det.

Guro brukar ikkje sjølv uttrykk som «vekst» og «utvikling», men snakkar om det å verte tryggare, som kan sjåast som ein måte å utvikle religionen si på. Ho fortel vidare at ein kan få styrka identitet og forstå den andre betre gjennom å delta på interreligiøs dialog. Ho viser vidare til at å vite kor ein sjølv og kor andre står kan gje tryggleik. Dette opplever også ho som eit resultat av hennar deltaking.

[Kjersti]: Ja, føler du at gjennom å vere med på det her [interreligiøs dialog] er du sikrare på kva du meiner?

[Guro]: Ja, absolutt. Eg er mykje sikrare på min identitet, og min ståstad i møte med andre.

[Kjersti]: Ja, det er spanande. For nokon vil kanskje tenkje at det er omvendt.

[Guro]: Ja, men for meg har det vore heilt motsett. Og det trur eg mange andre som har drive med dialog kan kjenne seg att i. Men det må kanskje verte løfta fram.

[Kjersti]: Men kan du seie noko meir om korleis du har vorte sikrare?

[Guro]: Både det at ein har noko felles som er større enn seg sjølv. Ein har dette grunnlaget til felles. Men då kan ein lettare vere tydleg på at eg meiner sånn og sånn. Og eg er kanskje meire sikker i mine utsegner i forhold til andre religiøse folk, då... Enn med andre kristne til dømes. For då er ein no meire inne i det, så då ser ein fleire nyansar, ein er kanskje meir nyansert. Ein skal no ikkje bruke slike omgrep kanskje, men liberal og konservativ. Om ein er meir liberal i ein gjeng med kristne, til dømes, så vil ein kanskje stille spørsmål ved det på ein annan måte då enn... Ja. Så min kristne identitet har nærmast vorte styrka, då.

Eg tolkar dette som at Guro opplever at i møte med andre med anna tru og livssyn enn ho sjølv, så kan ho tydelegare komme med utsegner om kva ho meiner. I møte med menneske som er kristne som ho, vil det alltid vere nokon som til dømes sit med meir teologisk kunnskap enn ho sjølv har. I samtale med andre utan denne kunnskapen, vert det kanskje lettare å seie kva ein sjølv tenkjer og meiner, då det ikkje er fokus på rette eller feile svar, men heller å lære av kvarandre. Guro viser til at spørsmåla vert stilte på ein annan måte ved intrareligiøs dialog enn den interreligiøse. Kanskje kan hennar utsegn forståast som at å få stilt spørsmål på ein mindre openberr måte, fører til at ein reflekterer på andre måtar rundt religionen si.

## 5.3 «Målet er ikkje å verte samde, men å lære av kvarandre»

Grung og Leirvik understrekar at målet for dialogen ikkje naudsynleg er å verte samde

(2012:78). Målet er å kunne forholde seg til mangfaldet og til ulike menneskelege forteljingar, både som lyttar, snakkar og handlar. Slik kan dialogen sitt rom karakteriserast som eit «usemjefellesskap» (Grung og Leirvik, 2012:78).<sup>11</sup> Målet er ikkje semje, men å forstå, framhevar Hareide (2009:34). Fleire av informantane framhevar opplevingar av å ha oppnådd noko i dialogen, i det å verte betre kjende. Desse tankane ser ein representerte mellom anna i utsegner frå Nathalie og Guro.

[Nathalie]: Så då tenkjer eg at dialogen er den mest effektive metoden å kommunisere, fordi i dialogen så møter ein kvarandre med ein sånn allereie aksept på at alle kan ha ulike meininger, me skal ikkje verte samde, men forstå kvarandre litt betre. For dialogen legg ikkje nokon føringar om at me må verte samde om eit eller anna.

[Guro]: Eg opplever at alle kjem med ei open haldning, men også at ein ikkje er samde. Men det er no fint også. Eg ønskjer ikkje at dialogen skal verte ein sånn at ein er samde og det er fint, men at ein også kan snakke om ting ein er usamde om. [...] Ja, det er veldig viktig. At ein kan vere saman, og ulike og usamde.

Nathalie og Guro ser ikkje på eit mangfald i meininger som noko negativt, men heller tvert imot. Ein treng ikkje å verte samde for å kunne omgåast og akseptere kvarandre. Guro understrekar derimot eit ønskje om at dialogen skal vere ein arena der ein tek opp ulikskapar og usemje. Likt Nathalie og Guro har også Ali fokus på at dialog er viktig for å lære om kvarandre.

[Ali]: [...] Vårt fokus har ikkje vore å ta opp tema som er konfliktfylte, men meir å lære av kvarandre. Ikkje sant, «kva trur du på?», «korleis ser kristendommen på homofili?», «korleis ser bahaiar på homofili?», og så tek me ei runde på det. Og då er ikkje det for å skape konflikt, men berre å lære for å sjå perspektiv på eit tema då. På andre måtar, ikkje sant.

[Kjersti]: Men eg tenkjer at til dømes homofili er eit tema som kanskje kan skape debatt sjølv om det er meir for å lære, då.

[Ali]: Ja, det kan det, men med vårt utgangspunkt, og dei som har delteke på våre møte, så har det vore folk som har vore nyfikne. For å lære, og ikkje for å vere med på ein oppheita

---

<sup>11</sup> Forfattarane tek her utgangspunkt omgrepene «uenighetsfellesskap» frå Lars Laird Iversen sin tekst «Verdifellesskap eller uenighetsfellesskap?» slik det står i boka *Verdier*, Oddbjørn Leirvik og Åse Røthing (red.), s. 120–138. Oslo, Universitetsforlaget. Det er deira gjengjeving eg har teke utgangspunkt i.

diskusjon. Nei, det har ikkje vore politiske debattar, ikkje sant. Det er ikkje på det planet i det heile tatt. Det har eit mykje meir humanistisk perspektiv. Slik som eg sa til deg i stad, det å verte kjend med andre, lære om andre, lære om korleis andre tenkjer, korleis andre ser på ting.

Stene viser til at mange av respondentane i «Styrke og mangfald»-prosjektet opplever at kjennskap til kvarandre gjer at ein vert tryggare på kvarandre, og at dette kan fungere som konfliktførebyggjande (2009:8). Dette er noko Samira trekkjer fram som oppleving frå dialogmøte.

[Samira]: Det [dialog] er med på å førebygge fordommar, først og fremst. Kor ein lærer om kvarandre, og at ein har meir til felles enn ikkje felles. At me først og fremst er menneske, og lærer å sjå kvarandre som menneske. Og så er det no informativt. Ein lærer så mykje om andre. Kor mykje visste ein om islam når ein vaks opp? Eg merkar no at når eg fortel om Abraham eller Jesus i Koranen, så «åja, står det her om Jesus?». Kva veit folk om Koranen? Kappe litt hender her og der, ikkje sant [latter]. Det veit folk, sant. Ja, så rett og slett veldig informativt.

[Kjersti]: Så det er viktig for å få informasjon?

[Samira]: Ja, få informasjon og fjerne misforståingar. Førebygge fordommar. Lære å kjenne kvarandre, men ikkje minst lære å kjenne seg sjølv. Eg trur det er ikkje før i møte med andre at ein verkeleg lærer å kjenne seg sjølv. Ikkje i møte med nokon som liknar for mykje på deg.

Samira trekkjer fram typiske dialogmøte der ein snakkar saman som viktig for å spreie informasjon om kvarandre sine religionar og livssyn. Gjennom å snakke saman, lære av kvarandre og verte betre kjende, opplever ho at ein kan fjerne feiloppfatningar som finst om kvarandre sine religionar og livssyn. Også Jonas framhevar at det er viktig å bruke dialog til å lære av og om kvarandre. Han har likevel eit litt anna fokus enn Samira.

[Jonas]: Ja, eg synst det er veldig positivt med det me har byrja med no, med desse trus- og livssynsvandringane fordi det er på ein måte litt meir, det er ikkje sånn aktiv dialog der me snakkar om eit tema, men det er på ein måte litt meir at me besøker kvarandre for å lære og å sjå korleis folk har det. Eg trur det er ganske positivt, for det er mykje dialogarbeid, berre ved å sjå kven den andre er. Så ein treng ikkje å snakke om desse temaa. Eg synst det er veldig positivt å reise rundt å snakke med folk, verte kjend med folk, og sjå korleis folk har det då. Så det er på ein måte litt meir sånn passivt dialogarbeid, som eg trur er positivt. Eg trur også at mange yngre synst det er veldig spanande å gjere sånne ting.

Der Samira framhevar samtalen, og det å fortelje om sin religion til tilhøyrarar frå andre religionar og livssyn, framhevar Jonas nettopp dialogarbeid der ein ikkje har samtalen i fokus. Han viser til at å besøke kvarandre sine gudshus, å faktisk vere tilstades under ritual og i religion- eller livssynspraksis som positivt. Han viser til at det ikkje er naudsynt å ha ein samtale om ulike tema, men at ein kan lære mykje i å sjå korleis folk forheld seg til sin religion eller livssyn, og delta i deira ritual.

### 5.3.1 Effekten av å lære

Som vist over er det fleire som framhevar at openheit og å lære av andre er ein viktig faktor i dialogen. I samband med dette, er det interessant å sjå om denne lærdommen har gjort noko med korleis informantane oppfattar andre religionar og livssyn. Oppfattar dei sjølve at dei utviklar sitt syn i samband med livssynsdialog?

Opplevingar av, og refleksjonar rundt dette, kjem til uttrykk på ulikt vis hjå informantane. Fleire opplever at dei har lært noko om andre gjennom deira deltaking, og mange viser til at dei har fått eit utvida perspektiv når det kjem til andre religionar og livssyn.

Både Nathalie og Siri viser til at dei gjennom dialogen har fått eit meir nyansert bilet på ein religion som dei sjølve ikkje tilhører. Begge trekkjer fram islam som døme.

[Nathalie]: [Ein sett ofte] muslimar i ein boks om at dei er kjempestrenge på halal, og kan ikkje drikke og gjere sånn og sånn. Men så møter du dei, og så seier dei at «eg ha valt desse reglane, og praktiserer dei», og at andre praktiserer andre reglar, medan nokon gjer det hundre prosent. At ein får dette mangfaldet. Og ikkje berre skjær alle over ein kam og tenkjer at sånn er det.

[Kjersti]: Har dialog hatt noko å seie for korleis du ser på andre religionar?

[Siri]: Ein ting er i alle fall sikkert, og det er at eg heile tida vert minna på at ein muslim ikkje berre er ein muslim. Alle muslimar er like ulike som alle kristne. Og eg har no lært meir om dei ulike konfliktane og usemjene som folk har innanfor sine miljø. Så det er spanande. Så når eg les noko om islam i media, sant, så tenkjer eg at «det var med ho eine der, men med han...», ikkje sant? «Her er det teke nokon korte snarvegar».

Både Nathalie og Siri trekkjer fram at ein gjerne har eit bilet av islam og muslimar som ikkje naudsynleg stemmer med røynda. Nathalie uttrykkjer at ein ofte får inntrykk av at muslimar

er konservative. Også Siri viser til at ein kan få eit einsarta bilet av personar frå denne religionen. Ho peikar på media sin rolle i å produsere slike stereotypiar. Begge viser at dei gjennom dialogmøte har møtt fleire muslimar. Dette har gjort dei meir medvitne på det mangfaldet som finst innanfor islam, og slik brote ned desse stereotypiske førestillingane som eksisterer om muslimar.

Også informanten Anna fortel om ei tidlegare dialogoppleveling, då ein av deltakarane reiste seg og fortalte at dialogen hadde forandra inntrykket hans av muslimar. Ho uttrykkjer eit håp om at også fleire deltakrar har opplevd å bryte ned fordommar, sjølv om dei ikkje naudsynleg uttrykkjer det ope på møta framfor resten av deltakarane. På spørsmål om ho sjølv gjennom deltaking i dialog har forandra måten ho såg på andre menneske sine religionar på, fortel ho:

[Anna]: Eg ser likskapar... Forandra det inntrykket mitt av andre religionar? Eg er ikkje ein ekspert på religionar... Det er eit vanskeleg spørsmål. Det stadfesta mi personlege tru, nemleg at menneske frå andre religionar prøver å komme nærmare Gud på måtar som dei forstå som korrekte. På måtar som dei kjenner til... Kanskje slik som dei lærte det når dei vaks opp, eller på den måten som er tilgjengeleg for dei. Eg som er jøde trur på Gud. Spirituelt sett trur eg at alle på ein eller måte er knytt til Gud, til og med menneske som er agnostikarar eller ateistar [...]. Så, når eg såg dei kristne som bad og song og gjorde rituala sine, så hjelpte det meg å stadfeste mi tru på Gud, at me vert dregne mot det... at dei menneska i kyrkja... Vel, det er det dei veit. Kanskje der dei vaks opp så hadde dei berre tilgang til ei kyrkje. Når eg for i moskeen, så stadfesta det også trua mi på at menneske prøvar å tilbe Gud på denne måten. Eg meiner, islam betyr å underkaste seg, trur eg. Så eg ser at muslimar ber til Gud på den måten dei forstår. Jødar og muslimar deler ikkje alle oppfatningane og måtane me utøver bøna på, men begge bøyde oss berre for Gud. Både jødar og muslimar boyer seg for Gud. For jødar er det på ein måte høgdepunktet i sabbaten. Så eg såg parallelen mellom dette og den muslimske bøna.

Viktig for Grung vert det at dialog ikkje er eit middel for å oppnå noko som helst i utgangspunktet, men at det faktisk er eit mål i seg sjølv fordi det handlar om å skape menneskeleg fellesskap (2005:94). Anna trekkjer fram at å delta i andre religionar sine ritual, har gjeve ho opplevelingar av fellesskap. Hennar tankar forståast som eit uttrykk for ei oppleveling av at desse tre religionane alle prøver nå same mål (i dette tilfellet å tilbe Gud), men at ein har ulik måte å nærme seg dette målet på.

Jonas og Ali opplever i motsetnad til informantane over at dialog ikkje har påverka

korleis dei oppfattar andre religionar og livssyn.

[Jonas]: Eg har på ein måte hatt det dialogfokuset så lenge, at eg veit ikkje om det har skjedd nokre endringar den korte tida eg har vore med. Eg trur på ein måte litt av haldningane og sånn, hadde eg frå før. Men eg trur at di meir eg er med på dei møta me har, di meir vil eg lære om... Eg kan veldig mykje om jødedom, kristendom, og islam. Men eg kan veldig lite om dei mindre religiøse miljøa me har i Noreg. Og eg tenkjer at di meir eg treff menneske som det, og di fleire slike stader eg besøker saman med Dialog på Tvers, så vil no det påverke meg i møte med dei seinare også. Så sjølv om eg på ein måte har dei haldningane frå før av, altså fokus på dialog... Prøver i alle fall [latter]. Så trur eg at di meir ein oppsøker det, di meir vert ein tolerant for andre sine meiningar, då.

Jonas viser her til at han ikkje har lete seg påverke fordi han ikkje er open for det, men fordi han allereie hadde ei open haldning då han starta med dialog. Han utelukkar likevel ikkje at han kjem til å verte påverka i korleis han ser på andre sine meiningar etterkvart. Gjennom å aktivt gå inn å møte andre i dialog, meiner han at ein kan vert meir tolerant for kva andre meiner.

## 5.4 Oppsummering

I dette kapittelet har eg sett på kva erfaringar informantane har gjort seg gjennom deltaking i interreligiøs dialog. Openheit vert framheva som ein føresetnad av fleire. Men at dialogen ikkje er for alle, vert også sett på som heilt greitt av fleire informantar. Ikkje alle treng å delta. Men slik vert openheita i seg sjølv avgrensa. Dialogen vert open for dei som sjølve er opne. Ein ser også i refleksjonar frå informantane uttrykk for at dei forstår seg sjølve som opne som deltek i dialog. Slik ser ein at den interreligiøse dialogen særleg vert open for det deltakarane er opne for. Fleire trekkjer fram skulen som ein rekrutteringsarena for dialogarbeid. Dette vert oppfatta som ein stad ein kan fange opp deltakarar som ikkje ville oppsøkt dialogorganisasjonane sjølve.

Mellom anna Leirvik trekkjer fram at dialog kan gje andeleg vekst. Hjå informantane i denne studien, kjem det fram at dei har opplevd at samtale eller samhandling med menneske frå ein annan religion eller livssyn, har vore med på å utvikle deira religion- og livssynsutøving. Religionsundersøkinga frå 2008 viste at eit klårt fleirtal meiner at fleire religionar kan innehalde grunnleggjande sanningar. Informantane mine uttrykkjer derimot at dei ikkje opplever at dei har vorte meir opne for andre religiøse sanningar, men tvert i mot at

dei har styrka deira eigne religiøse sanningar, gjennom å verte sikrare på sin eigen religion eller livssyn i møte med den andre. Derimot viser fleire til at å delta i interreligiøs dialog har gjort noko med korleis dei praktiserer religionen eller livssynet sitt, og at dei her kan ta inn element frå andre retningar. Fleire trekkjer også fram at eit mål for å delta i interreligiøs dialog ikkje er å verte samde, men at ein vert betre kjende. På denne måten kan ein få fjerna eksisterande fordommar. Dette kan mellom anna skje gjennom å få auka medvit rundt mangfaldet som eksisterer i dei ulike religionane og livssyna. Nokre informantar opplever også at dialogen ikkje har hatt noko å seie for korleis dei ser på andre religionar og livssyn.

## 6. Utfordringar

Informantane i dette prosjektet trekkjer fram fleire gevinstar ein oppnår gjennom deltaking i dialog, som til dømes utvikling av eiga religion- og livssynsforståing, og religion- og livssynspraksis, og å verte betre kjende med menneske med ein annan religion eller livssyn enn ein sjølv har. Samstundes peikar dei også på utfordringar ved den interreligiøse dialogen. Under intervju med informantane kjem det fram fleire typar utfordringar som opplevast som vanskelege. Eg vil no rette fokus mot tre ulike typar utfordringar som vert trekt fram av informantane: For det første opplever mange at det er praktiske utfordringar med å arrangere dialog. For det andre kan det vere ei utfordring å skilje mellom å representer sin religion eller livssyn, eller å komme «som seg sjølv». For det tredje kjem det også fram problemstillinger knytt til korleis dialogen skal handsame vanskelege eller utfordrande tema.

### 6.1. Praktiske utfordringar

Både Unge Møter og Dialog på Tvers er baserte på frivillig arbeid. Det er unge menneske som bruker av fritida si for å få driv i organisasjonane. Fleire informantar kjem med utsegner som kan koplast opp mot at frivillig arbeid er skjørt. Det kjem fram under intervju at det interreligiøse arbeidet desse organisasjonane arrangerer er avhengig av både innsats frå einskilde føregangspersonar, og av at dei greier å nå ut til ungdommar og unge vaksne.

Det vert framheva frå fleire informantar at ei utfordring ved dialogmøta er dårlig oppmøte. Dette samsvarer også med inntrykket eg fekk då eg deltok på arrangement gjennom Dialog på Tvers i 2014, der over halvparten av deltakarane på begge arrangementa var frå styret. Rekruttering og kva som gjer at folk ikkje dukkar opp, er difor ein tematikk som opptek mange av informantane. Det eksisterer mange ulike oppfatningar om kvifor det er dårlig oppmøte.

Ali viser til at det vart etablert eit nytt styre i 2012, der mange av dei som hadde vore med i oppstarten trakk seg ut. Etter dette opplevde ein problem med rekruttering, og at deltakarane uteblei.

[Ali]: Eg var med fram til eg gjekk ut av styret i 2012. Så eg var med i dei tre første åra og etablerte organisasjonen. Så var det mange av oss i styret som gjekk ut i 2012, så då gjekk det no litt vestover med organisasjonen. Ja, det var like før det skranta.

[Kjersti]: Ja, for eg har gått gjennom Facebook-sidene til Dialog på Tvers, og då såg eg at det ikkje var så mange aktivitetar i 2013.

[Ali]: Ja, det var problem med å etablere det nye styret. Det var mange ting som ikkje fungerte.

[Kjersti]: Ja, kan du sjå nokon utfordringar med å arrangere dialog?

[Ali]: Ja, me hadde problem med å få folk til å møte opp på dialogmøta våre siste året. Det var nesten null oppmøte. Det var veldig bra ein periode, i starten. For då var det kanskje nytt og spanande og folk var nyfikne og ville møte opp å sjå kva dette her var. Og så berre [lagar plystrelvd] forsvann det. Det var ikkje noko oppmøte på dialogmøta. Og det var liksom vår essens, vår kjerneverksemd... Det var no å ta opp desse ulike religiøse temaa då, eller spirituelle eller filosofiske temaa.

[Kjersti]: Men gjorde de noko for å prøve å rekruttere?

[Ali]: Ja, me prøvde å ta med vener og sånt... Me vart rådd til å ta med vener og sånt, men nei... Det berre dabba av. Og sånn er det den dag i dag. Dei hadde eit par i fjar, men det er därleg oppmøte. Så det er ikkje noko som er... Eg veit ikkje. Eg veit ikkje kvifor det var sånn populært ein kort periode og så forsvann det. Kanskje folk ikkje synst det var så spanande likevel. Det er ikkje godt å seie.

På spekulasjonar om kvifor deltakinga har gått ned på dialogmøta, føreslår Ali at det at det var eit nytt konsept kan ha hatt appell. Når det ikkje er nytt og har så mykje blest lenger, mister kanskje folk interessa for å vere med. Han peikar på at dialogmøta, der ein sit saman og samtalar om einskilde tema og har dialogøvingar, er deira kjerneverksemd. I møte med informantane, har dei fått spørsmål om kva dei likte best av dei dialogaktivitetane dei har vore med på. Av dialogaktivitetar var det berre éin av informantane som trakk fram denne typen dialogmøte som ein aktivitet som vedkommande synst fungerte ekstra godt. Av aktivitetar fleire informantar har trekt fram, har over halvparten vist til besök i gudshus eller trussamfunn som det dei har likt best. Dette kan tyde på at det er eit spenn mellom det organisasjonen ser på som si kjerneverksemd, og det deltarane opplever som mest interessant og gjevande. Kanskje kan dette vere ei årsak til at dei opplever därleg oppmøte på arrangementa. Samstundes er det viktig å peike på at å endre kjerneverksemd, vil utgjere ein fare for at organisasjonen utviklar seg til å verte noko anna enn den opprinnleleg var.

Der Ali vektlegg at interreligiøs dialog for unge truleg appellerte meir som konsept då det var nytt, peikar Nathalie på at det at det er nytt også kan vere ei utfordring for dialogen.

[Nathalie]: [...] Men utfordringa trur eg ligg i å få folk til å forstå kva det er, og å få dei til å tørre å komme. Det er nok ei utfordring... Fordi det er nytt, eller nytt for nokon, og berre på grunn av sånn generell møtekultur. Ein kjem på møte der ein kjenner nokon. Nokon kjem heilt

av seg sjølv, og det er kjempegøy. Men veldig mange kjem fordi det er nokon som personleg har invitert dei.

Nathalie opplever at mange kan synast det er skummelt å møte opp på arrangement der ein ikkje kjenner nokon. Ho framhevar dette som den største utfordringa. Når konseptet er nytt, anten som tilbod, eller nytt for den einskilde, trengst det innsats frå arrangøren for at folk skal komme. Også Jonas viser til at oppmøte har vore eit problem. Dette grunngjев han i at Dialog på Tvers ikkje har greidd å nå ut til potensielle deltagarar.

[Jonas]: Eg føler at det ikkje er så stort tilbod på sann type dialogarbeid. Det er ikkje så mange som jobbar med det. Så eg trur det er mange som rett og slett ikkje veit om det. I Dialog på Tvers har det vore litt for lite fokus på rekruttering, så det er noko me prøver å gjere noko med. Så det er litt i fokus, men det er ikkje så lett å gjere noko med.

[Kjersti]: Kva strategiar har de på det?

[Jonas]: Førebelts har me ikkje lagt opp nokon veldig konkrete. Det er litt sånn haldningsendring. Tidlegare har me berre jobba med dei me har hatt, medan no har det skjedd ei total endring, at me må prøve å få fleire med oss for å skape meir liv i organisasjonen. Di fleire di betre. Og det er no kjempegøy, så me prøver å få med oss folk frå så mange trusretningar som mogleg.

Jonas framhevar to årsaker til at Dialog på Tvers har få deltagarar. For det første trekkjer han fram at interreligiøs dialog kan vere dårleg kjend som tilbod. For det andre, peikar han på at Dialog på Tvers har hatt lite fokus på å rekruttere nye deltagarar. Han viser til ei haldningsendring i organisasjonen, frå å ha hovudfokus på dei som møter opp, til auka merksemd for å rekruttere fleire nye. Jonas framhevar altså at det trengs eit medvit rundt at dette er eit problem, for å kunne få inn nye deltagarar. Slik opplever både Nathalie og Jonas at det er ei utfordring for dialogorganisasjonane å nå ut med eit konsept som ikkje alle er medvitne på kva er, og å fange deira interesse.

Også Samira opplever at det kan vere utfordrande å få folk til å delta på interreligiøs dialog. Ho fokuserer meir på personlege årsaker til at folk sluttar. Frivillig arbeid avhenger ofte av eldsjeler som får det til å gå rundt. Samira uttrykkjer ei oppleving av at når organisasjonen i stor grad er bygd opp rundt eit par einskilde individ som ber organisasjonen, vert det veldig skjört. Forandringar i denne sin livssituasjon, kan vere ein faktor som rokkar ved stabiliteten i organisasjonen. Forandring i ein sentral figur i organisasjonen sine haldningars eller måte å praktisere religionen eller livssynet sitt på, likeeins. Ho trekkjer fram

at det har oppstått ein auke i ungdomstilbod knytt til religiøse aktivitetar i hennar religion. Dette er også med på å bidra til denne endringa i kva religiøs tilhørsle deltakarane i den interreligiøse dialogen har. I tillegg har ei heil gruppe trekt seg ut frå dialogen. Dette forandrar også strukturen i organisasjonen, noko som kan vere utfordrande.

Eit resultat frå «Styrke og mangfald»-prosjektet, var at nesten 20 prosent av deltakarane opplevde tidspress som eit hinder for dialogen (Stene, 2009:12). Tidsaspektet vert også trekt fram av fleire informantar. Fleire trekkjer fram at interreligiøs dialog slik dei vert gjennomførte, er tidkrevjande arrangement. Det tek tid for arrangørane å planleggje og gjennomføre dialogmøte, og det er også noko som må appellere til deltakarane i så stor grad at dei er villige til å setje av tid til å delta dialogen. Nathalie viser til at ein har gjort tiltak for å gjere dialogen meir tilgjengeleg for potensielle deltakarar, til dømes gjennom å prøve å tilpasse tid og stad på dialogmøta. Fleire informantar har trekt fram at ein i dialogen må lytte til andre, og slik kan lære av kvarandre sine tankar og utsegner. Nathalie trakk fram i kapittel 5.2 at ein på denne måte kan få med seg informasjon på dialogmøta, som ein seinare kan reflektere rundt, for så å gjere seg opp ei mening om kva ein sjølv meiner. «Å setje av tid til den gode samtalen» kan forståast som både som å prioritere ein aktivitet som er tidkrevjande, men også at ein må «vere påkobla» for å få utbytte av dialogen. Dette botnar i ønsket om å møte den andre parten i samtalen på ein god måte.

## 6.2 Å komme i kraft av seg sjølv eller å representer sitt trus- eller livssynssamfunn

Leirvik hevdar at «i dialogen handlar det om å sjå kvarandre som personar, ikkje berre som representantar for det eine eller andre livssynet, men som levande og mangfaldige menneske som oftare enn vi trur, har plurale identitetar» (2010:8) Dette er det likevel usemje om. Til dømes Cornille hevdar at eit premiss for å kunne delta i dialog, er å føle skyldnad til ein særskild religiøs tradisjon (2013:23). Særleg Dialog på Tvers vektlegg at ein skal komme i kraft av seg sjølv, og ikkje som representant for den trua eller det livssynet ein innehavar. Som i forskinga, kjem det også fram at dette vert oppfatta ulikt av deltakarane i denne studien.

[Ali]: Ja, det [å komme som seg sjølv] vart me ganske tidleg samde om. At det skulle vere ein føresetnad. Me skulle ikkje representera den organisasjonen som me kom frå, men at me var der som einskilde individ, og at våre syn ikkje var noko som representerte... Det var noko som vart teke opp ganske tidleg.

[Kjersti]: Har du nokre tankar om kvifor det var viktig?

|Ali]: Nei, det har no med å gjere at me ikkje skal stå til ansvar, eller representere eit syn som organisasjonen vår ikkje står bak. Difor var det viktig å få rydda av. Slik at det ikkje oppstod konfliktar eller spørsmål, eller lojalitetskonfliktproblem i forhold til din eigen organisasjon. For folk vil no ha ulike meininger, ikkje sant. Om religiøse spørsmål, om politiske spørsmål. Og andre spørsmål [...].

For Ali er det viktig at deltagarane stiller i kraft av seg sjølve, og at dei ikkje representerer eit fellesskap. Deltakarar som er medlemmar av eit trus- eller livssynssamfunn, eller ein religiøs organisasjon, kan slik ytre seg på ein måte som stirr mot eventuelle meininger organisasjonen eller tru- eller livssynssamfunnet representerer. Ali vektlegg at ein har ulike meininger innanfor same organisasjon, og at eit einskild individ sine meininger vil representere ein heil organisasjon, som har mange ulike oppfatningar i seg. Hadde ein annan person stilt som representant, ville kanskje heilt andre synspunkt vorte ytra. Utfordringa av å snakke på vegne av eit trussamfunn vert også peikt på av Nathalie. Nathalie uttrykkjer vidare at det har vore viktig for Dialog på Tvers å skilje mellom individ-, og religion- og livssynsrepresentasjon. Ho peikar på at det er fleire grunnar til dette.

[Nathalie]: [...] [D]et har også vore for å inkludere dei som ikkje har tru- og livssyn då, at dei kan vere med sjølv om dei ikkje tilhøyrer eit samfunn. Men også fordi ein kan ta opp tru og tvil, at det ikkje er sånn at ein skal ha alle svara. At det er lov å seie at ein ikkje er 100 prosent sikker i si eiga tru. Det har vore ein veldig naturleg ting i den dialogen, kor me har møttest og vore trygge på kvarandre då, kor ein deler tvil. Men det burde me sikkert vere tydlegare på. For det er mange som føler at dei ikkje kan tvile i eige trussamfunn. Har i alle fall eg inntrykk av. At det er deilig å snakke med nokon som er «peers». Same alder, same livssituasjon, meir eller mindre. Og at ein kan dele tvil. For det er ofte forventa at ein skal vere så utruleg trygg på sitt eige livssyn, og ha alle svara og sånn. Og det er ikkje noko kult. Og så er det no veldig slitsamt for andre også, å møte ein person som er så utruleg skråsikker på at ein har forstått alt saman.

For Nathalie vert det sentralt at gjennom å stille som individ og ikkje representant, kan alle delta i dialogen. Ho opplever også at det i større grad opnar for eit godt miljø for å vise tvil knytt til tru- eller livssyn. Også Siri uttrykkjer at dette har vore fokus hjå Unge Møter.

[Siri]: Me har vore veldig opptekne av det at du ikkje skal representere ein heil verdsreligion,

også. Du kjem der i kraft av deg sjølv, også. Og det har vore viktig at det ikkje skulle vere nokon inviterte, utdanna personar. No er no eg prest då, men heldigvis, så var det ikkje sånn at mange av dei kristne studentane spurte meg heile tida om kva som var rett svar. Det handlar om kultur i dei kristne ungdomsmiljøa. At ein skal få lov til å tenkje det ein vil. Elles, ein såg no i det muslimske miljøet, at i alle fall i byrjinga, så hadde dei mykje meir respekt for dei utdanna... Sånn som den første gongen me møttest så var det ein imam med. Og då vart det fort til at... Då diskuterte me, hadde me dialog om fastetradisjonar, og då såg me at mange av dei muslimske unge vendte seg heile tida til imamen... Eller sånn... Og stilte han spørsmål då. Og han sat berre der å la ut. Så me tenkte no ganske fort at dette her må me unngå. Så då vart norma liksom at når me skal ha framlegg på starten av eit dialogmøte om... Berre sånn for å setje tema på agendaen, verte tuna inn på kva me skal snakke om den dagen, så spurte me studentar, og ikkje imamar eller prestar, sånn at det vart... Ja, det vart vanleg lek.

For Siri vert ein religiøs spesialist, som i dette tilfellet imamen, sett på som ein representant for «eit korrekt syn» av dei i gruppa han representerer. Siri opplevde det at å ha med ein religiøs spesialist inn i ein dialog med menneske utan religiøs utdanning, gjorde at det ikkje vart ein like fri samtale som når ein ikkje har med ein slik representant. I staden for å uttrykkje tvil, som Nathalie trekkjer fram som ein positivt effekt av å komme som individ, opplevde ho snarare at ein vendte seg mot imamen i spørsmål som ein kanskje ikkje hadde svaret på.

Jonas opplever lik Siri at ein som deltar på dialogmøte stiller som seg sjølv, men viktig for han er også at ein er representant for den religiøse eller livssynsmessige tilhørsla ein har.

[Jonas]: Ja, altså. Eg tenkjer at du gjer på ein måte begge deler. Først og fremst er du eit einskild menneske. Men samstundes tilhører du no ei religiøs gruppering, så då vert du no ein representant der. Så det er kanskje litt vanskeleg... Eg tenkjer at du først og fremst er eit individ. Det er i alle fall det eg tenkjer når eg møter menneske. Og eg tenkjer i alle fall i vår tid, så er det no, til skilnad frå korleis det var i mellomalderen då kyrkja bestemte kva ein trudde på, så er det meir at du som individ trur på noko, og så bruker du på ein måte religiøse samfunn og finn der ein høyrer heime. Men det har no vorte veldig mykje meir individualisert då, i nyare tid... Eg trur på ein måte at mange kan føle ansvar for at dei representerer noko. Eg trur at veldig mange held att eigne meningar fordi dei tenkjer at «det er ikkje det eg skal tru».

[Kjersti]: På møta dykkar også?

[Jonas]: Ja, eg tenkjer litt sånn i det skjulte då. Men eg tenkjer til dømes at veldig mange kristne til dømes, har ikkje noko imot homofile i sånne konservative miljø. Men dei føler på

ein måte eit ansvar for å protestere mot det. Og det trur eg veldig mange synst er ubehageleg. For dei skjøner ikkje kvifor dei skal tru det, kanskje. For nokon trur eg det kan vere sånn. For mange trur eg det kan vere sånn. Sånn var det for meg også, då eg var kristen. Og det er på ein måte noko ein også må ha i bakhovudet. At nokre meiningar, er ikkje noko som ein naudsynlegvis er så veldig viktig for den personen, sjølv om den personen seier det. Det kan vere noko dei føler er eit ansvar fordi dei føler dei representerer ei retning. Så kanskje dei ikkje heilt skjøner kvifor, men føler at dei må seie det som det er. Og det kan føre til ein skikkeleg konflikt. Kan vere veldig frustrerande for den som seier den kontroversielle tingene. Å ha det i bakhovudet også, kan vere ein ting som kan hjelpe til å godta den personen då. Det har eg no opplevd... I tillegg til mi eiga endring trusmessig, så har eg møtt andre personar som har gått igjennom same prosessane. Og det fascinerer meg eigentleg kor mange meiningar som endrar seg, viss ein tek eit standpunkt. Eller kor ein hoppar av toget, heldt eg på å seie. Viss det på ein måte kjem til det punktet der ein kjem til at «nei, det her trur eg faktisk ikkje på». Og viss ein kjem til det, at ein greier å hoppe av, så finn ein no det at veldig mange ting endrar seg. Veldig mange meiningar skjer veldig fort. Og det trur eg har litt med å gjere at ein rett og slett på personleg plan ikkje skjøner kvifor, men føler ei plikt.

Jonas skil seg frå dei andre i det at han opplever at ein ikkje kan skilje mellom å komme som seg sjølv, eller som representant for ein religion eller eit livssyn. Sjølv om ein kjem som individ i teorien, peikar Jonas på at mange av dei meiningane ein har, har ein på grunn av at ein tilhøyrer den religionen eller det livssynet ein gjer. På denne måten vil individet i ein eller annan grad spegle religionen eller livssynet i dialogen. Han peikar også på at ein kan føle eit slags ansvar overfor det samfunnet ein kjem frå, som gjer at ein uttrykkjer meiningar som ein ikkje naudsynleg har eit veldig medvite forhold til. Slik opplever han det som vanskeleg å setje eit totalt skilje mellom individ-, og religion- og livssynsrepresentasjon.

### 6.3 Å snakke om dei vanskelege tingene

«Hvis dialogen som prosess ikke tåler forskjeller eller uenighet, betyr det at den har forandret seg til sin motsetning – en konkurranspreget debatt der målet er å overvinne den andre» (Grung og Leirvik, 2012:78).<sup>12</sup>

---

<sup>12</sup> Forfattarane har teke utgangspunkt i Inge Eidsvåg sin tekst «Dialog eller debatt?» (2004) *Samtiden*, 4: 138–142. Har handsama sitatet slik det er oppgjeve i Grung og Leirvik (2012).

Leirvik peiker på at det er viktig å utfordre kvarandre i vanskelege saker (2010:99). Dette har også vore eit mål ved tidlegare dialogprosjekt, der ein gjennom å samanfatte forpliktande fellesskapsverdiar og soleis identifisere moglege konfliktar, har prøvd å finne konstruktive måtar å handtere desse på (Eidsvåg, 2009:15). Informantane i denne studien har, som vist over, opplevd at openheit mellom deltagarane er eit premiss for ein vellukka dialog. Gjennom å møte den andre med respekt og opne haldningar, kan ein oppleve å lære av kvarandre og lære nye ting om seg sjølv. I å lære kvarandre å kjenne, kan det også innebere å måtte ta opp vanskelege tema og å verte konfrontert med forutinntatte meiningar ein kan ha.

I rapporten frå «Styrke i mangfold»-prosjektet vart det også undersøkt om deltagarane i interreligiøs dialog opplevde at vanskelege tema vart unngåtte. Det kjem fram at ca. 20 prosent opplever dette. Årsaker som vart trekte fram var 1) at gruppa var i ein oppstartsfase, slik at ein hadde fokus på å verte kjende og skape tryggleik i staden for å ta opp vanskelege tema, 2) at ein (dessverre i deira auge) hadde hatt ein visjon om å unngå vanskelege spørsmål, 3) at ein unngjekk vanskelege tema fordi ein opplevde spenningar i gruppa, og var redd for at den skulle bryte saman (Stene, 2009:8). Informantane i denne studien opplever i stor grad at dialogmøta er ein arena der ein kan ta opp det ein ønskjer. Likevel kjem det fram i samtale at nokon tema er vanskelegare enn andre. Det opplevast også som ei problemstilling korleis ein skal velje å handsame vanskeleg tematikk når det kjem opp. Eg vil no sjå nærmare på korleis dette kjem til uttrykk hjå informantane.

Samira var med på å starte opp Unge Møter, og fortel om kva strategiar dei har hatt på å ta opp vanskelege tema.

[Samira]: Ja, altså når me starta dialogtreffet var det veldig viktig for oss... Eller eit viktig prinsipp me lærte frå Nansenskolen var at ein skulle ta dei lette temaa først, og etterkvart, når ein er trygg på kvarandre, snakke om dei vanskelege temaa. Eit døme me ofte brukte var at første gongen ein møter ein jøde, så seier ein ikkje «Kva synst du om Palestina?». Du startar kanskje med å snakke om fasten til dømes. Så sånn sett var ein av hovudprinsippa når me byrja denne dialogen at me ikkje skulle snakke om Midtausten. Så det var veldig viktig. Så det var kanskje det som var mest tabu. Og med kristne så hugsar eg at me ein gong hadde lyst å snakke om «Gud». Men då tenkte dei at det er eit vanskeleg tema å snakke om, på grunn av treeininga. Så det var meir sånn tabu for dei då. Så det er kanskje nokon av dei tema som har vore...

[Kjersti]: Vart det slik at de fekk tatt det opp når det vart betre kjende?

[Samira]: Me kom aldri så langt. Men me har vore på menneskesyn då, og då kom me no litt inn på gudssyn også.

[Kjersti]: Føler du at det har fungert å gå over frå lette tema til vanskelegare etter kvart?

[Samira]: Eg synst me var litt for fastlåste. Det som var var at me var ikkje så konsekvente, det kom stadig nye folk, så me følte me måtte byrje på nytt kvar gong.

Det kjem her til uttrykk at vanskelege tema ikkje vert unngåtte, men heller utsette. For Samira er det ikkje eit poeng at ein ikkje skulle snakke om vanskelege tema, men at ein først skulle verte kjende. Dette samsvarer med punkt éin frå «Styrke i mangfold»-undersøkinga. Det viser seg også at å ta opp vanskelege ting etterkvart ikkje var så enkelt. Strukturen i organiseringa av dialogmøta både til Unge Møter og Dialog på Tvers er at dei er opne for dei som har lyst til å delta. Dette gjer at ungdommane kan kome å gå litt som dei vil. Dette kan ha vore ein grunn til at ein føler at ein stadig må starte på nytt kvar gong, fordi det stadig vert utskifting av deltakarar. Dette gjer at det opplevast som vanskeleg å byggje tillitsfulle relasjonar, sidan gruppa stadig endrar seg. Som ei følgje av dette, kan det følast som problematisk å få tatt opp tema som vert sett på som vanskelege, då ein opplever å måtte forhalde seg til personar ein ikkje har bygd opp denne tilliten til.

Også Amalie opplever at dialogen i større grad kunne verte brukt til å snakke om det som er ulikt, heller enn det som er felles.

[Kjersti]: Opplever du at det på slik religion- og livssynsdialog har fokus på å finne det ein har til felles, eller det som er ulikt?

[Amalie]: Eg trur det ofte er fokus på å finne det ein har til felles, eller finne noko ein kan verte samde om. At ein gjerne snakkar om skilnadane, men endar opp med å konkludere med likskapane.

[Kjersti]: Korleis synst du det fungerer?

[Amalie]: Eg synst no det fungerer nogenlunde greitt, men av og til så trur eg ein skulle ønske at ein gjekk litt meir i djupna og diskuterte skilnadane. At dialogen hadde vorte litt meir nyttig viss ein hadde gått litt meir i djupna på... Ja...

[Kjersti]: Tenkjer du at det er ein grunn til at det ikkje vert gjort?

[Amalie]: Eg trur kanskje fordi ein bruker gjerne dialog for å kunne førebyggje, eller har ein idé om at dialog skal kunne førebyggje konflikt og usemje og sånn... At ein då kanskje dyssar ned skilnadane, eller det at ein har veldig ulike synspunkt då.

[Kjersti]: Kunne du tenkt deg å vore med på ein dialog der det var meir fokus på skilnader?

[Amalie]: Ja.

Lik Samira opplever også Amalie at dialogen i større grad kunne brukast til å snakke om ulikskapane deltakarane i mellom. Ho opplever at ein unngår å snakke om vanskelege tema, fordi ein fryktar at dette kan føre til konflikt. På denne måten kan Amalie sine forståingar sjåast i motsetnad til inntrykket mange av informantane har; at målet for dialogen ikkje er å verte samde, men å lære av kvarandre. Amalie si utsegn forståast som eit uttrykk for at semje opplevast som konfliktførebyggjande, medan usemje eller ulikskapar kan føre til konflikt. Dette kan til ein viss grad samsvare med punkt 3 i «Styrke og mangfald»-rapporten: Sjølv om ein ikkje allereie opplever spenningar i gruppa, vert konfliktfylte tema unngått i frykt for at slike spenningar skal oppstå.

Jonas framhevar at det å ta opp vanskelege tema både er utfordringa og poenget med dialogen.

[Jonas]: Det er no kanskje det som er problemet med... Eller utfordinga då. At du har ein del tema som er ganske vanskelege. Sånn som likestilling og omskjering og... Det er no på ein måte det som er poenget med dialog då. Det er no eit verktøy til å møte tunge tema. Men det kan no sjølvsagt vere utfordrande. Absolutt. Men det handlar berre om å vere litt medvit om korleis ein snakkar med kvarandre. Det går an å vere sterkt usamde, og likevel ha ein god tone.

Jonas peikar på at gjennom å ha fokus på korleis ein møter den andre parten i dialogen, vil det vere mogleg å kunne møte vanskelege tema og framleis ha ein god tone med dei ein samtalar med. Sjølv om Jonas framhevar at dialogen kan brukast til å ta opp vanskelege tema, kan dette by på vansk og uventa problematikk. Dette vil i siste del av analysen verte kasta lys over ved å bruke Midtausten-konflikten som døme.

### 6.3.1 Eit døme: Midtausten-konflikten

Av tematikk som vart opplevd som tabu eller vanskeleg å snakke om, kom Midtausten-konflikten opp som tema i dei fleste intervjuia føretekne i løpet av feltarbeidet. Likevel kjem det fram at konflikten er noko som engasjerer mange av ungdommane i dette feltet. Å samtale om Midtausten-konflikten vert av fleire informantar opplevd som den største utfordringa med dialogen. Tidlegare har det vorte framheva at aksept er eit viktig premiss for å delta. Likevel kjem det fram at opplevelingar av usemje ikkje naudsynleg er så enkelt når det kjem til stykket.

Konflikten kjem opp på fleire nivå. Både Guro og Samira legg fram at allereie i planlegginga av dialogtreff, har dette vore ein tematikk som må takast stilling til. I deira organisasjon har løysinga vore å unngå temaet på dialogmøta.

[Guro]: Ja, eg er no i leiargruppa som planlegg, og me har no ein del planleggingsmøte og sånt også, og det er no også dialog i planlegginga. Og no har me hatt både jødiske representantar, kristne og muslimar, saman, og då har me diskutert litt kva som er greitt å ta opp. For nokon har vore litt for at ein berre skal ta opp dei tinga ein har til felles, det felles grunnlaget me har og sånn, medan andre har vore veldig usamde i det då. Me har diskutert litt den Israel-Palestina-konflikten. Skal det vere greitt å diskutere den, og korleis skal me i så fall gjere det. Eller er det noko ein ikkje skal snakke om i det heile tatt. Og det er no litt vanskeleg, for det er noko som er på nyhendene veldig ofte, og viss ein ikkje skal snakke om det når ein faktisk møtast, samstundes som ein vil skape gode relasjonar...

[Meg]: Ja, korleis har de løyst det då?

[Guro]: Det har vorte ein diskusjon.

Stene nemner, som vist til over, at opplevingar av spenning i dialoggruppa, og derav frykt for at den skal bryte saman, er ei årsak til at ein unngår vanskelege tema (2009:8). Dette viser Guro til, i dilemmaet mellom det å skape gode forhold mellom deltakarane, og å kunne ta opp tema som igjen kan rive ned det gode forholdet ein har bygd opp. Samstundes trekkjer ho fram paradokset ved å ikkje ta opp eit så aktuelt tema som vedrører deltakarane, når ein faktisk er tilstades for å ha dialog.

I kapittel 6.2 kom det fram at Samira opplevde at det å byrje med lett tematikk for så å snakke om dei vanskelege temaar når ein var betre kjende, ikkje fungerte då det stadig var utskifting av deltakarar på møta. Her viste ho til Midtausten-konflikten som det temaet det var vanskelegast å snakke om.

[Samira]: Eit døme me ofte brukte var at første gongen ein møter ein jøde, så seier ein ikkje «kva synst du om Palestina?». Du startar kanskje med å snakke om fasten til dømes. Så sånn sett var eit av hovudprinsippa når me byrja denne dialogen at me ikkje skulle snakke om Midtausten. Så det var veldig viktig. Så det var kanskje det som var mest tabu [...].

Samira peikar på at Unge Møter har løyst denne problemstillinga ved å ikkje snakke om Midtausten-konflikten i det heile tatt. Dette har vore ein regel som har lege til grunn for dialogen. Det har vore viktig å skape tillit og gode relasjonar inne i dialoggruppa for å ha eit miljø for å snakke om vanskeleg ting. For å oppnå dette har ein unngått å ta opp denne konflikten. Likevel kjem det fram at dette er lettare i tanken enn i praksis. Sjølv om

tematikken ikkje naudsynleg kjem opp på dialogmøta, kan framleis deltarane sine meininger vere synlege for andre deltarar, til dømes gjennom sosiale media.

Opplevingar tilsvarande Samira si, kjem også til uttrykk når Siri fortel om ein deltarar som valde å ikkje lenger delta på dialog gjennom Unge Møter.

[Siri]: [...] Eg trur at det har med Gaza-krigen å gjere. For, eg veit at mange har posta mykje på Facebook til dømes, i sommar. At det er stort Palestina-engasjement offisielt blant muslimane. Og jødane har eit sterkt Israel-engasjement.

[Kjersti]: Så det vart krasj der.

[Siri]: Eg trur det. For det er no ein ting me aldri har kunna snakka om. Det har berre vore ein sånn avtale. Me snakkar ikkje om Israel-Palestina-konflikten.

[Kjersti]: Ja, for eit anna spørsmål eg spør om er om det er nokre tema som er tabu å ta opp. Og det er kanskje eit sånt?

[Siri]: Ja. Og det er no veldig vanskeleg også for... Det var ei kontaktgruppe mellom Det mosaiske trussamfunn, altså jødane, og Islamsk råd, og Den norske kyrkja, på sånn leiarnivå. Og dei hadde ein felles pilegrimstur til Det heilage land. Og tok med seg heile konflikten heim. Så den gruppa låg i alle fall på is i vår. Så dette her er ikkje berre oss. Det som har vore ulikt då... For eg veit no at dei på topplan har måtte snakke mykje om politikk. Dei snakkar om trusfridom, ikkje sant... I Noreg. Og støttar kvarandre, og kjem med utsegner saman, ikkje sant. Medan me har no aldri gjort det. Me har snakka om våre trushistorier. Og det synst no dei leiarane har vore veldig spanande. Å høyre dei unge fortelje at «nei, me snakkar ikkje om Israel, me vel heller å snakke om bøn». Og dermed så har me no greidd mykje meir å møtast som menneske.

Siri viser også til at strategien for å handsame Midtausten-konflikten på møta har vore å unngå tematikken fullstendig. Likevel opplever ho at det eksisterer spenningar, som kan komme fram i lyset. Ingen av deltarane er isolerte berre til å vere «dialogdeltarar». Fleire av deltarane har til dømes vorte vener på Facebook etter å ha delteke på dialog saman. Når ein møtest «over Internett» er ein ikkje i dialogsettingen lengre, og å verte kjende utanfor dialogsfæren kan føre til at ein vert kjend på ein annan måte. Ein deltarar sine meiningstringar kan kanskje komme overraskande på ein annan slik dei framstår i ein ikkje-dialogisk kontekst. Dette er noko som Siri uttrykkjer i sitatet over, når ho framhevar at dei ulike partane i dialogen bruker Facebook til å vise engasjement og støtte i Midtausten-konflikten. På spørsmål om det gjer noko med dialogen at til dømes dette temaet ikkje vert teke opp, seier ho:

[Siri]: Ja, eg har no heile tida tenkt at «når skjer det?». For eg har no sett dette Facebook-engasjementet som dei har. Jødane fer no på leir i Tel Aviv ikkje sant, og muslimane er no irakarar, iranarar og afghanarar, ikkje sant. Palestinarar.

[Kjersti]: Så det vert nesten litt elefanten i rommet, kanskje?

[Siri]: Ja, det er det.

Også Anna fortel om utfordringar ho har opplevd gjennom møta i denne religionsdialoggruppa. Ho fortel at ho hadde eit ønske om at dialogen berre skulle dreie seg om religion og religiøse tema, men at det hadde ein tendens til å snike seg inn politiske ulikskapar i dialogen. For ho var det viktig at møta skulle dreie seg om religiøse tema eller problemstillingar, utan at dei skulle ha eit politisk aspekt ved seg. Likevel kjem det fram at ho personleg har eit engasjement i konflikten.

[Anna]: [...] Eg vil kjempe mot Israel-BDS og boikottar og antisemittisme.

[Kjersti]: Kva er BDS?

[Anna]: Det er den offisielle boikotten av Israel. Me er imot boikotten. Israel er heimlandet for jødane, og eg 100 prosent bak Israel.

Det kjem altså fram at sjølv om meininger ikkje naudsynleg vert uttalte på dialogmøta, kan ein få inntrykk av desse gjennom andre kanalar. På denne måten kan ein stille seg spørsmålet kva det gjer med dialogen at slike vanskelege tema ikkje vert teke opp? Har det heller negativ enn positiv effekt på dialogen at dette temaet ikkje vert samtala om? Om ein får inntrykk gjennom andre kanalar, som ein kan ta med seg som eit bakteppe inn i dialogen utan at det vert snakka om, kan dette føre til at det er sentrale og konfliktfylte fordommar som ein ikkje får moglegheit til å bryte ned? At ungdommane får inntrykk gjennom dialog som påverkar deira syn på andre religionar og livssyn, har komme fram i tidlegare kapittel. Dette gjeld også Midtausten-konflikten.

I intervjuet kjem det fram at Midtausten-konflikten er noko som opptek fleire av informantane. Mange av informantane viser eit stort engasjement i konflikten, og i fleire intervju har det kome fram kontroversielle utsegner og skarp kritikk av meiningsmotstandarar i Midtausten-konflikten. Desse vil med omsyn til informantane ikkje siterast her. Men desse kontroversielle utsegnene viser at denne konflikten er eit vanskeleg tema. Dette har også vore synleg i dialogprosjekt «på høgare nivå». Prosjektet som Siri trakk fram i eit sitat tidlegare i

kapittelet, har også vorte omtalt i Vårt Land (27.03.2015). Kontaktgruppa Abrahams barn reiste til Israel for å lære og å sjå situasjonen frå dei ulike synsvinklane. Då dei kom tilbake rapporterte dei til Utanriksdepartementet om gnissingar og usemje som hadde oppstått både under turen og i etterkant av den. Det kom også fram at ein fekk kjenne på kor vanskeleg det faktisk var å forhalde seg til denne konflikten, og at mange av problema oppstod når ein kom tilbake til Noreg og skulle samtale om og evaluere inntrykka frå turen (Lindekleiv i Vårt Land, 27.03.2015). Dette viser at sjølv om intensjonane kan vere gode, kan det vere vanskeleg å gjennomføre dialogen, eller ting kan ha andre utfall enn ein hadde tenkt.

Dette kan vere eit bilete på at når ein i dialogen opplever at det er tema som deltakarane har særslig ulik oppfatning av, vil det vere grenser for korleis dialogen strekkjer til. I desse to tilfellene ser ein at Midtausten-konflikten har vorte tilnærma på to ulike måtar. Kontaktgruppa reiste til Israel for å oppleve konflikten på nært hald. I dialoggruppene informantane har vore med i, opplever ein at tematikken vert unngått for å forhindre konflikt. Men begge tilfellene viser at sjølv om ein har tilnærma seg det på ulikt vis, har ikkje løysingsforsøka hindra usemje, fordommar og konfliktar. Kanskje er dette eit uttrykk for at dialogen slik den framstår i dag ikkje er tilstrekkeleg utvikla for å kunne handsame religiøse konfliktar av det kaliber Midtausten-konflikten er.

## 6.4 Oppsummering

Å arrangere dialog kan vere utfordrande. Informantane trekkjer fram både meir praktiske utfordringar, i tillegg til utfordrande tema i dialogen. Av organisatoriske utfordringar, vert det særleg peika på därleg oppmøte på dialogmøta. Det vert trekt fram fleire årsaker til at folk ikkje møter opp, som til dømes at det ikkje appellerer lengre, därleg rekrutteringsarbeid frå organisasjonane si side, og at det er høg terskel for å komme åleine. Også meir personbaserte årsaker vert trekt fram, og at det opplevast som tidkrevjande. Eg vil også hevde at ei årsak kan vere det som opplevast som eit spenn mellom «tilbod og førespurnad». Særleg Dialog på Tvers framhevar at dialogmøte, der ein sit saman i grupper og samtalar om ulike tema, er deira viktigaste aktivitet. I materialet i dette prosjektet trekkjer fleirtalet av informantane fram å besøke kvarandre sine gudshus som det mest gjevande eller den aktiviteten dei likte best. Dette kan vere eit uttrykk for at det ikkje er samsvar mellom kva deltakarane ønskjer seg, og kva organisasjonane tilbyr, noko som kan resultere i därleg oppmøte. Kanskje kan større fokus på det informanten Jonas kallar «aktivt» dialogarbeid vere ein måte å møte deltakarane på, og få auka oppslutting.

Å komme i kraft av seg sjølv eller som representant for sitt trus- eller livssynssamfunn, vert oppfatta ulikt av informantane. Fleire trekkjer fram at det er fordalar ved å «berre» stille som seg sjølv, til dømes at ein slepp å stå til ansvar for eit heilt trus- eller livssynssamfunn, at også dei som ikkje er medlemmar i eit samfunn vert inkluderte, og at det er større rom for tvil. Likevel peikar Jonas på at dette skiljet er vanskeleg å oppretthalde, då meiningane ein har med seg inn i dialogen, gjerne vil reflektere det trussamfunnet ein kjem frå, medvite eller ikkje. Han peikar på at ein gjerne kan på ta seg ei meining fordi den er vanleg i det trussamfunnet ein kjem i frå, utan at ein har reflektert rundt kvifor ein meiner som ein gjer.

Å snakke om vanskeleg tematikk opplevast som utfordrande. Likevel har fleire eit ønske om å bruke interreligiøs dialog nettopp til å ta opp vanskelege tema. At ein ikkje kjenner kvarandre godt nok, eller at ein vil unngå konflikt og spenning vert trekt fram som årsaker til at ein unngår tematikk som opplevast som vanskeleg. Midtausten-konflikten vert særleg framheva som eit utfordrande tema. Førebelts har ikkje dette vore eit tema på dialogmøta, utanom i planlegginga, der ein har vald at det ikkje skal takast opp. Likevel kjem det fram at ein kan få eit inntrykk av kva den andre meiner, både gjennom religiøs tilhørsle, men også til dømes gjennom deltakarane sine engasjement på sosiale media. Slik vert denne konflikten noko deltakarane forheld seg til likevel og som kan skape spenningar, *sjølv om*, men også *fordi* det ikkje vert samtala om på dialogmøte.

## 7. Avslutning

Bakgrunnen for denne oppgåva har vore å sjå på korleis ungdommar og unge vaksne reflekterer rundt bruk av organisert interreligiøs dialog, og kva dei opplever som viktige faktorar for eiga deltaking.

I første del av analysen har eg sett på kva som motiverer desse unge menneska til å delta i dialogen. Den norske forskinga på interreligiøs dialog har først og fremst vore gjort av personar med teologisk bakgrunn som sjølve deltek i dialogen. Dette gjeld også Leirvik, som ofte trekkjer inn personlege erfaringar i arbeidet sitt. Han viser til at dette er eit medvite val, «for det nye religionsmøtet er utfordrande, og distanserande skildringar står i fare for å miste kontakten med sjølve dynamikken i dei interreligiøse prosessane» (2010:7). Men Leirvik malar ikkje dialogen rosenraud: Han viser til at det finst fleire utfordringar som dialogen må ta tak i. Han peikar til dømes på at deltakarane etterkvart må tørre «å utfordre kvarandre i vanskelege saker», og verte utfordra til «å vise meir av seg sjølve og sine eigne kulturelle lokalitetar» (Leirvik, 2010:99). Likevel ber litteraturen hans preg av eit positiv syn på dialog. Dialogen er noko som han har tru på, som han vil skal fungere. Dette vil eg hevde at motivasjons-kategoriane hans også ber preg av. Leirvik trekkjer fram to hovudfaktorar for kvifor menneske deltek på interreligiøs dialog: Anten for å kunne lære av kvarandre og soleis vekse andeleg, eller fordi ein ser samfunnsnytta av å snakke saman. Sjølv om Leirvik viser til den andelege dialogen, vil eg argumentere for at det er den naudsynlege dialogen som er hovudfokus i forskinga hans. Dette samsvarer også med fokuset som først og fremst gjer seg gjeldande i samfunnet for øvrig, der til dømes regjeringa vektlegg interreligiøs dialog som eit tiltak mot radikalisering av unge.<sup>13</sup> Desse kategoriane vil eg foreslå speglar aktørperspektivet hans, og ønsket om å oppnå noko med dialogen. Gjennom å vektleggje interreligiøs dialog som noko som er naudsynleg for å til dømes forhindre konfliktar og skape eit fredelegare samfunn, vert dialogen løfta fram som eit viktig bidrag.

I mine funn vert det derimot tydleg at dette konfliktførebyggjande aspektet ved dialog berre er éin av mange ting som kan motivere til deltaking. Utifrå materialet har eg laga fem kategoriar. Desse er «ganske tilfeldig», «å verte forstått», «å knyte kontaktar», «respons på terror» og «idealisme», der dei to siste speglar dette samfunnsaspektet. Eg vil likevel trekkje fram i lyset dei andre kategoriane, som ikkje har fått like mykje fokus i tidlegare forsking.

Det kjem fram at fleire deltakarar ikkje har hatt ein medviten grunn då dei byrja å delta. Dette har ikkje vore kasta lys over i noko av den faglitteraturen eg har teke føre meg til

---

<sup>13</sup> Til dømes representert i Regjeringa si handlingsplan mot radikalisering og valdeleg ekstremisme.

dette prosjektet. Kanskje kan manglande fokus på dette nettopp sjåast i samanheng med aktørperspektivet som ofte er gjeldande i forskinga, og derav ønsket om at dialogen skal gjere ein skilnad på samfunnsplan. Om deltakarane ikkje har ein tanke bak, vert kanskje dialogen oppfatta som mindre viktig? Ein annan grunn til at dette ikkje har vore framtredande i anna forsking, kan vere at fokuset i dette prosjektet har vore på organisert dialog mellom ungdom og unge vaksne. Om fokuset for oppgåva hadde vore på vaksne menneske som til og med var leiarar eller sentrale skikkelsar i eit trus- eller livssynssamfunn, ville kanskje lista vore høgare for å seie at ein ikkje hadde ein særskild tanke bak deltakinga. Dette inneber likevel ikkje at deltakarane utan ein særskild årsak for deltakinga er mindre engasjerte enn dei som hadde ein medviten grunn til at dei starta med dialog.

Å knyte kontaktar har også vorte trekt fram som ein driv til å delta i dialogen. I Noreg er framleis dialogmiljøet såpass lite at «alle kjenner alle». Slik vert det å delta i ungdomsdialog ein måte å tidleg få ein «fot innanfor» på. Nathalie representerer altså eit ønske om å delta basert på personlege framtidsutsikter. Men kontaktar er ikkje berre knytt til framtidig nettverk i arbeidslivet. Det vert også peika på at å delta i dialog kan vere ein måte å få vene og skape personlege relasjonar på. På denne måten ser ein at dialog også kan vere ein sosial arena, lik andre ikkje-dialogiske fritidsaktivitetar.

Bruken av dialog som eit verktøy for å verte forstått, kjem også fram i materialet. I dialogen vert det ofte framheva at ein har eit ønske om å møte den andre, lære den andre betre å kjenne, og forstå den andre parten (jamfør Hareide, 2009:34). I denne kategorien kjem det fram at eit viktig fokus heller enn å lære om den andre, er at den andre skal lære om og forstå dei. Dette kjem til uttrykk gjennom å bruke dialog til å kommunisere med det gamle trussamfunnet sitt på, eller å bruke dialog til å spreie informasjon om sin eigen religion eller livssyn. Dette kan sjåast som ein motsetnad til det som ofte vert framheva i litteraturen, der fokuset ofte er på det likeverdige møtet, utan å ha gjort seg opp nokre tankar undervegs, og ikkje ha eit mål for møtet.

Av erfaring informantane har gjort seg gjennom interreligiøs dialog, vert openheit framheva som ein føresetnad for dialogen. Viss ein skal delta i interreligiøs dialog, må ein vere open for den andre, i ein føresetnad om respekt. På denne måten visast det at dialogen og kan verke ekskluderande, ved at openheita i seg sjølv vert ein grensesettar mot dei som ikkje vert oppfatta som opne. At dialogen ikkje er for alle, vert imidlertid trekt fram som uproblematisk av fleire informantar. Ikkje alle treng å delta. Deira eigne fordommar og ekskludering av meir konservativt truande som kunne brakt inn nye element i dialogen, vert

ikkje oppfatta som problematiske. Slik ser ein at den interreligiøse dialogen vert open for det deltarane er opne for.

Som framheva tidlegare, er eit viktig fokus for den interreligiøse dialogen den samfunnsnytta den innehar. Den skal verke konfliktførebyggjande og kjempe mot fordommar. Gjennom å avgrense den interreligiøse dialogen til dei som innehar dette premissset openheit, vert det sentralt å stille spørsmål ved i kva grad denne dialogen fungerer for å førebyggje ekstremisme og radikalisering. Ein baserer seg på ei gruppe som kan oppfattast som mangfaldig i deira ulike religiøse- og livssynsmessige bakgrunn og tilnærming. Likevel kjem det fram at dei har ei lik grunninnstilling til dialogen i dette premissset om openheit og respekt. Dette kjem mellom anna til uttrykk hjå Ali, som opplever at dei unngår trongsynte, fordi «dei aldri ville gidde å melde seg på noko sånt». Dette opplevast som eit uttrykk for ein forutinntatt oppfatning av ei gruppe menneske som vert ekskluderte frå dialogen. Kanskje kan det også sjåast som eit uttrykk for eit behov for å utvide premissa for kven som vert inviterte inn i dialogen?

Andeleg vekst var ikkje eit insentiv hjå informantane i dette prosjektet, men heller ein effekt dei ikkje naudsynleg hadde rekna med då dei byrja å delta. Det kjem fram at dei har opplevd at samtale eller samhandling med menneske frå ein annan religion eller livssyn har vore med på å utvikle deira eiga religion- og livssynsutøving. Religionsundersøkinga frå 2008 viser at eit klårt fleirtal meiner at fleire religionar kan innehalde grunnleggjande sanningar. Fleirtalet av informantane i dette prosjektet uttrykkjer derimot at dei ikkje opplever at dei har vorte meir opne for andre religiøse sanningar, men tvert i mot at deira eigne religiøse sanningar har vorte styrka i møte med den andre. Kanskje kan dette vere eit uttrykk for at det er eit spenn mellom oppfatningar ein har om seg sjølv og sine meningar, og korleis erfaringane reflekterer desse oppfatningane. Her vil eg også foreslå det som fordelaktig å skilje mellom andeleg utvikling, og utvikling av truspraksis. Sjølv om fleire trekkjer fram at utvikling og auka medvit har vore knytt til eigen religion og livssyn, er det også fleire som trekkjer fram at å delta i interreligiøs dialog har hatt påverknad på religions- eller livssynspraksis, og at dei her kan ta inn element frå andre retningar. Dette kan tyde på at det opplevast som lettare å la seg påverke av andre tradisjonar i form av praksis, heller enn i tru.

Fleire informantar erfarer at bruk av dialog også kan bryte ned fordommar. Dette speglast også i fleire av motivasjonskategoriane, der både dialog som respons på terror, for å få eit mindre konfliktfylt samfunn, som ein måte å verte forstått på, kan koplast opp mot fordommar og forutinntatte meningar. Det kjem også fram at fleire sjølve opplever fordommar knytt til å vere religiøs i Noreg. I forbindelse med dette har eg nytta meg av

Erving Goffman (1986) sin stigma-teori. Sentralt i teorien er samspelet mellom den stigmatiserte og den normale, og korleis den stigmatiserte forheld seg til si oppleving av å bere eit stigma. Opplevinga av å skilje seg ut og/eller verte sett ned på som religiøs, vert trekt fram av fleire informantar. På denne måten vil eg argumentere for at å vere religiøs i Noreg kan opplevast som eit stigma.

Goffman sitt skilje mellom den diskrediterte og potensielt diskrediterte er også representert i materialet mitt. Den diskrediterte vil ha synleg symbolikk, som (i dette tilfellet) gjer det openbert at personen innehavar stigmaet religiøs. Informanten Samira fortel at ho som jente med hijab, har erfart å verte oppfatta som underkasta, noko ho ikkje opplever seg sjølv som. Anna vert eit døme på den potensielt diskrediterte, som ikkje synleg innehavar stigmaet, og soleis må forhalde seg til ulike spørsmål kring å «avsløre» seg sjølv som religiøs. Anna opplever til dømes at å bere ei davidsstjerne kan verte for mykje jødisk symbolikk utad. Fleire informantar peikar på at interreligiøs dialog kan brukast for å dele erfaringar med andre som deler denne opplevinga av å verte stigmatisert. Slik kan det gjennom eit felles stigma oppstå eit fellesskap på tvers av religionar og livssyn. Fleire opplever også at interreligiøs dialog aktivt kan brukast for å forbetre, eller forsøke å forbetre, sin status i samfunnet. Mange opplever meir interesse og positiv respons knytt til deira religiøsitet på dialogmøte enn elles i samfunnet. Slik vert dialogmøta ein stad der fordommar kan brytast ned, og deltakarane kan få status som «normale». Likevel må det peikast på at dette skjer i eit vakum på dialogmøta, og at dei framleis vil ha same status i resten av samfunnet. Dette samsvarar med Goffman, som viser til at ein som stigmatisert ikkje kan oppnå full aksept i samfunnet.

Informantane trekkjer fram fleire utfordringar med dialogen, både praktisk-organisatoriske og utfordringar knytt til kven ein representerer: seg sjølv eller sitt trus- eller livssynssamfunn. Likevel er det utfordringar knytt til tematikk, som kjem tydelegast fram i intervjua. På trass av at fleire peikar på at målet for dialogen ikkje er å verte samde, og at ulikskapar er positivt, kjem det fram at det kan opplevast som vanskeleg å snakke om ting ein er usamde om. Samira peikar på at tillit mellom deltakarane må vere etablert før ein kan ta opp vanskelege tema. Men stadige utskiftingar i dialoggruppa gjorde at tilliten aldri vart bygd tilstrekkeleg opp. Slik vart det aldri rom for å ta opp dei vanskelege tinga. Fleire peikar også på ei oppfatning av at usemje kan føre til konflikt. Gjennom å unngå tema som får fram usemje og ulikskapar, forsøker ein å hindre konflikt og spenningar i gruppa.

I denne oppgåva har eg vist til Midtausten-konflikten som eit døme på tema som både opptek mange av informantane, men som også vert opplevd som særskilt vanskeleg å trekke inn i dialogen. Løysinga for organisasjonane i dette prosjektet, har vore å unngå temaet. Dette har

vist seg å vere ei løysing som ikkje fungerer så godt i praksis. Dette heng i hop med at ingen av deltakarane er «isolerte dialogdeltakarar». Til dømes er alle informantane i denne oppgåva unge menneske som nyttar seg av sosiale media og moderne kommunikasjonsteknologi. Gjennom til dømes Facebook får deltakarane innblikk i kvarandre sine meiningar slik dei vert presenterte på profilane sine. Dette viser at sjølv om tematikken ikkje vert teken opp på møta, er den framleis synleg. Slik ser ein at synlege meiningsspenningar ikkje vert snakka om. Informanten Anna uttrykkjer at ho ville at den interreligiøse dialogen skulle forholde seg til spørsmål og tema som utelukkande dreidde seg om religion, og ikkje skulle ha eit politisk aspekt ved seg. Eg vil argumentere for at dette kan vere problematisk å få til, då religion er eit tema som heller ikkje står isolert for seg sjølv, men er samanvevd med fleire aspekt av samfunnslivet. Slik kjem det fram at å ikkje samtale om dette også kan føre til konflikt, i det at inntrykk utan i frå kan gje fordommar som ein ikkje får høve til å forsøke bryte ned. Dette kan reflektere eit bilet på at når ein i dialogen opplever at det er konfliktfylte tema, vil det vere grenser for korleis dialogen strekkjer til. Kanskje er dette eit uttrykk for at dialogen slik den framstår i dag ikkje er nok utvikla for å kunne handsame religiøse konfliktar av det kaliber Midtausten-konflikten er. Å vere usamde vert trekt fram som positivt. Men både i høve kven som skal få delta, og kva ein skal snakke om, opplevast dialogen som avgrensa. Kanskje er det eit uttrykk for at det er greitt å ikkje vere samde, så lenge skilnadane ikkje er for store?

Denne oppgåva har sett på interreligiøs dialog frå eit religionsvitenskapleg perspektiv. Som vist til tidlegare, har dette perspektivet i stor grad vore fråverande i den norske forskinga. Eg har peika på korleis aktørperspektivet i forskinga kan ha ført til fokus på dialog som konfliktførebyggjande. I oppgåva mi har det derimot kome fram at deltakarane kan ha mange andre årsaker til at dei ønskjer å delta i interreligiøs dialog. Eg vil difor argumentere for å i auka grad få fokus på interreligiøs dialog i religionsvitenskapleg forsking. Dette trur eg vil kunne føre til nye innsikter om interreligiøs dialog.

## Litteraturliste

- Beyer, P. (2014) Global Migration, Religious Diversity and Dialogue. I: Wolfram, W. et al. (red.) *Religions and Dialogue. International Approaches*. Münster, Waxmann, s. 49 – 62.
- Botvar, P. K. (2010) Endringer i nordmenns religiøse liv. I: Botvar, P. K. & Schmidt, U. (red.) *Religion i dagens Norge: Mellom sekularisering og sakralisering*. Oslo, Universitetsforlaget, s. 11–24.
- Botvar, P. K. & Urstad, S. S. (2012) *Tilstandsrapport for Den norske kirke 2012*. KIFO Notat, 4. Oslo, Stiftelsen kirkeforskning.
- Botvar, P. K. (2014) Unge i storbyen skeptiske til religion i det offentlige rom *Religion og livssyn, Religionslærerforeningens tidsskrift* (2), s. 49 – 56.
- Bremborg, A. D. (2014) Interviewing. I: Staussberg, M. & Engler, S. (red.) *The Routledge Handbook of Research Methods in the Study of Religion*. London, Routledge, s. 310 – 322.
- Bøe, B. & Arnesen, H. (2014) Å lære opp barn nøytralt er viktigere enn ytringsfriheten. *Vårt Land*, 13.10.2014 [Internett] Tilgjengeleg frå: <http://www.vl.no/samfunn/%C3%A5-l%C3%A5re-opp-barn-n%C3%B8ytralt-er-viktigere-enn-ytringsfriheten-1.274691>
- Cassanova, J. (2014) Secularisation, Religion and Multicultural Citizenship. I: Wolfram, W. et al. (red.) *Religions and Dialogue. International Approaches*. Münster, Waxmann, s. 21 – 32.
- Cornille, C. (2013) Conditions for Inter-Religious Dialogue. I: *The Wiley-Blackwell Companion to Inter-Religious Dialogue*. West Sussex, Wiley-Blackwell, s. 20 – 33.
- Dalen, M. (2011) *Intervju som forskningsmetode: en kvalitativ tilnærming*. 2. utgåve. Oslo, Universitetsforlaget.
- Davie, G. (2009) *Europe: The Exceptional Case: Parameters of Faith on the Modern World*. London, Darton, Longman & Todd Ltd.

Eidsvåg, I. (2009) Religion og livssynsdialog i Norge: Et historisk bakteppe. I: Stene, S. O., Eidsvåg, I. & Hareide, D. *Styrke i mangold? Om svakhet og styrke ved forskjellige typer religions- og livssynsdialoger i Norge de siste 20 år*, s.12 – 27.

Fonneland, T. A. (2006) Kvalitative metodar: Intervju og observasjon. I: Kraft, S. E. & Natvig, R. J. (red.) *Metode i religionsvitenskap*. Oslo, Pax Forlag A/S.

Furseth, I. & Repstad, P. (2003) *Innføring i religionssosiologi*. Oslo, Universitetsforlaget.

Furseth, I. (2014) Hijab street fashion og stil i Oslo. *Sosiologisk tidsskrift*. 22(1) s. 5–27 [Internett]  
Tilgjengeleg frå:

[http://www.idunn.no/file/pdf/64359212/hijab\\_street\\_fashion\\_og\\_stil\\_i\\_oslo.pdf](http://www.idunn.no/file/pdf/64359212/hijab_street_fashion_og_stil_i_oslo.pdf) [Lest: 24.04.2015]

Geen, R. G. (1995) *Human Motivation: A Social Psychological Approach*. Pacific Grove CA, Brooks/Cole Publishing Company.

Gilhus, I. S., & Mikalesson, L. (2001) *Nytt blikk på religion: Studiet av religion i dag*. Oslo, Pax Forlag A/S.

Goffman, E. (1986) *Stigma: Notes on the Management of Spoiled Identity*. New York, Simon & Schuster Inc.

Grung, A. H (2005) Begrepet dialog i Emmaus: Noen refleksjoner om bruken av begrepet på grunnlag av erfaringer i et flerreligiøst landskap. *Kirke og kultur* [Internett] (1) s. 87 – 94.  
Tilgjengeleg frå:

<https://www.uio.no/forskning/tverrfak/culcom/programmet/ansatte/grung/grung-begrepet-dialog-i-emmaus.pdf> [Lest: 01.05.2015].

Grung A. H (2010) *Gender Justice in Muslim-Christian Readings: Christian and Muslim Women in Norway Making Meaning of Texts from the Bible, the Koran and the Hadith*. Akademisk avhandling, Universitetet i Oslo.

Grung, A. H. & Leirvik, O. (2012) Religionsdialog, identitetspolitikk og kompleksitet. *Norsk antropologisk tidsskrift* [Internett] Vol. 23 (1) s. 76 – 84. Tilgjengeleg frå: <http://www.idunn.no/nat/2012/01/art02> [Lest: 28.04.2015].

Grønmo, S. (2004) *Samfunnsvitenskaplige metoder*. Oslo, Fagbokforlaget.

Hareide, D. (2009) Tros- og livssynssamtaler i Norge. Hvordan samtalere man sammen? Hvilken virkning har det hatt? I: Stene, S. O., Eidsvåg, I. & Hareide, D. (2009) *Styrke i mangfold. Om svakhet og styrke ved forskjellige typer religions- og livssynsdialoger i Norge de siste 20 år*, s. 28 – 41.

Helgesen, L. A. (2008) *Menneskets dimensjoner: Lærebok i psykologi*. Kristiansand, Høyskoleforlaget.

Iversen, L. L. (2012) Når religion blir identitet. *Kirke og kultur* [Internett] (3) s. 258 – 270. Tilgjengeleg frå: [http://www.idunn.no/kok/2012/03/naar\\_religion\\_bli\\_identitet](http://www.idunn.no/kok/2012/03/naar_religion_bli_identitet) [Lest: 01.05.2015].

Jacobsen, K. A. (2009) En flerreligiøs verden og religionsmangfoldet i Norge. I: Jacobsen, K. A. (red.) (2009) *Verdensreligioner i Norge*. 2. Utg. Oslo, Universitetsforlaget.

Justis- og beredskapsdepartementet (2014) Handlingsplan mot radikalisering og voldelig ekstremisme. Oslo, justis- og beredskapsdepartementet. Tilgjengeleg frå: [https://www.regjeringen.no/contentassets/6d84d5d6c6df47b38f5e2b989347fc49/handlingsplan-mot-radikalisering-og-voldelig-ekstremisme\\_2014.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/6d84d5d6c6df47b38f5e2b989347fc49/handlingsplan-mot-radikalisering-og-voldelig-ekstremisme_2014.pdf) [Lest: 02.05.2015].

Leirvik, O. (1996) *Religionsdialog på norsk*. Oslo, Pax Forlag A/S.

Leirvik, O. (2010) *Religionspluralisme: Mangfold, konflikt og dialog i Norge*. Oslo, Pax forlag A/S.

Leirvik, O. (2012a) Religionsdialog, sekularitet og eit felles forpliktande språk. I: Bangstad, S., Leirvik, O. & Plesner, I. T. (red.) *Sekularisme: med norske briller*. Oslo, Unipub, s. 7–24.

Leirvik, O. (2012b) Alliansebygging, maktkamp og dialog mellom religiøse leiarar. I: Døving, C. A. & Thorbjørnsrud, B. (red.). *Religiøse ledere: Makt og avmakt i norske trossamfunn*. Oslo, Universitetsforlaget, s. 216–228.

Leirvik, O. (2014) *Islam og kristendom: Konflikt og dialog*. 2. Utg. Oslo, Pax Forlag A/S.

Lindekleiv, H. M. (2015) Dialogen stanset etter dialogtur. Artikkel. *Vårt Land*, 27.03.2015. [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.vl.no/2.615/dialogen-stanset-etter-dialogtur-1.347631> Lest 22.04.2015.

Nagel A. K. & Kalender, M. (2014) The Many Faces of Dialogue: Driving Forces for Participating in Interreligious Activities. I: Wolfram, W. et al. (red.) *Religions and Dialogue. International Approaches*. Münster/New York, Waxmann, s. 85–98.

Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (2014) *Vanlige spørsmål* [Internett], Norsk samfunnsvitskapleg datateneste. Tilgjengeleg frå:  
[http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/vanlige\\_sporsmal.html](http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/vanlige_sporsmal.html) [Lest 03.04. 2015].

Oftestad, B. T., Rasmussen, T. & Schumacher, J. (2005) *Norsk kirkehistorie*. 3.utg. Oslo, Universitetsforlaget.

Ordnert (2015) *Underkaste* [Internett]. Tilgjengeleg frå:  
<http://www.ordnett.no/search?search=undertrykke&lang=no> [Lest: 13.04.2015].

Repstad, P (2010) I skjæringsfeltet mellom det offentlege og det private. I: (Botvar, P. K. & Schmidt, U. (red.) *Religion i dagens Norge: Mellom sekularisering og sakralisering*. Oslo, Universitetsforlaget, s. 95–108.

Roald, A. S. (2002) Religionsdialogiska perspektiv: En fallstudie av en dialoggrupp i södra Sverige. I: Stenmark, M. & Westerlund, D. *Polemikk eller dialog? Nutida religionsteologiska perspektiv bland kristna och muslimer*. Nora, Nya Doxa s. 83–97.

Samarbeidsrådet for tros og livssynssamfunn (2014) *Forsiden* [Internett] Tilgjengeleg frå: <http://www.trooglivssyn.no> [Lest: 22.09.2014].

Schmidt, U. (2010) Norge: et religiøst pluralistisk samfunn? I: Botvar, P. K. & Schmidt, U. (red.) *Religion i dagens Norge: Mellom sekularisering og sakralisering*. Oslo, Universitetsforlaget, s. 25–43.

Schoder, R. M. (2010) *Noe må man jo tilhøre: En undersøkelse av motivasjon bak medlemskap i Den norske kirke*. Akademisk avhandling, Universitetet i Bergen.

Skeie, G. & von der Lippe, M. (2009) Does Religion Matter to Young People in Norwegian Schools? I: Valk, P., et al. (red.) *Teenagers' Perspectives on the Role of Religion in their Lives, Schools and Societies: A European Quantitative Study*. Münster, Waxmann, s. 269–300.

Stausberg, M. & Engler, S. (2014) Introduction: Research methods in the study of religion(s). I: Stausberg, M. & Engler, M. (red.) *The Routledge Handbook of Research Methods in the Study of Religion*. London, Routledge, s. 3 – 20.

Stene, S. O. (2009). Spørreundersøkelsen: Bakgrunn og konklusjoner. I: Stene, S. O., Eidsvåg, I. & Hareide, D. (2009) *Styrke i mangfold. Om svakhet og styrke ved forskjellige typer religions- og livssynsdialoget i Norge de siste 20 år*, s. 3 – 12.

Sultan, S. (2012) Medlemskap i norske moskeer. I: Breistein, I. F. & Høeg, I. M. (red.) *Religionsstatistikk og medlemsforståelse*. Oslo, Akademika forlag, s. 165–180.

Taule, L. (07.03.2013) *Kirke- og religionsstatistikk i SSB: Hva forteller statistikkene om tro, religion og livssyn i Norge?* [Internett] Oslo, Statistisk sentralbyrå. Tilgjengeleg frå: <http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/hva-forteller-statistikkene-om-religion-tro-og-livssyn-i-norge> [Lest: 11.05.2015].

Taylor, C. (2007) *A Secular Age*. Cambridge, Harvard University Press.

Vassenden, A. & Andersson, M (2011) Whiteness, non-whiteness and 'faith information control': Religion among young people in Grønland, Oslo. *Ethnic and Racial Studies*, Vol 34 (4), s. 574–593.

Westerlund, D. (2002) Relationer mellan kristna och muslimer i olika studieperspektiv. I: Stenmark, M. & Westerlund, D. (red.) *Polemik eller dialog: Nutida religionsteologiska perspektiv bland kristna och muslimer*. Nora, Nya Doxa, s. 200 – 214.

## **Abstract**

The topic for this master's thesis is the use of organized interreligious dialogue among youths and young adults. The study is based on qualitative interviews with eight young people from different religious and philosophical associations, focusing on their experiences from participating in organised interreligious dialogue in Oslo, Norway. This thesis is tripartite: 1) it seeks to understand what motivates these young people to participate in the dialogue, 2) it wants to look into the participants' experiences from participating, 3) and it seeks to explore the challenges they experience with interreligious dialogue.

My material reveals five different reasons why people participate: Participation by chance, to be understood, to make contacts, as a terror-response, and as idealism. Many informants also use inter-religious dialogue as a response on a feeling of being stigmatised as religious in a secular society. This has been connected to Goffman's theory of the stigmatised.

The informants experience that openness towards others and their religious and philosophical associations is a condition for inter-religious participation. But this means, according to my informants, that the dialogue won't appeal to everyone. Introducing inter-religious dialogue in the schools will be a way to include youths who are not seen as open. The participants also experience that inter-religious dialogue can make oneself more secure in one's own faith. A goal in the dialogue is not to agree, but to learn more about each other and the different religions and philosophies. This has made many of the informants more aware of the existing variety both transversely and inwards in the various religions and philosophies.

The challenges they experience is both connected to more practical issues concerning carrying out the dialogue-meetings, representation (representing oneself or the religion one belongs to), and talking about issues which are experienced as difficult or complicated. Particularly is the conflict in the Middle East experienced as a difficult topic.

## Vedlegg 1: Temaguide

Litt personlege opplysingar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kan du fortelje litt om deg sjølv: religiøs bakgrunn, eventuelt anna engasjement på fritida (andre org. o.l.)?</li> </ul>
Møtet	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kva type aktivitetar har du vore med på?</li> <li>- Var det nokre aktivitetar du likte betre enn andre?</li> <li>- Er du med på å påverke kva som skal takast opp?</li> </ul>
Motivasjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kva er dialog for deg?</li> <li>- Korleis fekk du høyre om dette, og kva gjorde at du ville delta?</li> <li>- Føler du at dine mål samsvarer med andre sine mål?</li> </ul>
Konsekvensar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Har det påverka korleis du stiller deg til din religion eller livssyn?</li> <li>- Har det påverka korleis du stiller deg til andre sine religionar og livssyn?</li> <li>- Korleis har religionsdialog påverkingskraft utanfor det personlege planetet (samfunnet)?</li> </ul>
Mogleg konflikt	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Har du opplevd usemje på møte?</li> <li>- Opplever du at nokre tema er tabu å ta opp?</li> <li>- Kva respons har du møtt hjå andre (familie, vener, eige trusfellesskap etc.) ?</li> </ul>
Avslutningsvis	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Har du fått varig kontakt med nokon også utanfor dialogmøte?</li> <li>- Er dette noko du trur du kjem til å halde fram med også i framtida?</li> </ul>

## Vedlegg 2: Informasjonsskriv

# Førespurnad om å delta i forskingsprosjektet «religionsdialog blant norske ungdommar og unge vaksne»

Dette er ei masteroppgåve i religionsvitenskap ved Universitetet i Bergen. Oppgåva vil ha fokus på ungdom og unge vaksne i religionsdialog. Det blir tatt utgangspunkt i to religionsdialogorganisasjonar. Begge er for ungdommar og unge vaksne, og har eit tverreligiøst fokus. Målet med oppgåva er å undersøkje ungdommar sine haldningar til religion og dialog på tvers av religion og livssyn. For å få innblikk i dette ønskjer eg å intervju ungdommar og unge vaksne (mellom 15 og 40 år) som har delteke på ulike arrangement i regi av desse organisasjonane.

Som ein del av forskingsprosjektet vil det bli gjort deltagande observasjon av ulike arrangement i regi av desse organisasjonane. Eg vil også intervju eit utval av deltalarar, og sentrale personar i organisasjonane. Intervjuspørsmåla vil først og fremst dreie seg om deltakarane sin bruk av, motivasjon for, og refleksjonar rundt religionsdialog. Men prosjektet kan også ta opp andre relevante tema i tilknytting til dette. Data vert registrert i form av notat og lydopptak.

Alle personopplysingar i samband med dette prosjektet vil bli handsama konfidensielt. Dei som kjem til å ha tilgang til personopplysingane er underteikna og rettleiaren min, Marie von der Lippe. Det vil ikkje vere mogleg å gjenkjenne utsegner frå informantane mine, og alle namn vil bli erstatta med fiktive namn. Ein koplingsnøkkelen vil gjere at underteikna kan kople utsagn frå informantane opp mot den einskilde informanten. Denne koplingsnøkkelen bli lagra skild vekk frå andre data. Koplingsnøkkelen vert innlelåst, og berre underteikna vil ha tilgang til denne. Alle informantar vert anonymistert i oppgåva, og vert slik ikkje kjende att i publikasjon. Prosjektet vert etter planen avslutta 15.05.15, då dette er dato for innlevering av masteroppgåva.

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekke samtykket ditt utan å måtte grunngje dette.

Studien er meldt til Personvernombodet for forsking, Norsk samfunnsvitskapleg datateneste AS. Eg har tausheitsplikt, og alle opplysingar vil bli handsama konfidensielt.

Beste helsingar,  
Kjersti Siem

## **Samtykke til deltaking i studien**

Eg har motteke informasjon om studien, og er villig til å delta

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Eg samtykker til å delta i intervju